



DET HUMANISTISKE FAKULTET

MASTEROPPGAVE

Studieprogram:	Høstsemesteret, 2015
MHIMAS - Historiedidaktikk, masterstudium	Åpen
Forfatter: Berner Meling (signatur forfatter)
Veileder: David Wagner	
Tittel på masteroppgaven: <i>"Folløyvekkelsen" i Ryfylke. Ein analyse av verknader og konsekvensar.</i>	
Engelsk tittel: <i>"The Folløy- revival" in Ryfylke. An analysis of effects and consequences.</i>	
Emneord: Historiedidaktikk Religion Vekkelse Ryfylke Talgje	Sidetall: 113 Talgje, november 2015

Forord

Arbeidet med masteroppgåva har vore ein spennande og lærerik prosess, men og utfordrande. Det var ein omstilling for meg som pensjonert bonde å setja meg på skolebenken etter over 40 år med gardsarbeid. Likevel, åra på UIS har vore innhaldsrike, interessante og lærerike. Sjølv om det nå kjennest godt å vere ferdig med oppgåva er det samstundes vemodig å konstatere at ein epoke er over.

Takk til medstudentar og fagpersonar som har vore gode samtalepartnarar under studiet og ikkje gjeve meg kjensle av å vera eit gammalt fornminne. Eg vil retta ein særleg takk til David Wagner som har vore rettleiaren min. Takk for klare, gode og konstruktive tilbakemeldingar som motiverte meg i arbeidet. Elles vil eg takke Nils Olav Østrem for god hjelp til å kome i gang med skrivearbeidet.

Takk til Gry, dotter mi, som har tatt seg tid til å lese gjennom oppgåva og kome med oppmuntrande ord og innspel til forbetring av tekst, struktur og innhald.

Takk for hjelpa.

På heimebane er eg heldig som har ei tolmodig og god kone som har akseptert at til tider har eg vore i mi eiga verd. Du har støtta meg og vist forståing, sjølv om prioriteringane av og til burde vore annleis. Takk skal du ha Grete.

Berner Meling

Talgje, november 2015

Innhold

Forkortinger.....	5
Kapittel 1: Innleiing	6
Kva er vekking.....	6
Utgangspunkt og samanlikning med anna forsking på vekking.....	7
Problemstilling	8
Kjelder.....	9
Litteratur	10
Metode og struktur	12
Kapittel 2: Vekkinga kjem til Talgje.....	13
Mot ei ny tid.....	16
Kven var Sven Foldøen?.....	18
Sven Foldøen kjem til Talgje.....	18
Møta tek til.....	19
Johanna og Tomas Meling.....	20
Einar Schavland.....	21
Olaus Østebø.....	22
Ei vurdering av omvendingsopplevelinga.....	23
Foldøen reiste til Østhusvik	24
Kva kan nattverdsprotokollen bringe fram?.....	25
Oppsummering	27
Kapittel 3: Samfunn og kristenliv før vekkinga.....	29
Kvífor og korleis skjedde endringane?.....	29
Lokale utslag.....	30
Endringar på veg.....	31
Korleis var livet på Talgje?.....	33
Kyrkja si rolle på den tida.....	35
Reform av kyrkja sine ritual.....	36
Fenomenet Lars Oftedal (1838-1900).....	38

Kløyving av det kristne arbeidet.....	40
Opp takten til Det Norsk Lutherske Kinamisjons forbund (D.N.L.K.).....	41
D.N.L.K. blir fullført.....	43
Stavanger Krets.....	45
Oppsummering	45
Kapittel 4: Sven Foldøen.....	46
Oppveksten	47
Til Amerika.....	48
Heime att.....	51
Til Imsland.....	52
Tale og kommunikasjon.....	53
Forkynnaren.....	54
Forkynninga sitt religiøse innhold og sær preg.....	58
”Kom som du er”.....	58
Løysingsordet eller ”Å verta løyste”	59
Frelesesvisse = visse om å være frelst.....	62
Oppsummering	64
Kapittel 5: Vekkingsrørsla kjempar seg til fotfeste.....	65
Ulikt syn på frelse.....	66
Spenningsfeltet mellom gammal og ny kristendom.....	67
Identitetskjensle	69
Vekkinga i Finnøy sett frå presten sin ståstad.....	70
Korleis blei utviklinga på Talgje?.....	72
Opningsfesten på Talgje bedehus.....	75
Korleis kan ein registrere aukande skepsis mot prest og kyrkje på Talgje?.....	76
Kva med Fogn?.....	78
Korleis gjekk det på Finnøy?.....	81
Brev til kretsen og kretsen sin reaksjon.....	84
Kva gjorde Foldøen med brevet frå sokneprest Wettergren?.....	86

Oppsummering	88
Kapittel 6: Nye steg mot ”det alminnelige prestedømme”.....	89
Ei friare stilling i høve til kyrkja, første steget.....	90
Fri nattverd neste steg.....	90
Korleis oppstod nattverdsstriden lokalt i Finnøy?.....	92
Stifting av nattverdsforeining påTalgje.....	92
Heimedåp blei det tredje steget.....	93
Foldøen kjenner presset.....	95
Sven Foldøen kjem tilbake.....	96
Overgang frå gamalt til nytt.....	97
Ny prest og nytt møte med heimemiljøet.....	98
Talgjebuen skal hjelpe til med å audmjuke presten.....	101
Nye tonar i forkynninga.....	102
Oppsummering.	104
Kapittel 7: Konklusjon.....	106
Vekkinga sitt særmerke på Talgje.....	106
Konfliktane på Finnøy.....	107
Det var annleis på Fogn.....	108
Vekkinga sitt særpreg generelt.....	108
Litteratur.....	111

Forkortinger

N.L.K.F. – Norsk Luthersk Kinamisjonsforbund. Blei mest omtala som *Kinamisjonen*
namnet vart endra til: →

NLM – Norsk Luthersk Misjonssamband

NMS – Det Norske Misjonsselskap

DVI – Det Vestlandske Indremisjonsselskap

SAS – Statsarkivet i Stavanger

Kapittel 1: Innleiing

Denne oppgåva vil handle om lekemannskristendommen i Ryfylke, og om årsaker til korleis den vaks fram som fylge av ei religiøs vekking som braut fram ved begynninga av 1900-talet. Ei av årsakene til valet av dette temaet var at eg ynskte å skrive ei oppgåve som har stor lokalhistorisk interesse for meg. Eg er sjølv ryfylking, frå øya Talgje i Finnøy kommune, og kjenner miljøet og kulturen som reiv med seg og omforma livsstil og tenkjemåte. Slik at då vekkingsbylgja la seg, måtte det mentale kartet tilførast nye forklaringssymbol.

Kanskje nokon den dag i dag vil stusse ved å nemne lekmannsrørsla saman med ordet kultur. Bare namnet kultur kan få fram assosiasjonar hos enkelte om noko verdsleg og mindreverdig. Dette særdraget understrekar at orda sin verdi er avhengig av kva briller ein ser dei gjennom. Ryfylke var heller ikkje åleine om religiøse vekkingar. Dei braut fram mange stader på denne tida. Men det er den bylgja som trefte Ryfylke eg vil konsentrere meg om, særleg om det som hende i gamle Finnøy kommune og brukta Talgje som eit lokalt eksempel. Lokal informasjon frå dette vesle samfunnet kan nyttast som relevant samanlikningsgrunnlag for lettare å forstå kva som rørte seg i heile regionen.

På folkemunne er denne vekkinga i Ryfylke kalla ”Folløyvekkelsen” etter den særmerkte emissären Sven Foldøen. Han tok til å arbeide for den radikale lekmannsorganisasjonen Kinamisjonen i 1903, og makta å setje sitt preg på heile bygdelen. Historier om Foldøen kan endå høyrast og enkelte har framleis eit forhold til han, anten av negativ eller positiv valør, sjølv om det er over 60 år sidan han døydde. Men uansett kva personleg forhold ein har til vekkinga og vekkingsrørsla er ho ein del av den kollektive arven vår.

Kva er vekking

Enkelte ord som eg vil nytta i oppgåva treng ei forklaring og eit av desse er ordet vekking. I kristeleg språkbruk er vekking knytt til ei religiøs omvending. ”*Ei vekking er ein prosess der ein heller stor flokk menneske nokolunde samtidig opplever ei omvending som gir ny meinings i tilværet.*”¹ Slik har vekkinga ikkje berre ein individuell, men også ein sterk kollektiv dimensjon. Alt frå Pontoppidan si katekismeforklaring lærte konfirmantane at det ikkje var

¹ Seland 2008:15

nok å vere døypt, men dei måtte gjennom ei religiøs omvending. Steg for steg fylgte ein *Saliggjørelsens Orden* som gjorde det syndige mennesket verdig for Guds nåde.²

Den angloamerikanske nyevangelismen med utspring i reformert miljø, fekk gjennomslag i norske vekkingsrørsler mot slutten av 1800-talet. Her fekk retninga namnet etter den svenske predikanten C.O. Rosenius og er kjend som *rosenianismen*. Med slagordet ”Kom som du er – du kan bli frelst i dag,” opna denne enkle bodskapen for den nye omvendingskristendommen som tok form frå om lag 1870 og utover.³

Det var lekfolk som stod bak vekkingsrørlene og ofte førte dei til spenningar og konfliktar med kyrkja og tradisjonelle kristne som samarbeidde med kyrkja. Eg vil prøve å finne ut kva som gjorde at konfliktar oppstod, kva konsekvensar desse konfliktane fekk for kristenliv og bygdemiljø, og kvifor spenningane som oppstod blei så store og djuptgripande.

Utgangspunkt og samanlikning med anna forsking på vekking

Når vekking fører til ei livsendring og ny mening med livet, kva krefter ligg så bak ei slik endring av tilværet? ”Vekkelsen er kirkens plogspiss”, skriv Godvin Ousland.⁴ Formålet med å pløye er å lage åker for ny vekst. Han utviklar metaforen vidare med plogen sin tilspissing som viktig faktor for å skjære gjennom ny og gammal mark.

Eg vil granske om vekkinga kom samstundes som kyrkja ikkje lenger makta å vere det limet som skulle halde samfunnet saman. Og om den tilvante religionsutøvinga ikkje lenger var i samsvar med folk sin oppfatning og livssituasjon. I eit forskingsprosjekt om religiøsitet og vekking på Agder fann Bjørn Slettan at når nedarva normer blir brotne grip folk etter nye haldepunkt i tilværet. ”En tilstand av normforvirring (anomi) inntrer.”⁵ Mange følte at eit trygt og udiskutabelt grunnlag var i ferd med å svikta og var på leit etter sikrare grunn, – då kom vekkinga.

Eit spørsmål er om det rådde ein åndeleg lengsel på Talgje, og om kyrkja greidde å gje eit tilfredsstillande svar. Eller sleit ho med å forstå, tolke og kommunisere samfunnsendringane, og forsette i gammalt spor i angst for ”tidsånden?” Stabilitet står mot forandring, og begge syn hentar støtte frå Guds ord. Sambandet med USA var nært i Ryfylke, og frå Amerika strøymde nye religiøse idear på. Desse hadde stort sett opphav i reformert konfesjon og møtte

² Seland 2008:16

³ Seland 2008:16

⁴ Ousland 1978:9

⁵ Slettan 1978:85

skepsis i tradisjonelle kristne miljø. Dessutan fann den svenske rosenianske retninga klangbotn i den ryfylske mentaliteten. Til saman utgjorde dette krefter som utfordra den tradisjonelle ortodokse lutherske konfesjonen. Bjørg Seland si forsking om liknande vekking på Sørlandet konkluderte med at pietismen sine krav om levesett og tru framleis skulle gjelde, men ein lang og tung omvendingsprosess trong ikkje lenger den vakte plagast med.⁶ Den vakte kunne omvenda seg her og nå, og ta imot frelsa.

Eg har alltid hørt at årsaka til at det kvasse skiljet som oppsto om å vere ”innanfor eller utanfor” bygde på bibelorda frå Matt 12,30 om at den som ikkje er med meg, er imot meg. Altså fanst ingen nøytral grunn, overtramp i forkynninga kunne forklara med omsorg for den ufrelste og for å vekkje til nytt liv. Derimot høyrdes sjeldan dei same orda frå Markus sin versjon: Den som ikkje er mot oss, er med oss.⁷

Foldøen sine stadig tilbakevendande ord ”du er fri”, fekk og ein dobbelt kommuniserande effekt. Orda siktar nok til dei religiøse kjenslene, men gav samtidig eit streif av lys for sosial bevisstgjering og mental kraft til å hevje identiteten for ”vanlege” folk. Vekkingsforskinga frå Sørlandet syner at ungdommen var dei mest aktive aktørane. Dei synte – som vanleg – størst vilje til å gå føre med å skape eit nytt livsmønster i det evige spenningsfeltet mellom tradisjon og nytenking. Materialet mitt frå Ryfylke inneheld også opplysingar om eit generasjonsskilje.

Problemstilling

Vekkingskristendomen utdjupar religionsforskaren Olaf Aagedal vidare som ein overgang frå ein sakralment til ein subjektiv omvendingskristendom. Sakramenta var dei synlege teikna på Guds nådehandling, og presten og kyrkja var sett til å lære folk Guds vilje og formidle sakramenta. Opp mot dette synet vaks ein ny subjektiv religiøsitet fram, som i følgje Aagedal synte seg ved eit avgjerande brot i livet, ei personleg omvending, som gav del i nåden. Denne kristendomsforma skulle ikkje oppheve sakramenta, men hevda at sakramenta er utan verknad som objektivt frelseskriterium dersom dei ikkje er knytt til enkeltmennesket si personlege tru.⁸ Vekkingsrørsla frykta at sakramenta kunne føre til ein sløv og overflatisk vanekristendom.⁹

⁶ Seland 2008:16

⁷ Mark 9,40

⁸ Aagedal 2003:33

⁹ Frå Carl Fredrik Wisløff si oversetting og innleiing av *Luthers Katekismer* 1979 side 148: ”Skatten er åpnet og lagt ved hver manns dør, ja den er lagt på bordet. Men det hører også med at du tar det til deg og holder det for visst og sant.”

Denne presentasjonen av lekmannskristendommen leiar så fram til hovudproblemstillinga som eg har valt å formulere slik:

Årsaker til at den organiserte lekmannskristendommen i Ryfylke vaks fram, og fylgjene den fekk – med øya Talgje som eit lokalt eksempel.

Det lokale eksemplet inneheld ei grundigare punktundersøking av eit lite geografisk område som kan gi representativ informasjon for eit større område. Dessutan har eg to forskings-spørsmål som skal spisse hovudproblemstillinga. Tyngdepunktet i trua blei flytta bort frå ”gjenførelsens” sakrament, dåpen, til omvendinga og den subjektive oppleving av denne hendinga. I tillegg blei og grensene mellom dei frelse og ufrelste dregne opp, om kven som var innanfor eller stod utanfor, etter rørsla sin normative definisjon.

Kva vil det seie å vere innanfor og korleis kunne den frelse objektivt vite om han/ho var på rett side ?

Dei som var innanfor og høyrd til lekmannskristendommen hadde ikkje bare omvendt seg frå eit verdsleg liv, men og tatt avstand frå mykje av det kyrkja og dei ”gamle” kristne stod for.

Korleis skulle så det nye livet levast for at omvendinga skulle synast og kva nytt måtte ein tru, meine og gjere for å høyre til vekkingsfolket ?

Kjelder

Kjelder er eit materiale for tolking. Ideelt sett skulle historieskriving vere ei objektiv framstilling av kjeldematerialet. Men uansett intensjon er det mine subjektive val som avgjer kva data eg utelet, nyttar meg av eller korleis eg tolkar dei. Ein annan vil kanskje sjå verdi i opplysingar som eg ikkje fann relevante nok og la bort, eller såg ikkje opplysingane som eg vil bruka verdifulle nok. Derfor skal eg ikkje påstå å vere nøytral eller hevde å skrive nøyaktig slik det var.¹⁰ ”Historikeren er sjøl historisk og sosialt plassert.”¹¹ Men likevel: Intensjonen min er etter beste evne å hente ut den meining som kjeldene gjev innsikt i.

I oppgåva har eg stort sett valt å nytte skriftlege kjelder både normative og deskriptive. Dei normative kjeldene fortel om korleis ting skal eller bør være, medan deskriptive er skildrande og fortel om noko som var, er eller kjem. Av kjeldematerial har eg mellom anna nytta Finnøy

¹⁰ Leopold von Ranke sin ”beskjedne” historiske ambisjon frå 1824: *wie es eigentlich gewesen, ”bare” fortelje korleis det eigentleg var*

¹¹ Kjeldstadli 2010:60

prestegjeld sitt arkiv som eg delvis har henta direkte frå Statsarkivet i Stavanger, S.A.S., eller elektronisk frå Digitalarkivet.¹² Dessutan har gransking av nattverdsprotokollen for Talgje kyrkje vore til stor hjelp for å forstå og gje auka innsikt.¹³ Arkivet er ei primærkjelde som inneholder ei blanding av deskriptive statistiske opplysingar, frå tal på nattverdsgjester til presten sine vurderingar av vekkingsfenomenet.

Det er skrive ei rad av bøker om dette emnet. Mange opplysingar kan hentast ut frå jubileumsskrift, biografiar og minneskrift frå foreiningar og organisasjonar som står vekkingsrørsla nær eller er ein direkte fylgje av denne. Desse kjeldene har eit normativt mål om å framheve eigne målsetjingar som ideelle. Anna litteratur eg har nytta meg av har ein meir generell religionsvitenskapelig karakter utan å vise til ei bestemt vekking, eller ser på lekmannskristendommen generelt, og i eit større perspektiv enn bare Ryfylke.

Avisene hadde stort fokus på det religiøse livet og om religion generelt. Eg har nytta Stavanger Aftenblad som kjelde sidan avisas også den gong var ei stor regionsavis. Heile avisas sitt arkiv av empirisk materiale er elektronisk tilgjengelege på internett, og arbeidet med å hente fram artiklar er praktisk og lett å gjennomføre. Der andre har vist til, eller sitert frå avisartiklar, kan heile artiklane hentast fram og lesast med enkle tastetrykk. Avisartiklane er for det meste lesarbrev som til ei viss grad nyanserer og utfyller framstillinga som kjem fram i seinare bøker. Det var to andre lokale aviser på denne tida, *Vestlandsposten* og *Stavangeren*, som sikkert inneholder mykje interessant stoff, men desse har eg ikkje hatt høve til å gå gjennom.

Litteratur

Kontrasten i litteraturen og oppfatninga av denne er store. Her er bøker som ukritisk ser vekkingsrørsla som eit resultat av Guds handling.¹⁴ I opplysingar frå Finnøy prestearkiv fortel ein prest om behandlinga han fekk, og om korleis han blei ”ulykkelig isolert” då han prøvde ”å tjene Herren”. Arkivmaterialet inneholder opplysingar frå vekkingstida som, så langt eg veit, aldri før er publisert før eller nytta som dokumentasjon i nokon analyse, eller bidrag til å forklare hendingar som fann stad i denne perioden.

¹² http://www.arkiverket.no/URN:kb_read

¹³ Kommunikant protokoll Talgø kirke 1859 -X, den er framleis i bruk. Protokollen inneholder ikkje bare tal på altergjester, men heilt fram til 1951 blei alle som gjekk til nattverd ført inn med namn. I eit lite oversiktlig sokn er det såleis enkelt å fylgje og kontrollere folk og slekter sitt forhold til kyrkja.

¹⁴ Her siktar eg mest til *Sven Foldøen ”Ryfylkebispen”*, av Josef Tungland

Det er særleg to bøker eg har nytta mykje og har mange tilvisingar frå. Bøkene inneheld ei mengd med opplysingar om personar og hendingar frå Ryfylke, men vurderingane er sterkt farga av forfattarane sine ynskje om å markere Kinamisjonen positivt og samtidig framstille eigne oppfatningar som nøytral forteljing om ”korleis det var”. Jubileumsboka¹⁵ for Stavanger krets av Misjonssambandet (tidlegare Kinamisjonen) si 50- års markering, *Kristenliv i Rogaland* av Jakob Straume, er ganske treffande i så måte. Bare den pretensiøse boktittelen kan skape tru om at innhaldet må vere noko langt større enn ein presentasjon av eige arbeid. Likevel er boka rik på forteljingar frå dei mange bygdene i Ryfylke, og gjev fleire interessante synspunkt og innblikk frå den sida som representerte vekkinga.

Den andre eg vil nemne særskilt er Josef Tungland si bok *Sven Foldøen ”Ryfylkebispen”*. Boka er ingen biografi skriv han i føreordet, men eit minneskrift. Boka kom ut i 1978, 100 år etter Foldøen blei født, 75 år etter han tok til som emissær og 25 år etter han døydde i 1953. Her er ei mengd opplysingar og detaljer fortalt av folk med kjennskap til emnet som er omhandla. På same vis som hos Straume er det vektlegginga av rørsla sine gode hensikter, men som dessverre langt frå alltid blei møtt med rett skjønsemd, forståing og rett ånd.

Oscar Handeland har i bøkene *Vårloysing* i tre bind, samla opplysingar som handlar om vekkingar både generelt og lokalt. Det same kan ein seia om boka *D.N.L.K. gjennom 50 år*, som han skreiv på oppdrag for hovudstyret. Bøkene gjev verdifull informasjon for å forstå Kinamisjonen sin historiske og ideologiske bakgrunn og korleis denne organisasjonen skilde seg frå andre lekmannsorganisasjonar i samtida.

Emil Birkeli skreiv jubileumsboka *Liv i vekst* til Stavanger krets av NMS sitt 100-års jubileum i 1946. her blir dei ”gamle” kristne omtala i heilt andre og meir positive tonar enn hos Kinamisjonen. Dei ymse bygdene er presentert av ein lokal skribent som omtalar det kristne arbeidet på staden. Frå Fogn skriv Andreas Selvåg (1866 -1952) om dei kjære kristne han minnest frå unge år og avsluttar slik: ”(...). Slik var det i min ungdom og ungdomstid med misjon på Fogn, inntil Kinaforbundet fikk fotfeste hos oss. (...) etter den tid er her blitt så mange slags forandringar på det religiøse området, at jeg for min del har lite lyst å tale derom.”

¹⁵ Boka var opphaveleg meint som eit festskrift til kretsen sitt 50-års jubileum i 1950, men tidsplanen blei for stram, og boka kom ikkje ut før i 1956. ”(...) og då var det klårt at det var ei soge eg måtte skrive”, skriv forfattaren, Jakob Straume, i føreordet

Boka til Olav Golf med undertittel *Folløytida i Ryfylke* kom ut så seint som i 2002. Boka er ei skildring av personen Sven Foldøen, og om tida og miljøet han virka i. Lunde Forlag møtte motbør då dei ville prenta boka. Forlaget spurde då om det var feil i innhaldet av boka. Svaret var nei, men det fanst opplysningar i boka som kunne skade minnet om Foldøen og setje flekkar på glansbiletet av han.¹⁶ Dette stadfestar at framleis er kjenslene sterke og det er ikkje problemlaust å ”bare skrive slik som det var.” Elles vil eg vise til litteraturlista over anna litteratur som er nyttå i oppgåva.

Metode og struktur

Oppgåva er delt inn i sju kapittel. Hovuddelen er kapitela 2-6, medan kapitel 7 er konklusjon. Med kvantitative teknikkar er det mogeleg å måle og telje. Slik kan talet på altergjester registrerast og målast over tid. Eller det let seg undersøkje kor mykje offergåver foreiningar og lag samla inn. Ja, det finst faktisk og tal for kor mange som blei omvende på enkelte vekkingsmøte. Mykje kan avdekkast med kvantitative metodar, men ”det er tull å telle det som ikkje telles kan”, skriv Kjelstadli.¹⁷

Tru er vanskeleg både å telje og måle, men likevel er trua merkbar der ho får verke. Gjennom ein kvalitativ metode kan noko av dette fangast opp. Til dømes aukar lesarinnlegga i avisene i ein samvariasjon med intensiteten av vekkingsmøta, og innlegg og motinnlegg får fram store kjensler. Grove framsette skuldingar blir ofte ikkje tilbakeviste, men årsaksforklarte og dermed bekrefta at desse orda er likevel uttalte. Ein slik hermeneutisk tilnærming inneber å fortolke kjeldematerialet, samanlikne og leite etter parallellear som kan få brikkene til å falle på plass. Eksemplet med Talgje er lokalhistorie og kan knytast til mikrohistorie. Resultata kan brukast komparativt til å samanlikna, tolka og overføra fenomen og hendingar frå ein stad til ein annan.

Kapittel 2 handlar om då vekkinga kom til Talgje. I kapitlet går eg detaljert ned på individnivå for å visa korleis vekkinga rørte ved enkeltpersonar og korleis reaksjonane var. Eg har peika på samfunnstilhøve og sosiale forhold som styrde kvardagslivet før vekkinga kom og korleis folk på øya tok imot vekkingspredikanten Sven Foldøen. Elles viser kapittelet kva nytt han kom med, kva han såg som galt med den gamle trua og korleis han verva folk for sin organisasjon.

¹⁶ Opplysingane blei gjeve meg i samtale med dåverande forlagssjef Asbjørn Kvalbein

¹⁷ Kjelstadli 2010:242

Kapittel 3 er eit bakgrunnskapittel som tek for seg samfunn og kristenliv generelt. Her prøver eg å vise korleis den individuelle kristendommen vaks fram som konsekvens av Hans Nilsen Hauge si forkynnarverksem. Korleis opphevinga av konventikkelplakaten var årsak, og førte til at organisasjonsbygging og demokratiske rettar etter kvart vann fram på 1800-talet.

Samfunnsengasjementet fremja framveksten av ei ny identitetskjensle og til ei personleg kristentru. Kapittelet handlar om etableringa av Kinamisjonen og korleis ein ny generasjon, bevisst på sin eigen identitet, tok ansvar for eigne val og kjempa ned restar av den gamle religiøse og sosiale livsforma.

Kapittel 4 er om Sven Foldøen. Erfaringa hans frå kristenlivet i Amerika, der ingen prest var staten sin embetsmann, tiltalte han. Lekfolk med impulsar av reformert kristendom gav han ei ny innsikt som kom til å prega teologien hans. Eiga omvending og omvendingsoppleveling gav sikrare frelsesvisse enn tillit til sakamenta. Denne teologien kom til å prega forkynninga hans. Saman med ein karismatisk og serprega personlegdom, kjentes framferda hans ekte og fann klangbotn i ryfylkingane sin mentalitet.

Kapittel 5 set fokus på korleis vekkingsrørsla kjempar seg til fotfeste og vinn fram med krav om fri religionsutøving utan kyrkjeleg dominans. Kampen var hard og ut frå synet om å forkynne bodskapen om nestekjærleik og hjartelag, er det ikkje alltid like lett å sjå den kristne omtanken for sine medmenneske i behandlinga av meiningsmotstandarar. Kapitlet tek for seg tida mellom 1905 og 1910.

Kapittel 6 handlar i hovudsak om perioden frå 1910 til 1920, men noko eldre stoff er fletta inn for samanhangen si skuld. Strategiar og metodar for å behalde hegemoniet over den tilkjempa samfunnsdiskursen måtte endrast, ei ny tid braut fram. Gamle problemstillingar eksisterer ikkje lenger, presten si makt var redusert, gamle svar og gammal retorikk mister meinings. Vekkingsappellen etter gamle skjema med hovudvekta på frykt og evig straffedom blei ikkje lenger så dominerande. Bodskapen om ein kjærleg Gud får større innpass i forkynninga etter at presten er ”avvæpna”.

Kapittel 2: Vekkinga kjem til Talgje

Vekkinga kom til Talgje i 1906, ei lita øy i Finnøy kommune, som den gong hadde om lag 120 innbyggjarar. Talgje var, då som nå, eige sokn under Finnøy prestegjeld. Den gongen var det ofte lettare å ferdast på sjøen enn på land og derfor var det naturleg at søre delen av øya

Fogn, og nokre gardar på Hanasand i Rennesøy høyrde til Talgje. I heile sokna budde om lag 250 innbyggjarar med den gamle mellomalderkyrkja på Talgje som soknekyrkje.

I kyrkja var det gudsteneste tredje kvar søndag og folk møtte fram. Presten heitte Fredrik Wettergren, var født i 1848, og kom som sokneprest til Finnøy i 1884.¹⁸ Opplysingar mellom anna frå presten si dagbok tyder ikkje på at han mangla tillit på eit personleg plan.¹⁹ Liturgien var på den tida tradisjonsbunden, forkynninga mangla appell og folk gjekk ofte til kyrkja av gammal vane. Som ei motvekt til det tradisjonelle kom ein ny liturgireform i 1887,²⁰ med inspirasjon frå misjonsorganisasjonar og frå kristent lekmannshald.

Frå 1890-talet syner nattverdsprotokollen på Talgje²¹ at altergangen gjekk sterkt tilbake. Situasjonen på Talgje samsvarer med utviklinga som gjekk over store deler av landet.²² Det skjedde store politiske endringar i samfunnet mot slutten av 1800-talet. Det politiske miljøet blei delt i parti, fleire demokratiske rettar kom og kongen måtte godta folkestyre i 1884. Skolegangen blei betre, tilgangen på informasjon lettare og folk fatta eit håp om betre tider både sosialt og økonomisk, og då hundreåret slutta var landet ein moderne folkestyrt stat.²³

Trass visse justeringar deltok kyrkja lenge ikkje aktivt nok i samfunnsendringane, noko som førte til missnøye. Typisk nok var det ungdommen som reagerte. På Talgje er fråværet av altergang hos ungdomsgruppa ein indikator på at ei haldningsendring hadde funne stad.²⁴ I ei tid kor så mykje nytt braut fram og demokratiske rettar blei aksepterte, undrast nok dei unge på om kyrkja hadde det rette svaret.

Kunne staten sin embetsmann vere rett mann til å avgjere om folk levde eit rett liv med Gud? Den gamle kollektive kyrkjefellesskapen med dåp og nattverd som limet for fellesskapen var i ferd med å misse si kraft. I denne fellesskapen hadde presten hatt ei sentral rolle både som statleg embetsmann og som kyrkjeleg embetsberar. Etter kvart blei Haugerørsla ei mektig kraft over heile landet som kyrkja måtte ta omsyn til.²⁵ Hans Nilsen Hauge fekk sitt religiøse gjennombrot 25 år gammal i 1796. Deretter reiste han rundt i heile Noreg og forkynte.

¹⁸ Finnøy herad i hundre år. side 67

¹⁹ SAS Ministralsbok Finnøy(Hesby) Prestearkiv 1891-1910 dagregister (dagbok) side 229

²⁰ Stensvold 2005:360

²¹ Kommunikantprotokoll Talgø sogn 1859 - x

²² Stensvold 2005:364 i: *Norges religionshistorie* (Arne Bugge Amundsen red.)

²³ Stensvold 2005:356

²⁴ I Kommunikantprotokollen er alle nattverdsgjestene skrivne opp med namn.

²⁵ Astås 2010:306

Hauge la vekt på omvendinga i kristendomsforkynninga si. Han forkynte med kraft at tru utan gjerningar er død tru og aksentuerte sterkt lova sin betyding. Læreskriftene hans er polemiske mot prestane si forkynning, men han ville vera ortodoks luthersk. Prestane forsto han ikkje og behandla han därleg, likevel blei han ein trugen tilhengar av kyrkja. Hauge åtvara vennene sine mot separatisme og ville at dei skulle halda fram med å gå i kyrkja og ta imot sakramenta.

Etter kvart fann dei gamle haugianarane ei felles plattform med prestane. Mange prestar meinte dessutan at haugianismen hadde lagt noko av ekstremismen bak seg i ein mindre provoserande retning, og ved å samarbeide styrkte begge partar sin maktposisjon.²⁶ Ein slik karakteristikk kan passa, men dei nye impulsane blei innordna i etablerte kategoriar, forankra i tradisjonell fortolking og gammal tenkjemåte. Det oppstod frykt og eit spenningsforhold mot dei nye trekka i samfunnsutviklinga.

Talgje hadde ikkje noko haugiansk miljø. Det einaste som kan ha vore eit korrektiv til presten si forkynning var eventuelt *Talgø sogn misjonsforeining*, ein misjonsforeining for NMS som Talgje hadde i lag med Sør-Fogn.²⁷ Teodor Hovda var formann i ein mannsalder, men sidan han budde på Fogn var det ei avgrensa makt han hadde på Talgje. Foreininga var eit kontaktpunkt mellom NMS, kyrkja og misjonsarbeid blant heidningane. NMS var og eit eksempel på ein demokratisk vald og oppbygd organisasjon ,og eit mønster som andre seinare drog nytte av.

Det var foreningsarbeid både på Fogn og Finnøy, og talgjebuen var orienterte om kva som skjedde i miljøet omkring. Interessa med å danna lag og organisasjoner for å fremje bestemte føremål stod sterkt på denne tida. ”Associationsanden”²⁸ blei fenomenet kalla, og kom som eit resultat av ein aukande individualisme i kombinasjon med å stå saman. Organisert frivillig lagsarbeid gav grobotn både for nye idear og tok vare på dei tradisjonelle verdiane frå det gamle gardsfellesskapet gjennom meir demokratiske ordningar.

Eit politisk engasjement som opna for folkestyre var innføringa av formannskapslova i 1837.²⁹ Det var gjennom lokalt engasjement at Talgje fekk sin eigen skole i 1869.³⁰ Vidare

²⁶ Svein Ivar Langhelle 2006:121 i: *Vestlandets Historie Kultur* bind 3

²⁷ Birkeli1946:373-374

²⁸ Hans Try 1986:15 *Bedehuset* i: Olaf Aagedal

²⁹ Frå ”Finnøy herad hundre år.” 1937: 7: Lov om formannskap på landet av 14. januar1837 §1, fastsette at det skulle veljast formannskap for kvart prestegjeld på landet (...) ”af og iblandt de i Mandtallet over Stemmeberettige efter Grundlovens § 51 indførte.” (...) § 21”At bistaa Øvrigheden med Oplysninger og Betenkninger vedk. Kommune

blei skolen, gjennom formidling av kunnskap og folkeopplysing, ei årsak til betre å tolke og bedømme samfunnet dei var ein del av. Politisk engasjement, ei rivande utvikling innan jordbruk og samferdsel, samt interesse for heidningmisjonen og innsats mot sosial urettferd tvinga i seg sjølv fram nye måtar å tenkje og løyse samfunnsoppgåver på.³⁰

Sjølv om det er vanskeleg å peike konkret på noko sosial uro eller misnøye på Talgje er det likevel interessant å konstatere at tilslutninga om vekkinga var markert størst mellom dei unge. Josef Tungland skriv at ei sjølvhevdningstrong frå bonden mot presten gjorde seg gjeldande, men legg mest vekt på at det var ei gamal og ei ny kristendomsform som møttes.³¹ Derfor danna det seg eit motsetningsforhold mellom yngre og eldre. Likevel er det er ikkje feil å ana konturar av ei generasjonsmotsetning.

Mot ei ny tid

Religionsundervising var framleis viktigaste faget på skolen. Folk på Talgje gjekk regelmessig i kyrkja, husandakt i heimen var alminneleg og folk levde eit tradisjonelt og trygt religiøst liv.³² Talgebuen var solid rotfesta i ein oppdragingskristendom, trua oglivet var knytt saman. ”(...) og i Troen paa en Gud og et Liv hinsides graven gaar man med Taalmod den uforudseende Fremtid imøde.”³³ Likevel er tida før vekkinga omtala og framstilla som mørk når temaet vert tatt fram. I ettertid kan det vere grunn til å spørje kvifor det var så opplagt at dei gammaltruande mangla liv i Gud.

I den lutherske lære er dåpen det synlege nådeteiknet frå Gud for å få inngang til det kristne livet. Nattverden er ei nådehandling frå Gud om syndenes forlating, og mottakinga av brød og vin det synlege teiknet på denne nåden. Denne sakramentale kristendomsforma blei formidla av presten og den enkelte si frelse var avhengig av kyrkja som formidlar. I dette systemet hadde presten ei dobbelt rolle, både som religiøs leiar og staten sin embetsmann.³⁴ Etter kvart førte den subjektive religiøsiteten til motstand mot denne gamle ordninga.

”Embetspresten” som bare forvaltet statens religion ble etter hvert en umulighet, ”vekkingspresten” et ideal som bare delvis lot seg realisere.³⁵

³⁰ Finnøy herad 1937:19 Lokal nemnd blei valt med Einar Schavland som formann

³¹ Tungland 1978:133

³² Rasmus Knutsen Gaard i si gardshistorie frå 1969, om Gaard i Sør-Talgje

³³ Rasmus Knutsen Gaard 1869:133

³⁴ Aagedal 2003:32

³⁵ Bugge Amundsen 2005:316

Den personlege trua blei tillagt ei aukande betyding og førte til endring av kyrkja sin liturgi. Uro om dette skapte debatt, også i kyrkjelyden på Talgje. I dette spenningsfeltet levde folk på Talgje. Særleg dei unge gjekk ikkje til nattverd fordi dei tvila på om dei var verdige nok. Anne Stensvold skriv at etter den nye liturgien (1889) blei nattverden framstilla som ei personleg vedkjenning. ”Uverdige” nattverdsgjester blei oppfordra til å halde seg borte.³⁶ Krava til moralsk livsførsel i ei pietistisk ånd innanfor kyrkjefellesskapet gjorde folk usikre, også presten si opphøgde rolle kom i eit nytt lys, for han blei vurdert etter same målestokk.

Dette betyr ikkje at folk vende seg bort frå religion og kristen tru, men dei blei usikre på kva det ville seie å vere truande. Det var i denne situasjonen ei ny vekkingsbylgje reiste seg og slo med særleg stor kraft innover Ryfylke. Den hadde og ein organisatorisk bakgrunn i det nye Kinamisjons forbundet, der Stavanger Krets blei oppretta i året 1900. Organisasjonen hadde ein klar lekmannsprofil som snart førte til usemje med kyrkja, men og med haugerørsla. Dei ”gamle” som desse blei kalla, var altfor lojale mot kyrkja, og deira teologiske vektlegging på lov og gjerningar blei eit stridstema. Men det var først då Sven Foldøen kom at frontane blei så kvasse.

Sjølv om det var få som gjekk til nattverd før vekkinga og fleire var usikre på si kristne tru, er det feil å hevde at det rådde ei åndelig likesæle på Talgje før vekkinga. Tvert imot. Kvifor blei då Sven Foldøen invitert? Korleis kunne alle tilreisande som var i lag med Foldøen, fordelast og innkvarterast i dei ulike heimane på øya, med mat og overnatting, utan at mange var involvert i planlegginga? Kyrkja var dessutan fullsett, og det var folk både frå Rennesøy og Fogn tilstades.³⁷ Møtet var tydelegvis gjort godt kjent, folk var interesserte, men kva forventa dei å høyra?

Foldøen var trass sin unge alder ”kjendis”, og det hadde stått om vekkingane hans i avisene. Fleire talgjebuar hadde dessutan vore på Finnøy og hørt han. Kanskje var nokon der då ein flokk med ungdommar sat på galleriet og ein av dei reiste seg og fortalte forsamlinga at ”alle som var på tverrgalleriet, hadde besluttet sig til at leve resten af sit liv i samfund med Jesus Kristus”.³⁸ Ein kan spørje om korleis dei trudde og levde før. Forkynninga til Foldøen tykte særleg mange eldre var så enkel at dei tvila på om frelsa var rett. Kunne det gå an å bli frelst utan å ha angra på syndene sine i lengre tid? spurde dei.

³⁶ Stensvold 2005:364 i: Norges religionshistorie. Bugge Amundsen (red.)

³⁷ Talgje bedehus: Protokoll

³⁸ Brev i privat eige

Kven var Sven Foldøen?

Eg vil gi ein grundig omtale av personen Sven Foldøen i kapittel 4. Her vil eg bare nemne at i 1903 kom han heim frå Amerika. Kristendommen han møtte i Amerika la sterkt vekt på omvending. Bare omvending gav grunnlag for frelse og ”gjenfødelse.” Den sakramentale delen, med dåp og nattverd spela ei underordna rolle. Og at presten måtte vere staten sin embetsmann snakka ingen om i Amerika. Foldøen skapte straks liv og røre rundt seg. Det braut ut vekking der han kom og namnet hans blei snart eit samtaletema, likeeins intensiteten i måten han møtte tilhøyrarane på. Forkynning er kommunikasjon. Predikanten må ha evne til å nå fram og vinna tilhøyraren sin tillit for å lukkast. Foldøen hadde noko av dette udefinerbare omgrepets utstråling. Han meistra møtet med tilhøyrarane, kunne fascinere og påverke. Våren 1904 sende *Stavanger Aftenblad* journalisten Lauritz Nielsen Rygh for å skriva om møta som Foldøen hadde i Imsland. Reportasjen viser ein person med evne til kommunikasjon og overtaling.

Så går vekkelsens opphavsmann, en hjemvendt amerikaner, Sven Foldøen opp i kordøren for å tale. En ung, godt utseende mann. 25-26 år gammel, undersetsig, mørkt hår og mørke mustasjer, frisk hudfarge. Hans stemme er lys og klinger bra, den lyder distinkt utan å være skjærende. Hans opptreden er naturlig utan brask og bram, av og til litt myndig, kanskje til dels en liten smule selvsikker, dog ikke så at det jevnt gode inntrykk lider derved, i allfall ikke i denne forsamlingen. Han taler klart og greitt, benytter det dagligdagse språk og føler seg øyensynlig betre til møte ved dette enn ved bokspråket, som i hans munn til dels klinger tillært, talen ledsages av bevegelser med den løftede høyre hånd. Hans opptreden er dog alltid forholdsvis rolig.³⁹

Sven Foldøen kjem til Talgje

Saa endelig oprandt vaardagen for folket paa Talgø, det var i midten af januar 1906. Det hadde gaaet en stor aandelig bevegelse over Finnø i de sidste md. i 1905 og saaledes var der mange frå Talgø reist over til Finnø paa møderne og bleven grebne og komt over paa Herrens side. Den mand som Gud gjorde bruk af i vækkelsen var bondegutten Sven Foldøen frå Jelsa Sogn.⁴⁰

Slik skreiv talgjebuen Olaus Østebø om korleis han minnast vekkinga.⁴¹ Sitatet viser hans subjektive syn, men det er denne artikkelen som i ettertida er blitt det offisielle normative ”rette syn” på kva som hende. Ei sak har oftast fleire sider, og eit av spørsmåla er kvifor ikkje andre kjelder er tatt med? Eller kven er det som har valt kjeldestoffet? Med desse spørsmåla

³⁹ Stavanger Aftenblad 30. mars 1904

⁴⁰ Talgje bedehus: Protokoll

⁴¹ Olaus Østebø (1875-1944) blei leiaren for vekkingsrørsla på Talgje. Han var bonde, men reiste og som emissær. Var fast tilsett i Kinamisjonsforbundet frå 1915 og fram til han døydde. Sitatet er frå ein artikkel han skreiv i samband med 25 års jubilet for vekkinga på Talgje i 1931

som bakgrunn vil eg så drøfte og prøve å gi eit svar på det som hendte då vekkingsbylgja som braut over heile Ryfylke også skyla over Talgje.

Morgonen 12. januar 1906 steig Foldøen for første gong i land på Talgje. Han kom med rutebåten D/S Fjordbuen til kaien på Nordstø. Eit stort fylgje av nyfrelste venner frå Finnøy var ilag med han, samt nokre jelsabuar som hadde blitt omvende tidlegare. ”Nå skulle dei gjere invasjon på Talgje.”⁴² Ei svær haglbye frå nordvest sopa over den opne kaien då båten la frå land og runda neset. Bylgjene slo over båten, men D/S Fjordbuen sette baugen djupt i kavet, heldt kurset vestover og forsvann inn i den tjukke, mørke haglbya. Føldøen stod ikkje tafatt på kaien og heldt på hatten. Nei, han opna døra til sjøhuset og ropa at alle måtte koma seg innomhus.⁴³

Inne i sjøhuset song dei vekkingssongar så det ljoma, skriv Jakob Straume.⁴⁴ Før dei stemde i første songen, sa Foldøen at nå skal veggene få høyra noko anna enn all bannskapen dei tidligare har høyrt på.⁴⁵ Talgjebuen John Gard, som kjente eigarane av sjøhuset til Meling-gardane visste betre og nøyer seg med å fortelja kva song dei først stemde i: ”Kristus er kommet for syndere og ingen behøver fortabte at gaa”. – Slik begynte verksemda på Talgje.

Då regnbya var over drog alle frå kaien og gjekk til kvar sine plasser hos skyldfolk og kjenningar, skriv John Gard vidare. Dette understreka at mottakinga var godt planlagt og at her var forventing. Dagen bruka dei tilreisande til å gå rundt på øya, besøkja folk og invitera til møte i kyrkja om kvelden. Sidan det var sparsamt med lys i kyrkja hadde talgjebuen gått til innkjøp av lampar, og bare det å koma inn i ei ”godt” opplyst kyrkje ein mørk vinterkveld var noko nytt og ei oppleving.

Møta tek til

Den gamle kyrkja var stuande full med folk og det merkast ingen motstand. All hindring laut vike for ei veldig åndsmakt. Og då Foldøen stod på prekestolen og tok til å be, var det som steinane kunne gråte, og mesteparten av folket bøygde kne og bad (...) Vekkinga på Talgje sette djupe spor i folkelivet. På fyrste møtet i kyrkja togg kallane tobakk og spytta slik at det flaut. Men det blei slutt på den uvanen og det vart botevon for verre ting.⁴⁶

Gamal urett blei gjort opp, julebrennevinet blei borte, skattesnytarane sanna syndene sine og i mange år var det heller ingen som klaga på skatten, skriv Straume vidare.

⁴² John Gard 1971.” Frå Talgje. Eit 65 års minne” (ikkje publisert)

⁴³ Sjøhuset står ennå (2015) Det er John Gard som skriv om dette

⁴⁴ Straume 1956: 292

⁴⁵ Tungland, 57

⁴⁶ Straume 1956:293

Mannfolka er først omtala som *kallar*, men etter omvendinga omtalast dei som varme kristne. Frå å vera ei gruppe anonyme, tobakktyggjande kallar vart dei inkluderte i venneflokkene, der honnørordet varme kristne då blei ei meir passande omtaleform. Opplysinga om at golvet flaut av spytt har og ein annan versjon. ”(...) regnet auste ned. Folk var så våte då dei kom inn i kyrkja, rann vatnet og la seg i store dammar på golvet”, er forklaringa Tungland gjev.⁴⁷

Litteratur om vekkinga finst stort sett frå opplysingar til den eine sida. Resultatet er ei tydeleg einsidig rosande framstilling. Dette gjeld ikkje bare vekkinga for Talgje, men er likt over heile Ryfylke. Opplysingane har sjølvsagt til hensikt å bygga opp under ei utvikling som tente ei bestemt retning og eit bestemt syn. Slikt som ikkje passa inn i dette perspektivet hadde heller ingen verdi som minne. Første kvelden var kyrkja stuvande full både nede og på galleriet. Då hende noko som ikkje hadde verdi nok til å koma på trykk.

Framme i kordøra stod ein av dei tidligare nemnde jelsabuane og skulle opna møtet. På galleriet sat ”Skipperen i Østabøvågen,” ein eldre seglskuteskipper og flaggskipper i Klosters reiarlag. Då jelsabuen, Elling Kjølvik, begynte å tale svinga Skipperen føtene over rekkverket på galleriet og klakka med tresko. Rett under galleriet sat fleire unge jenter, ei av dei var Otelia Gard.⁴⁸ ”Då an Elling begynte å snakka, sette Skipperen i å syngja Sinklarvisa: Herr Sinklar drog over salten hav, til Norge hans kurs monne stande,” song han.”Då såg an Elling opp på Skipperen og sa at så lenge djevelen sede der oppe på galleriet kan eg ikkje snakka, og så setté an seg”, fortalte Otelia – og la til: ”Men då an Sven gjekk opp på preigestolen roa an seg.” For å skildra atmosfæren og livet på Talgje i desse dagane, og kva som rørte seg i tankane hos den lyttande forsamlinga i kyrkja, har eg tatt med tre eksempel. Det dominerande i forteljinga er redselen for djevelen, kamp og tvil om det dei tidlegare hadde lært og trudde haldt.

Johanna og Tomas Meling

Johanna var trufast med ”Ordet” og heldt andakt i heimen. Ho var frå Laugaland i Hjelmeland som var ei av høgborgene til haugianarane i Rogaland, dit kom og ofte John Haugvaldstad og heldt samlingar. Ein dag ho og mannen gjekk saman til kyrkja ville Johanna at dei skulle gå til alters begge to. Han blei med henne fram, og nå begynte Tomas og å tru han var ein kristen.⁴⁹

⁴⁷ Tungland:1978:58

⁴⁸ Munnlig overlevering i 1970 til fleire, Otelia var 23 år i januar 1906.

⁴⁹ Tungland 1978:59

Etter kvart som Foldøen tala og vekkinga skreid fram, innsåg Tomas at alt han trudde var feil. Det dei gamle dreiv med var etter Foldøen sitt syn bare eigenrettferd og lovtrældom, kor det meste sveiv om ”Omvendelse og Troens Frugter i en Kristelig Vandel”, og Tomas følte seg heilt fortapt.⁵⁰ John Gard har detaljer om denne hendinga: ”Tomas Meling reiste seg og sa: ”Eg har bygt på ein stige i mange år og eg trudde den skulle nå opp til himmelen, men nå har både eg og stigen ramla ned. Vil de be for meg?”⁵¹ Så – etter nokre dagar rann evangeliet for Tomas, og han var løyst og fri.⁵²

Einar Schavland

Einar var ein eldre høgt akta og respektert mann på nær 70 år og yngste sonen til gamle lensmannen. I 50 års alderen måtte han gå frå garden etter å ha kausjonert for ein bror som hadde feilinvestert i seglskuter. Etter dette drog Schavland med familien til Amerika. Han kom seinare tilbake og budde saman med kona i Stavanger, men i 1906 var han enkemann. Ein tidlegare nabo bad han trulig inn til Talgje, dei to var barndomskameratar og gode venner. Schavland gjekk trugent på vekkingsmøta, men hadde vanskar med den nye trua.

Einar var både døypt, konfirmert og gjekk regelfast til nattverd. Han ville så gjerne tru, men trudde for eigen del han hadde levd trygt og godt med Gud heile sitt liv. Her var eit tilfelle som fall litt utafor skjemaet. Under møta på Talgje kom Foldøen ingen veg med han, for Schavland forsto ikkje kva som mangla på at han kunne kalla seg frelst. Ei tid seinare møttest dei og snakka om trua: ”Ja, no veit eg ikkje anna råd enn å legge hendene på deg og tilseie deg forlating for syndene dine”, sa Foldøen. Så la han hendene på Schavland og tilsa han syndene i Jesu namn. ”I same stunda vart han løyst frå lekkja som batt han”, skriv Straume.⁵³

Handlinga høyrest utrulig ut. Oscar Handeland skriv at etter eit bønnemøte i Amerika kom ein predikant bort til Foldøen, la hendene på hovudet hans og tok til å be. Då gjekk det som ein straum av kraft gjennom kroppen, og han kjende seg lettare til sinns. Men etter ei veke hadde alt ramla saman.⁵⁴ Kanskje Foldøen i ein vanskeleg situasjon sjølv treiv til dette tvilsame grepet?

⁵⁰ Tungland 1978:58

⁵¹ John Gard 1971 ”Eit 65 års minne” (upublisert) John Gard (1882-1973) var bonde på Talgje og ein av dei første som kom med i vekkinga. Han var lokal informant for J. Straume då denne skreiv *Kristenliv i Rogaland*

⁵² Tungland 1978:59

⁵³ Straume 1956:183

⁵⁴ Oscar Handeland 1966:196 *Vårløysing* bind 3

Olaus Østebø

Olaus var ein ung mann på vel 30 år. Han var brorson til Schavland og hadde det ikkje godt. Heller ikkje svigerfaren var upåverka av vekkinga. Ein dag kom han innom og spurde Olaus: "Kva trur du om dette "merakkelse" som er kome til øynå, trur du det er rett?" datt det or han. "Ein ting kan eg seia deg", sa Olaus, "det er ikkje rett korkje med deg eller meg. Då sette gamlefar på dør."⁵⁵

Vekkinga blei snart eit samtaleemne som opptok alle på øya. Lars Gaute Jøssang skriv vidare at ein kveld sat Olaus og kona Serina småskjelvande i kyrkjebenkene. Det blei bønnemøte og litt om senn seig dei i kne og ein kjenning bad høgt for dei. Ved utgangen kom Foldøen bort og snakka til dei, rosa dei for avgjerda og sa at nå var alt ferdig, også for dei. Men dette gjekk likevel ikkje heilt inn, og Olaus og Serina tumla seg heim. Det blei ei føl tid frametter.

For Serina rann "lyset" samtidig med morgonlyset etter ei vakenatt. For Olaus derimot var det motsatt. Bønene hans nådde ikkje høgare enn til taket, tykte han. "Du har skjemt deg slik ut så det er best du reiser bort frå denne plassen", sa ei mørk røyst til han. Det var ikkje mykje att av Olaus nå og så bad han ei siste bøn: "Nå er eg fortapt og nå går eg fortapt. Det er rettferdig av deg at du kastar meg i helvete, men dersom du veit nokon utveg, så ser du meg her", sa han og Serina lei med. "Andre hadde kome gjennom men ikkje han", sukka Olaus.

Kor var nøkkelen som kunne låsa opp? Det var som djævelen var etter han på ulike måtar. Sjelesjuk gjekk han til sengs, men i denne uhyggelige situasjonen var det som han plutselig såg Jesus. For Olaus var dette meir enn nok. Han kjende seg med eitt glad og lukkelig, før opp av senga, tende lampa og fann fram bibelen. Så ropa han på kona, las vidare og ei himmelsk lukkekjensle fylte han. Olaus hadde blitt løyst og haldt på å forgå av glede og takksemrd.

Den "nyfødde" Olaus greidde knapt å halda bakkekontakten. Naturen var så forandra då han neste dag såg ut av vindaugen. Ja, heile Talgje med og Olaus gledde seg til møtet om kvelden. Han fortalte Foldøen om frelsa si sjølv om det låg i synlige tjukke lag utanpå at noko hadde hendt."Så, nå må du opp og seia det", sa Foldøen og Olaus spratt opp og fortalte om opplevinga si.⁵⁶

⁵⁵ Lars Gaute Jøssang 2001:128 Byggjer på Gerhard Wigestrånd. Artikkel i *Tryggheimtonar* 1935:18-24

⁵⁶ Eit samandrag frå Jøssang 2001:129-130

Ei vurdering av omvendingsopplevelinga

Opplysingane frå vekkinga på Talgje syner at her var blitt rom for spontane og individuelle religiøse kjensler. Mest radikalt var nok å få høyre at syndaren kunne ta imot frelsa slik han var. Dette kom som eit sjokk på mange eldre truande, skriv Josef Tungland.⁵⁷ ”Å sjå seg frelst” betyr eigentleg korleis den subjektive oppleveling av omvendinga følast. Ingen måtte lenger trøyste seg med at grunnlaget for den kristne trua var dåp og tillit til sakamenta. Nei, ”nøkkelen” som kunne låse opp var å omvenda seg og framgangsmåten var å sleppe Jesus inn i ”hjarta.”

Metoden var å skape ei subjektiv oppleveling av dette. Første trinn var systematisk å tale om fortapinga som venta dei som bare sette si lit til sakamenta, utan å ha den rette ånda var det ikkje håp. Etter at folk var tilstrekkelig avskrämd tilbaud Foldøen løysinga. Med karisma og naturlege talent i overtalingskommunikasjon fann han så eit trøystande bibelord som ”løyste” – nettopp deg – og det betydde at sjela var ”gjenfødt.”⁵⁸

Denne nye amerikanske vekkingsmetoden stod i kontrast til haugianismen. Dei ”gamle” meinte at sjela først måtte ”beredes” og så gjennom angeren over syndlivet skulle syndaren gradvis bli dradd inn til eit sant liv i Kristus. Songen blei og eit stridsemne i denne tida. Dei ”gamle” lika ikkje det nye, korkje tonar eller tekstar. Når ikkje forsamlinga lenger hadde åndskraft til å syngje dei gamle kjernesalmane song dei heller ”kling –Klang”, og songen var blitt ”Utfylding i et religiøst Varieté-Væsen.”⁵⁹

Tomas Meling fekk høyre at altergangen hans var til ingen nytte og Olaus Østebø følte det var djevelen som var etter han der han låg i senga og høyrdé vinden ruska i takpannene. Kanskje er det på sin plass å tenkje på og reflektere over korleis ein skal stille seg når slike eksempl blir nytta for å understreka korleis vekkinga var eit Guds under og ingenting anna?

Kva vekt kan tilleggjast reaksjonen til folk som kveld etter kveld blei skrämd med helvetets gru til det næraast gjekk på forstanden laus? For hundre år sidan tenkte kanskje ingen på at det var grenser for kva psykisk press folk kunne utsetjast for utan å ta skade. Men når det i nyare litteratur, og av opplyste moderne forfattarar innanfor same rørsla, NLM, ikkje blir stilla eit einaste kritisk spørsmål til metodar eller møteform som blei brukta under vekkinga er det grunn til å undrast.

⁵⁷ Tungland 1978:62

⁵⁸ Eg går nærmere inn på detaljer om dette i kapittel fire om Sven Foldøen

⁵⁹ Tungland:1987:33 i: *Bedehuskulturen*

Kanskje er det undergravande for trua å reise kritikk, brot på respekt og manglande tillit bygt opp gjennom lang tid? Det er mindre kontroversielt å ”ro seg i land” med sjelevarmande forteljingar om korleis sola skein heilt inn i hjarta då det grydde av dag, sjølv om natta hadde vore aldri så beksvart. Schavland haldt fast på at dåpen var gjenfødinga sitt sakrament og grunnlag nok til å kunne kalle seg eit Guds barn. Problemet for Foldøen var at dersom gjenfødinga skjedde i samband med omvendinga, kva skjedde då i dåpen? Her var han uklar.

Det var først og fremst ungdommen som blei gripne av den nye forkynninga. Eldre som meinte å ha levd eit kristent liv i alle år sleit med å forstå kva dei skulle omvende seg frå eller til. På Talgje var det ikkje aktiv motstand av det nye, men fleire av dei gamle, som svigerfar til Ølaus Østebø, var heller passive, litt undrande og spurde: ”ka merakkelse er det som er komme til øynå?” ”Foldøen formante og bad folket velja den gode luten”, skriv Tungland.⁶⁰ Valet av livsretning blei eit personleg ansvar mellom liv og død. Ansvarskjensla for eiga lagnad ”låg i tida”, dette greip dei unge og var ei årsak til at dei fekk slik tillit til Foldøen.

Foldøen reiste til Østhusvik

”Den 22 s. md. forlod de predikkende brødre os og reiste til Rennesøy. (...) Det er ikke tvil om at de reiste for snart frå os. (...) Baade af den grund at vi som nyfrelste trængte hjelp til veiledning i ordet, og vanskeligheder som meldte sig i kristenlivet i form af fristelser, anfektelser og kamp som en var ganske fremmed for. Ogsaa andre kunde kom over...”⁶¹

Seglasen over fjorden føregjekk i storm og sturtregn med 39 ungdommar frå Talgje under dekk. Sjølv med to rev i både storsegler og fokke låg likevel sjøen to plankar innover det skalka dekket. Under dekk var det gråt, song og oppkast. ”Men Foldøen kom velberga i land med den dyre lasta si, alle kom turre over fjorden og så gjekk dei rett til skolehuset der møtet skulle vera.”⁶² Kor gale veret eigentlig var kan ein sikkert stille spørsmål om. Det blei i alle fall vurdert som forsvarlig å leggja utpå. For Foldøen var det like viktig å ha Talgje-buar med seg til Rennesøy som det var å ha nyfrelste finnøybuar med då han kom til Talgje.

Olav Golf⁶³ fortel at ein av metodane Foldøen brukte var å ha nyfrelste frå nabobygdene med seg. Før han sjølv gjekk på talarstolen kunne ein av desse ha eit opningsord. Andre kunne forsetje med varme vitnesbyrd om korleis dei blei frelst. Dei song, og Sven sjølv var både glad i song og lika sjølv å syngje. Arbeidsmåten Foldøen tok i bruk hadde som formål å

⁶⁰ Tungland 1978:117

⁶¹ Talgje bedehus: Protokoll

⁶² Straume 1956:303

⁶³ Olav Golf fødd 1922. Han er ryfylking (frå Ombo) og har skrive fleire bøker, mellom anna *Sven Foldøen* 2002

varma opp forsamlinga og desse såkalla ”tennstikkene” nærer opp varmen i ein skeptisk forsamling.⁶⁴ Deretter gjekk han sjølv på talarstolen, og med si karismatiske utstråling evna han å påverke og fascinere, så tilhøyraren oppfatta at Foldøen tala sant og fortruleg nettopp til han .

Kva kan nattverdsprotokollen bringe fram?

Kvardagen seig tilbake då Foldøen var reist. Hos Olaus Østebø tok tankane to retningar. 1 ”Baade af den grund at vi som nyfrelste trængte hjelp til veiledning i ordet.” 2 ”Ogsaa andre kunde komt over, som da var vakte og stod Guds rige ganske nær.”⁶⁵ Det manglar skriftlege kjelder hos vekkingsrørsla om korleis den første tida var og heller ingen munnlege overleveringar er bevarte. Det er då kyrkja sin nattverdsprotokoll dreg til sides eit slør som opnar for innsyn frå ein annan vinkel.

Kommunikantprotokoll for Talgø Sogn blei påbegynt i 1857 og er framleis i bruk. Alle nattverdsgjestene er ført inn med fullt namn heilt fram til 1951. Dette gjev eit unikt høve til å følgje familiar og slekter frå dei ulike gardar og heimar i forholdet til kyrkje og altergang gjennom generasjon etter generasjon. Opplysingane i protokollen er primærkjeldemateriale som klarlegg samanhenger, og gjev grunnlag for både å tolka og telja. Materialet gjev høve til både å analysere talet på kommunikantar for ein gitt periode, og til å følgja enkeltpersonar sin altergang over tid. Slik kan ein lesa at det var allehelgensdag 1905 Johanna første gongen fekk Tomas med seg til nattverd, som etter dette kalla seg for kristen. På denne måten kan ein og fastslå at svært få unge gjekk til nattverd dei siste åra før 1906.

3. februar 1906 var det gudsteneste i kyrkja, så uvanlig som på ein laurdag – og med nattverd. Dette var nytt og braut med det tilvante, men fortel at møteaktiviteten og iveren var stor. Presten var aktivt med og folk opne og forventingsfulle.⁶⁶ Ingen har skrive eller snakka om denne gudstenesta direkte, men med nattverdsprotokollen som grunnlag kan vase munnlige minne og ufullstendige kulturelle minne tilførast meir substans. Innhaldet i protokollen gjev kvalitativt grunnlag for å analysere mange spørsmål frå denne tida.

Det vart halde nattverd uvanleg mange gonger i 1906. Heile 6 gonger i første halvår og ein gong om hausten. Protokollen avslører og at storparten av dei 41 som gjekk til nattverd 3. februar seinare blei ivrige bedehusfolk. Få av desse kom igjen om hausten. Storparten av dei

⁶⁴ Golf 2002:71

⁶⁵ Talgje bedehus: Protokoll

⁶⁶ Dette var før fri nattverd blei praktisert, og opplysingane som er notert av presten gjev eit positivt inntrykk

19 som gjekk til alters om hausten (utanom konfirmantane) var helst slike som seinare reiste til Amerika, Stavanger eller gjekk lite på bedehuset som seinare blei bygt.

Mellom nattverdsgjestene stansa eg med namnet Andreas Ladheller. Han var ein emissær frå Vats som arbeidde for Ryfylke og Jæren Indremisjon.⁶⁷ Ladheller stod i vekking på Mosterøy i 1905.⁶⁸ I februar 1906, medan Foldøen framleis var på Østhusvik, kom Ladheller til Talgje, mindre enn to veker etter Foldøen reiste til Østhusvik.⁶⁹ Når Straume skriv om Talgje har han ein opplysing som det aldri er blitt gjort nærmere reie for:

Etter vekkinga gjekk ein emissær frå ein annan organisasjon rundt i bygda og spurde vakte kvinner om dei ville vera med i eit lag for den organisasjonen som han reiste for. Då lova ei kvinne å vera med dersom ei anna ville. Då såg det ut som den karen skulle få til det han ville. Men då harmast Olaus Østebø. – Me vart frelse ved Kinamisjonen, og Kinamisjonen treng også pengane våre om me kan samla nokon, sa han.⁷⁰

Det er nok emissær Ladheller sitatet viser til. Møtet med – og møta til Ladheller – blei ei ny form for vekking. Detaljer om denne hendinga er det snakka lite om. Det var ein uskriven avtale mellom dei ulike organisasjonane at den organisasjonen som hadde vekkinga skulle ha førsteretten til å organisere foreningsarbeidet på staden.⁷¹ Den teologiske forskjellen dreia seg mest om forholdet til kyrkja, men og om basarpengar, offergåver og medlemsverving.

Foldøen var kjent for å vere svært aktiv og flink til foreningsdanning, men på Talgje hadde han ikkje rokke å danne noko lag då Ladheller kom. Då Foldøen høyrde om Ladheller reagerte han med sinne og stort temperament. Eit tidlegare nært vennskap mellom dei blei nå til bittert uvennskap. Den krasse veremåten hans skapte til tider problem, men på Talgje tok dei Foldøen sine ord til seg som formaning.⁷² Rennesøy låg ikkje lenger enn ein halvtimes rotur unna og tabben blei retta opp. Det blei ikkje stifta kvinneforeining til nokon ny organisasjon, derimot blei det stifta kvinneforeining og misjonslag for Kinamisjonen.

”Talgø Kinamisjonsforening stiftedes i februar 1906, efter den store vækkelsen som da gikk over øen, hvori Sven Foldøen var leder. Til bestyrelse valgtes: Tomas Meling formann, John Gard kasserer, Olava Gard og Ingeborg Gard.”⁷³ Ein litt pussig detalj er at protokollen, som og er rekneskapsbok, har ein opplysing om ”Udbyttet af en julefest i 1905” som 27. mars blei

⁶⁷ Straume1956:327

⁶⁸ Ibid 1956:309

⁶⁹ Han var der til mai 1906

⁷⁰ Straume 1956:293

⁷¹ Tungland 1978:

⁷² Tungland 1978:195

⁷³ Talgje Kinamisjonsforening: Protokoll 1906- 1947

ført som inntekt for Kinamisjonen.⁷⁴ Julefesten var før vekkinga, og organisasjonen som normalt skulle hatt utbyttet var Misjonsselskapet. Etter vekkinga var det bare Kinamisjonen som var misjon på Talgje.

Sokneprest Fredrik Wettergren, deltok på siste møtet med Ladheller og stod for utdeling av nattverden. Sidan hendinga var på eit lekemannsmøte til Indremisjonsselskapet, og i tillegg på ein laurdag, er det verdt å sjå litt nærare på kvifor presten var med. Wettergren har notert at 3. februar 1906 var han på Talgje. ”Gudstjeneste i Talgø kirke”, og at 41 deltok i altergangen.⁷⁵ Men reiste han ekstra over fjorden for å delta på eit lekemannsmøte? Forklareringa står i rubrikkene: *Hvorhen reist i sognebud*. Her går det fram at presten besøkte den over 90 år gamle Anna Marta E. Gaard (Nystov) som låg for døden, og då passa det at han kunne vere med i kyrkja.⁷⁶

Fleire grunnar talar for at talgjebuen ynskte å møte presten. Olaus Østebø skriv at dei som nyfrelste hadde behov for rettleiing. Altergangen og bruk av presten til dette tyder på at noko klar konfronterande linje mot kyrkja ikkje var drege opp ennå. Heller hadde dei ingenting imot å lytte til Anders Ladheller. I denne fasen hadde talgjebuen først og fremst eit ønske å leva som bevisste kristne. Rett forkynning var i første rekke ei klargjering om korleis dei kunne unngå å gå fortapt.

Foldøen kom og presiserte tydeleg kva meir som måtte til, og det skarpe skiljet mellom frelse og ufrelste tok form. Presten måtte ein vera skeptisk til og emissærar frå andre organisasjoner skulle ein vere forsiktig med anten det var å høyre på dei eller gjeve dei kollektpengar. Kvinneforeining og misjonslag for Kinamisjonen blei derimot danna og denne organisasjonen sitt syn fekk tidleg hegemoni og blei normdannande for kristenlivet på Talgje.

Oppsummering

Den demokratiske prosessen som utvikla og sette sitt preg på resten av samfunnet fekk ikkje det rette fotfeste innafor kyrkja. Manglande vilje, eller evne, til omstilling førte så til aukande interesse for forkynninga til nye vekkingsrørsler som etablerte seg. Ut av denne prosessen kom vekkinga til Talgje. Folk på Talgje leita etter svar på nye spørsmål som kyrkja ikkje visste korleis ho skulle gripa tak i.

⁷⁴ Protokoll 1906- 1947

⁷⁵ SAS Ministralsbok A 11 Finnøy/ Talgje 1891-1910 side 230-231

⁷⁶ SAS Ministralsbok A 12 Finnøy/Talgje 1889-1917 side 65

Vekkinga retta eit større fokus mot omvendinga, og ikkje minst den subjektive opplevinga av denne var grunnleggjande for vekkingsrørsla sin teologi. Sakamenta som objektive teikn på Guds nåde hadde alt gjennom haugianismen fått eit subjektivt tillegg med at syndeangeren måtte ”føles i Hiertet.”⁷⁷ Tidslengda med syndeanger blei ikkje lengre tillagt vekt, og skulle sakamenta ha nokon betydning var det som tillegg til den personlege trua. Det nye slagordet blei: ”Kom i dag og kom som du er.”⁷⁸

Det var slik Sven Foldøen forkynte, og evna hans til å kommunisere med folk trefte og fascinerte. Derfor blei han snart ein kjent person, og då han hausten 1905 kom til Finnøy var det rimeleg at talgjebuar reiste over fjorden, høyrdé på han og bad han kome til Talgje. Alt tyder på at talgjebuen tok vel imot Foldøen. Sidan 40 personar, tredjeparten av øya sin befolkning, fylgte han over til Rennesøy i uveret, seier vel dette det meste om kva tillit dei viste han. Det var for Kinamisjonen Foldøen arbeidde. Han var veldig bevisst på å fremje denne organisasjonen med stifting av lag og foreiningar.

Interessa for den nye vekkingskristendommen fekk fort innpass på Talgje, og særleg mellom ungdommen. Her var noko nytt som appellerte til den enkelte om å vere ansvarleg for val av livsretning. Dette var i tråd med den generelle sosiale og demokratiske utvikling kor det enkelte menneske fekk større verdi og auka identitetskjensle. Samlinga i kyrkja med soknepresten og nattverd tyder ikkje på at vekkinga på Talgje var noko brot med kyrkja. I ynskje om å leva som bevisstgjorte kristne hadde prest å kyrkje framleis ein sjølvsagt og naturleg plass.

Det var då andre organisasjoner dukka opp med konkurranse om medlemsskap og offerpengar at strid og usemje tok til. Konkurranse situasjonen førte til at på Talgje blei kyrkja og presten tidleg sett på som ei hindring, for at lekmannskristendommen fekk utvikla seg slik Foldøen og vekkingsrørsla tenkte. Kor snart dette skjedde og kor omfattande det blei går fram av mellom anna opplysingar i nattverdprotokollen. Mange tok til orde for at den nye rørsla gjorde frelsa for enkelt med sitt ”kom som du er.” Men på Talgje førte dette til eit indre samhald kor Kinamisjonen blei einerådande og kyrkje og prest fekk etter kvart store problem.

⁷⁷ Jøssang 2001:28

⁷⁸ Straume 1956:303

Kapittel 3: Samfunn og kristenliv før vekkinga

Det norske samfunnet gjekk gjennom store endringar frå først på 1800-talet og fram til neste hundreårsskifte. Frå å vere eit kongeleg einevelde, til ein moderne stat. Folk kunne nå samlast fritt, hadde demokratiske rettar og fekk delta i utforminga av lover som regulerte kyrkje og samfunnsliv. Kyrkjelyden gjekk frå å vere i ein kyrkjeskipnad der embetsmenn styrte kyrkja på Guds og kongens vegner til å bli utfordra av folkelege demokratiske reformkrav.

Lovendringar som skjedde sentralt fekk verknader lokalt rundt i landet. Resultata syntet seg i form av nytenking og endringar av både tradisjonell samfunnsstyring og praktisering av kristentru. Demokratiseringsprosessen førte til større ansvar for eige liv, fremja sjølvdisiplin og individualisme, men førte også til solidaritet med nye grupper. I dette ”hamskiftet” vaks det fram nye maktstrukturar som skulle markere seg, og slikt kunne vanskeleg hende utan uro og motstand.

Kvifor og korleis skjedde endringane?

Fram til kring 1800 rådde det ein einskapstanke i kyrkja, der konge og prest styrde på vegne av Gud. Kristen kultur prega livet og livshaldninga på alle vis, gjennom lovgjeving, maktutøving og tenkjemåte. Lovene skulle vera i pakt med Guds bod, og straffa skulle vera slik Bibelen fortalte om. Den religiøse tanken om livet og det som venta einkvar etter livet var forklart og styrt av kyrkja som tolka og definerte Bibelen slik at Guds ord til ei kvar tid samsvara med det kongen bestemte.⁷⁹

Hans Nilsen Hauge var den lekmannen som slo første kilen inn i kyrkja sitt einevelde til å tolka Bibelen. Han forkynte ein kristendom av ein annan karakter enn det gamle. Det nye religiøse fellesskapet var eit fellesskap av dei truande som bygde på den einskilde si truserfaring.⁸⁰ Biskopen i Kristiansand kalla verksemda for svermeri og frykta for politisk opprør.⁸¹ I 1804 fekk han Hauge fengsla for brot på konventikkelpakaten.⁸²

Då Noreg fekk si grunnlov i 1814 skulle trus og ytringsfridom sikrast gjennom § 100:

Trykkefrihed bør finde Sted. Ingen kan straffes for noget Skrift af hvad Indhold det end maatte være, som han har ladet trykke eller udgive, medmindre han forsætlig og aabenbar enten selv

⁷⁹ Langhelle 2006: 109 i: *Vestlandets historie* (Knut Helle red.)

⁸⁰ Olaf Aagedal 2003:34 *Bedehusfolket*

⁸¹ Oftestad m. fl. 1991:174 *Norsk kirkehistorie*

⁸² Ibid s.161 Forordninga kom i 1741 for å få kontroll med ei stadig aukande privat forsamlingsverksemد

har viist, eller tilskyndet andre til Ulydighed mod Lovene, Ringeagt mod Religionen, Sædelighed eller de constitutionelle Magter, Modstand mod disses Befalinger, eller fremført falske og ærekrænende Beskyldninger mod nogen. Frimodige Yttringer om Statsstyrelsen og hvilkensomhelst anden Gjenstand ere Enhver tilladte.

Etter grunnlova skulle ein då tru at folk fritt kunne samlast om å forkynna Guds ord. Kvifor kunne nokon meine at folk som ikkje ville anna enn ta Guds ord på alvor var farlege? Trass ei moderne grunnlov som braut med einevaldsstaten blei konventikkelplakaten likevel ståande. Skulle det vera straffbart å fortelja om trua si? Svaret er kanskje å finne i § 2 i grunnlova.

Den evangelisk-lutherske Religion forbliver Statens offentlige Religion. De Indvanere, der bekjende sig til den, ere forpligtede til at opdrage sine Børn i samme. Jesuiter og Munkeordener maae ikke taales. Jøder ere fremdeles udelukkede fra Adgang til Riget.

Den demokratiske fridommen stansa så å seie på kyrkjetrappa, dei lovordningane som tidlegare var nytta mot Hauge galt framleis etter 1814. Styresmakta slo ned på religiøse samlingar som var utanfor statskyrkja sin kontroll. Religionen skulle fortsett vera under offentleg kontroll med embetsstanden som tilsyn, folk måtte ikkje tenkje andre tankar enn det styresmakta tillet. Religionen var framleis krafta og limet som heldt samfunnet saman i denne patriarkalske kulturen.⁸³

Ganske snart oppstod det problem med å godta at styresmakta var innsett av Gud, og dessutan skal ein lyde Gud meir enn menneske. Det var ”troen alene” som var avgjerande i Luther si lære når samvit, personleg ansvar og eiga overtyding kom i konflikt med staten sine lover. Men Bibelen måtte tolkast og konfliktane løysast, dette var kyrkja si oppgåve, og på lokalplanet var soknepresten staten sin autoriserte religionsspesialist.⁸⁴

Lokale utslag

Ei uro begynte då Finnøy fekk ny prest i 1824. Presten heite Gabriel Kirsebom Kielland og var født 1796 i Stavanger. Når finnøybuane nå kom i kyrkja fekk dei høyra ei anna forkynning en tidlegare. Det var ikkje lenger nok å gå til alters to gonger i året. Skulle dei vera sanne kristne måtte dei omvenda seg og leva etter Guds ord, sa den nye presten.⁸⁵ Kielland var luthersk all sin dag meiner Oscar Handeland, men både kyrkjesyn og forkynning var svært farga av *Brødrevennene* (Herrnhutane) sine tankar om det kristne brodersamfunnet

⁸³ Langhelle 2006:109 i: *Vestlandets historie*

⁸⁴ Try 1986:18 i: *Bedehuset*

⁸⁵ Handeland 1966:164, bind 3

og interessa for misjon.⁸⁶ Kielland samla folk til bibellesing kvar onsdag og det kom jamt 30-40 menneske, så ”forsamlings-værelset” var fullt:

Folk undra seg mykje over den nye presten. ”Ka meine han far?” Er han haugianar? Nei, sa andre, desse prestefolka er eit anna slag lesarar som heiter ”misjonærar”. Det var eit splitter nytt ord på Finnøy. Somme kom og refsa presten så smått. ”Ja visst veid me at me er synnåge,” sa gamle Eivind Hesby, ”men det hev då inga naud, me lyt gjera det beste me kan, og så lyt Vårherre gjera resten.”⁸⁷

Gjetordet om Kielland nådde biskop Munch i Kristiansand og han ville ikkje vite av slike private konventiklar. Det var i kyrkja og skolen presten skulle tala til ”sann kristendoms fremme” og trua med prosteretten dersom han ikkje slutta. I 1832 kom Sigwardt på bispestolen, han tillet Kielland å halda fram med konventiklane sine i prestegarden.⁸⁸

Enkelte meiner at ”såkorna” Kielland fekk lagt ned var grunnlaget for at Finnøy blei ”et arnested for vekkelse.”⁸⁹ Brødrevennene⁹⁰ ville heller ikkje vite av nokon langvarig omvending og syndekamp, skriv Carl Fredrik Wisløff.⁹¹ Her er interessante utviklingsdrag som har relevans til den seinare lekmannskristendommen.

Endringar på veg

Alt i 1837 kom lova om formannskap i kvart prestegjeld på landet, og kommunane fekk då sin eigen forfatning.⁹² Med formannsskapslovene blei det skapt eit apparat som gav friare hender og større rett til å avgjere ymse saker lokalt. Det er rimeleg å tru at denne overgangen frå embetsstyre til folkestyre førte til auka lokalt samfunnsengasjement og ansvarskjensle. At det nyvalde formannskapet i Finnøy tok arbeidet alvorleg syner dette vedtaket i møte den 9. desember 1837:

Dernæst forbant samtlige Formend sig til samvittighedsfuldt at varetage sine Plikters Opfyldelse i Henseende sit af sine Medborgeres Tillid anbetroende Verv (...) og modarbeide Magtens mulige

⁸⁶ Handeland 1966:164, bind 3

⁸⁷ Handeland 1966:165 Bind 3

⁸⁸ Handeland 1966:165 Bind 3 ibid.

⁸⁹ Birkeli 1946:368

⁹⁰ Brødrevennene eller herrnhutene er religiøse grupper tilknytta Herrnhut i Sachsen grunnlagt av grev N.L. von Zinzendorf i 1722. Samfunnet hadde røter tilbake til eldre religiøse rørsler som ”husittar” og dei ”bømiske brørne” (Seland 2008:18). I Noreg spela brødrevennene ei viss rolle på 1700-og 1800-talet. Seinare gjekk dei inn i metodistrørla eller andre kyrkjesamfunn med ein reformert konfesjon.

⁹¹ Wisløff 1975:103 Kristne kirkesamfunn

⁹² Lov av 14. januar 1837 § 1

Misbrug paa den anden Side, og endelig med Nidkierhed passe at Fædrenes saameget anpriste Nationaldyd redelig i Ord og Daad faar stadig Borgerret i vor Virkekreds.⁹³

Etter kvart blei det uråd å hevde reglar som høyrdhe heime i ein einevaldsstat og som stod i motstrid med den liberalistiske statstenkinga på 1800-talet. Konventikkelpakaten fall bort i 1842. Same året gav ei ny straffelov liberale reglar for ikkje religiøse forsamlingar som og hadde vore forbodne tidlegare. Resultatet blei at fenomenet ”associationsaanda” vaks fram og kom til å prega det sosiale livet.⁹⁴

Er det så noko samanheng mellom det nye politiske organisasjonssamfunnet, den allmenne assosiasjonsånda og framveksten av lekmannskristendommen?

Ei frukt av den nye tida var opprettinga av NMS i 1842 og Misjonsskolen året etter. Trass ulike syn gjekk både brødrevennene og haugianarane saman med dei geistlege inn i dette nybrotsarbeidet. Gabriel Kielland som nå var prest i Lyngdal, og finnøypresten Boye Joakim Flood var sentrale personar i arbeidet. Etter at den gamle ”haugianarhøvdingen” John Haugvaldstad⁹⁵ blei trekt inn i arbeidet og begynte å vise interesse for misjonen blei det annleis.⁹⁶ NMS blei ei kraft og eit uttrykk for eit religiøst engasjement som samla lekfolk, både kvinner og menn. Misjonsforeiningar grodde fram, heidningmisjonen blei ein del av assosiasjonsånda, og grupperingar som tidlegare hadde hatt lite eller konfliktprega kontakt blei ført saman. Misjonssaka skapte også meir tillit og samarbeid mellom kyrkja og lekfolket.⁹⁷

Livet og livstilhøva folk levde under betrast gradvis for dei fleste. Eit rikt sildefiske slo til for alvor etter 1820, då nøtene blei tatt i bruk. Sildefisket blei ein sprengkile inn i det gamle naturalhushaldet og gav eit overskot til å etterspørje tenester og kjøpe varer. Silda gav betre og meir mat for vanlege folk, dessutan ei god inntekt, og mange leiglendingar fekk så pass med pengar mellom hendene at dei kunne verta sjøleigarar.⁹⁸

Fiske for sal gav folk pengar og bidrog til at lågare sosiale lag av folket fekk realisert draumane om å koma ut av fattigdomen, legg Sletten til. Betre økonomi førte til ein større

⁹³ Finnøy Herad Hundre År 1937:10

⁹⁴ Try 1986:15 i: *Bedehuset Assosiasjonar* blei eit vanleg namn for det me i dag vil kalla for foreiningar eller organisasjonar

⁹⁵ Foreldra til John Haugvaldstad kom frå Talgje. Dei kjøpte seg gard på Reianes på Rennesøy i 1778. Finnøy gard og ætt bind 3 side 349

⁹⁶ Nome 1943:20 *Det norske misjonsselskaps historie i norsk kirkeliv*

⁹⁷ Handeland 1966:173, bind 3

⁹⁸ Sletten 1943:290 *Fram stig Rogaland*

individuell fridom som igjen førte til auka sjølvkjensle. Men betre levekår førte igjen til at folketalet auka sterkt. Folk trong eit levebrød og tida frå midten av 1800-talet kan kallast ei overgangstid frå det gamle standssamfunnet mot eit nytt samfunn kor nye krefter og nye idear gjorde seg gjeldande.

Korleis var livet på Talgje?

Gardssoga til Rasmus Knutsen Gaard frå Talgje er eit døme på korleis denne tidsperioden opplevdes sett i eit lokalhistorisk perspektiv.⁹⁹ Soga er eit kjeldeskrift om samtida hans, forventingane hans til framtida, og kva denne ville føra med seg på godt og vondt. Emna han tok opp fortel om observasjonar og haldninga til ein ung mann kring 1870.

R.K. Gaard var imponert over oppdyrkning av ny jord. ”På mange Steder hvor man knapt kunde finde en Hest, vokser nu Korn og Gres (...) Sørpemyrer udtøres”. Nå ser han fram til at endeleg skal ei lenge omtala utskifting av bruken på garden finne stad. Kvart bruk har fått tildelt sin jordpart og nye hus skal byggjast. ”Mand indser at en saa folkerig Gaard ikke uden Uleilighed kan bo sammen i Klynge paa urgammel Stil.”

Han har rosande ord om brannassuranseforeininga som er stifta i Finnøy. Ei større reinsemnd har kome til, og folk har fått sans for eit ”smagfuldt Husstel”. Ja, til og med slikt han stilla seg negativ til, tyder på at endringar til det betre var på gang. Den negative kritikken hans rettar seg først og fremst mot folket på Talgje, men kan tolkast til å gjelda eit større område.

”Med Kjæmpeskridt har Galanterisyen gaaet frem ogsaa blant Bonden i det vestenfjeldske Norge. Især viser den sig mest nærmest byen.” Så tek han fram eksempel på kor galt dette har blitt. For få år tilbake utgjorde bondens høgtidsklede tillaga vadmel, men i dag kjem folk til kyrkja iført ”en Klædning, viss Sammenvevning er faaregaaet i udenlandske Fabrikker”. Kaffi er ein drikk som nå heilt har tatt overhand. Før var den sjeldan, bare hos rikmenn av og til, men nå ”gives der ingen Hytte hvor denne Næringsløse Drik ikkje bruges 1 til 3 gange Dagligt.”

Saman med fleire liknande eksempel er min konklusjon at desse negative eksempla i hans augo faktisk understreka at folk har fått betre levekår. Dei har begynt å lesa aviser og fylgjer med på kva som skjer utanfor øya. Elles er dette ei tid då dampbåtane tok opp ruter innover

⁹⁹ R.K. Gaard født 1847 var ein ung mann då han i 1869 skreiv om heimegarden, Gard på Talgje. I det som var hans nåtid har han si oppfatning om fortida og sitt perspektiv på framtida. Gjennom hans augo kjem det fram interesseområde og haldninga som rådde mellom folk i eit lite lokalmiljø på denne tida. Gardssoga blei tatt inn som ein artikkel i *Ætt og Heim* i 1977.

fjordane og revolusjonerte samferdsla – noko som var ein føresetnad for til dømes avislesinga. Stavanger var i denne tida ein by i sterk vekst med sterkt aukande behov for jordbruksvarer. Folk gjekk saman, bygde dampskipskaiar og nokolunde brukbare køyrevegar fram til desse.

Den unge Rasmus Knutsen Gaard har og tankar om den åndelege sida av livet. Moralitet (vedkommende Gaard), kallar han eit avsnitt:

Med Hensyn til Moralitet tør denne ”Plets Befolkning” maale sig med Omboende. Større Forbrydelser saasom Mord, Tyveri osv. har aldri været begaæt her (...) Foreldrene lærer tidlig sine Børn til Moralen, til agtelse for Gud og Mennesker. Ungdommen tillades ikke at udeblive ved den alminnelige Husandakt. Den paa mange steder saa udbredte og alminnelige Natteløben udøves i mindre maalestok. Dans og andre adspredelser holdes inden et vist Maal (...).

Vel indrømmes, at nogen Bodsprædikant ikke hverken før eller for nærværende lever her; men desuagtet er man et ædraeligt, folkekjært, omgjengelig, gjestfrit og redeligt Folk, der lever i innbyrdes Venskab (...) Slagsmaal og Uenighed betragtes med Afsky, og i Bryllups – eller Julegilder kan jeg ikke mindes at Haandgribeligheder har kommet til Virkelighed. –

Desværre finder man her ikke nogen aandelig Vækkelse, og uagtet man flittig besøger religiøse Sammenkomster, sees ikke noget tegn til Søgen for det ene Fornødne. Alle bekjender sig til Statskirken, og Vranglærere kan ikke mindes. – Roligt følger man altsaa Tidens Strøm, og med Arbeidsomhed og Flid i det Timelige fordrives Tiden, i Troen paa en Gud og et Liv hinsides Graven gaar man med Taalmod den uforudseende Fremtid imøde.¹⁰⁰

Avsnittet tyder ikkje på at folk levde noko gudlaust liv, men diverre finst her ikkje nokon ”aandelig vækkelse”, eller at nokon ”botspredikant” lever her, skriv han. Kva åndeleg vekking var det R. K. Gaard sakna? Dette skrev han før presten Lars Oftedal var kjent i Ryfylke. Arne Berge opplyser at våren 1840 reiste misjonskandidaten H. C. Knutsen på kryss og tvers i Ryfylke og vitja Finnøy to gonger.¹⁰¹ Han var ein pioner og spelte på mange vis ein brubyggjarfunksjon i lekmannsrørsla.

Kanskje R. K. Gaard hadde stifta kjennskap til ein lekmannskristendomm som la større vekt på omvending enn Guds nåde gjennom sakramenta. På skolen hadde han den unge læraren, John Sæbø. Sæbø var frå Fogn, Straume skriv at han hørde til brødrevennene, og med plikt og flid lærte han elevane om kristentrua.¹⁰² Gjennom ”oppdragingskristendommen” var dessutan religionen ein naturleg del av kvardagslivet for dei aller fleste

¹⁰⁰ Ibid side 132

¹⁰¹ Arne Berge 1987:18 ”Bedehus og misjonsforeining” i: *Bedehuskulturen* (Njål Tjeltveit red.)

¹⁰² Jakob Straume 1956:295 John Sæbø var lærar på Talgje 1858 – 1878. *Finnøy Herad i Hundre År. Jubileumsskrift*

Lensmannen i Finnøy budde på Talgje og feira gullbryllaup i 1871. Til denne store festen skreiv John Sæbø ein song med ti vers som alle er ei hylling til Herren, som takk for hans store kjærleik og ingenting talar for eit gudlaust samfunn. Likevel er den vanleg oppfatninga på Talgje den dag i dag, at før vekkinga fanst det omtrent ikkje kristne på øya. Vers to lyder slik:

Tone: Lover den Herre etc.

Herren har eder i Livet saa kjærlig ledsaget
Faderlig Omhu for Sjæl og for Legeme Draget;
Eder han var
Stedse bevaagen og har
Under sin Varetekts taget

John Sæbø

Kyrkja si rolle på denne tida

Det folkelege engasjement gjennom lag og foreningsverksemnd sette i gang ein dynamisk moderniseringsprosess av norsk samfunnsliv. Embetsregimet som starta dette var seg bevisst om elitens leiarskap – lyset skein som alltid ovanfrå og nedover.¹⁰³ Men prosessen som var sett i gang let seg ikkje stoppe og kravde omfordeling av makt og gode. Demokratiet sigra over embets og kongemakt då regjeringsa i 1884 måtte søkje grunnlaget sitt i stortingsfleirtalet.

Men var kyrkja klar til å la lekfolket få makt og rettar? Kunne eit fleirtal i folket avgjere kva som var Guds vilje? Men med dissenterlova av 1845 var alt kyrkja sitt monopol til å tolka Guds ord broten. Derimot blei haugianarane verande lojalt innafor statskyrkja.¹⁰⁴ Deira moralske prinsipp, livsførsel og arbeidsflid blei lagt merke til. Likeeins den tette vennskapen mellom dei, interessa for heidningmisjonen og engasjementet for å bremse alkoholen sin skadeverknad mellom folket.

Ingen hadde større innflytelse i norsk kristenliv etter 1850 enn Gisle Johnson, professor i teologi ved universitetet i Kristiania.¹⁰⁵ Han kom til å prega ein heil generasjon prestar frå kring 1850 og utover. Mange av desse prestane fekk tillit hos haugianarane samstundes som fleire av prestane meinte at den lokale haugianismen hadde endra seg i ein mindre provoserande retning. Dette bidrog til at partane nærma seg kvarandre.”Ved å samarbeida, i

¹⁰³ Nerbøvik 1999:98

¹⁰⁴ Oftestad 1998:126 *Den norske statsreligion*

¹⁰⁵ Hans Try 1995:422 ”To kulturer en stat” i: *Norges Historie* (Knut Mykland red.) J.W. Cappelens Forlag A.S

staden for å føra strid med kvarandre, kunne både prestar og haugianarar få meir å seia når det galdt skikk og uskikk blant allmugen.”¹⁰⁶

Dei konservative kreftene var sterke og mykje av det nye liberale tankegodset skremde både lek og lerd. Usemja dreia seg mellom anna kor tyngdepunktet for makta skulle liggja. Nokre frykta at dersom ikkje kyrkja lenger låg i kongens hand, fekk prestane all makt og lekfolket blei lenkebundne.¹⁰⁷ Andre som Gisle Johnson frykta at brot med eksisterande samfunnsordenen kunne føre til vantru, samfunnsoppløysing og ei svekka stilling for kristendommen i Noreg.¹⁰⁸

Kyrkja streva med demokratiseringsprosessen. Gisle Johnson såg at noko måtte gjera. Sjølv hadde han eit høgkyrkjeleg og embetsorientert syn, men såg det trøngst reformer innaføre kyrkje og kristenliv. Johnson var sentral då ei rekke indremisjons- foreiningar i 1868 gjekk saman og danna *Den norske Lutherstiftelse*.¹⁰⁹ Kyrkjelæra forbaud alle andre enn prestane å tala Guds ord i offentlege samlingar. I Augustana, art. 14, står det: ”Ingen bør i kirken offentlig lære eller forvalte sakramentene, med mindre han dertil er rettelig kallet.” Og ”rettelig kallet” var ingen andre enn prestane.¹¹⁰

Lutherstiftelsen braut med den lutherske kyrkjelæra ved å nytta det såkalla ”nødsprinsippet”. Dette innebar at lekfolk kunne forkynne, men retten til å kalle tilhørde kyrkja. Lekmennene skulle helst gå omkring i husa og samtale med den enkelte ”at holde husandagt med dem som husfaderen dertil maate ville samle.”¹¹¹ Mange tok steget over i aktiv kristentru under Johnson si forkynning. Dei fleste haugianarane av den eldre skolen blei glade i ”Johnson-prestane”, for som dei sa: ”dei tala då Guds ord purt og reint i det minste.”¹¹² Mange haugianarar rekte prestane handa si, og samarbeidet førte til endringar i kyrkja som etterkom mange av vekkingskristendommen sine krav.

Reform av kyrkja sine ritual

På midten av 1880-talet sette kyrkjeministeren, tidlegare sokneprest Jakob Sverdrup, ned ein komité som fekk i oppgåve å reformere kyrkja sine ritual.¹¹³ Alle endringane med framvekst av nye kyrkjesamfunn, lekmannskristendom, splitting langt inn i det teologiske fagmiljøet og

¹⁰⁶ Langhelle 2006: 121

¹⁰⁷ Wisløff 1967:78

¹⁰⁸ Stensvold 2005:358 i: *Norges religionshistorie*

¹⁰⁹ Astås 2000:322

¹¹⁰ Oscar Handeland 1966:47 og 48 *Vårløysing*, bind 1

¹¹¹ Oscar Handeland 1966:48 Bind 1

¹¹² Oscar Handeland 1966:45 bind 1

¹¹³ Stensvold 2005:360

politisk uro, viste at tida var mogen for ein gjennomgang og reform, både av liturgien og skritt mot ein mindre autoritær organisasjonsstruktur.

Fram til då hadde presten sunge eller messa alle bønene, men heretter skulle dei framførast på vanleg talemål. Denne nye prosamessa var meint å kome vekkingskristendommen i møte, men blei ikkje bare godt mottatt. Anne Stensvold hevdar at søndagsgudstenesta mista litt av sitt velkjente tradisjonelle preg og blei for enkelte ikkje lenger det den skulle vera. Andre følte seg framande i kyrkja fordi reformene ikkje gjekk langt nok, og slutta å gå til nattverd.

Vekkingsfolket var blitt ei mektig kraft. I desse miljøa stod omvending og personleg tru fremst. Embetsmannspresten såg på rituala som ein verdfull del av kyrkja sin tradisjon. Føremålet med søndagsgudstenesta var, etter deira syn, ikkje å skape sterke religiøse opplevingar, men å gi kyrkjelyden innsikt i kyrkja si lære. Konfliktlinjene i kyrkja avteikna seg i synet på liturgireformene: vekking stod mot tradisjon, erfaring mot ritual og lekfolk mot presteskap.¹¹⁴

Liturgiske endringar er ein sårbar prosess som opnar for spørsmål ved det som hittil har lege fast. Som tradisjon toler ikkje eit ritual mange endringar før det misser karakter av å vere eit velkjent handlingsmønster. Med dette i mente kan det tenkast at mange følte seg framandgjorte i kyrkja, og på grunn av liturgireformene slutta å gå til søndagsgudsteneste.¹¹⁵ Anne Stensvold skriv at nattverden frå gamalt blei praktisert saman med skriftemål.¹¹⁶ Den truande sanna syndene sine og presten gav så syndetilgjeving, *absolusjon*. Med å leggje handa på hovudet til den enkelte og be ei bønn var den truande verdig nattverden. Folk skulle ikkje bare vedkjenne syndene sine, men måtte og betale presten for tenesta.

Var så reformarbeidet mislukka? Var det til skade eller gagn for lekmannskristendommen? Spørsmåla er fleire, men i den polariseringa som det kristne arbeidet nå opplevde kom det fram mange svar. Oscar Handeland skriv at presteskapet ville vera med i misjonsarbeid, men ikkje som ”menig soldat”. Presten ville vera sjølvskriven general og leggja lekmannsarbeidet inn under kyrkja.¹¹⁷

Nye religiøse retningar med inspirasjon og impulsar kom frå utlandet. Fleire av desse braut med statskyrkja sin strenge lutherske konfesjon og blei kalla svermarar. Kryssande interesser

¹¹⁴ Stensvold 2005:363

¹¹⁵ Stensvold 2005:362

¹¹⁶ Stensvold 2005:363 i: *Norges religionshistorie*

¹¹⁷ Handeland 1966:46 bind1

om makt, status, tradisjon og frykt for kva alt det nye kunne føre til, skapte debatt. Samtidig skjedde det ei endring i skolen, med svekking av tradisjonell kristendomsundervising til fordel for andre fag. Undervisingstida blei utvida, generell kunnskap auka mellom folk og presten si gamle patriarchalske rolle endra seg.

Fenomenet Lars Oftedal (1838-1900)

Lars Oftedal var frå Stavanger og etter avlagt teologisk embetseksamen i 1864 rekna han seg som ”johnsonianar”.¹¹⁸ Oftedal starta karrieren sin som tilsett i Bergen Indremisjon. Seinare fekk han fleire prestestillingar rundt på Sørvestlandet, men frå 1874 var Stavanger basen hans. Oftedal var meir å rekne som vekkingspredikant enn prest, og ”emissærpresten” hadde ein enorm appell. Kor han kom samla han fulle hus.

”Med sterke, målande, stundom grove ord og bilde gjekk han folk inn på livet og syntre korleis det var når djevelen herska i hjarta, og kor lyst og reint det blei når Jesus kom inn”, skriv Oscar Handeland.¹¹⁹ Om denne landsdelen fekk lite føling med Johnson-vekkinga, tok den nå att med Oftedal-vekkinga.¹²⁰ Oftedal kom med ei individualisert forkynning. Nå blei det opp til den enkelte å velja – anten frelse eller fortaping.

Forkynninga hans rørte med den enkelte, tankar om styring over eige liv, endring av sosiale samanhengar og fridom til å styra sjølv – i staden for å bli styrde av embetsmenn. Folk kjende sjølv ansvaret for sitt religiøse liv og kunne ikkje overlata det meste til presten. Vesentleg i Oftedals forkynning vart etterkvart brotet med presten sitt kultmonopol. Likevel tok forkynninga hans med dei gamle religiøse verdiane, som folk ville halda på, inn i den nye konteksten. Dette gav tryggleik og kontinuitet, samstundes som forelda sosiale strukturar blei gjort ”truverdig” i ein ny sosial situasjon. Dei fann att dei gamle verdiane – transformerte slik at dei kunne brukast i ein ny sosial samanhang.¹²¹

Lars Oftedal sin omfattande aktivitet viste igjen på mange område. Han gav ut avisar Vestlandsposten og denne førte til at avislesing fekk eit gjennombrot på Vestlandet. ”På kvar gard var det gjerne to husstandar eller fleire, og to-tre gardar kunne dela ei avis (...). Kanskje var dette den mest gjennomgripande kulturelle endringa – moderniseringa – i 1880 åra”.¹²² Dessutan var han bedehusbyggjar, leiar for eit filantropisk konsern, entreprenør og politikar

¹¹⁸ Furre 1990:37

¹¹⁹ Handeland 1966:50

¹²⁰ Jøssang 2001:57

¹²¹ Furre 1990:189

¹²² Furre 1990:277

på ein gong. ”Oftedal sameinte pietistisk ortodoksi, kyrkjeleg reformarbeid og demokratisk samfunnsengasjement”, skriv Svein Ivar Langhelle.¹²³

Kvifor let folk seg refsa av presten Oftedal, men reiste likevel lang veg for å høyre på han?¹²⁴ Forkynning hans gjekk ut på at dei fleste som brukte presten sine rituelle tenester var utanfor ”Herrens lille flokk”, og på veg mot fortaping, skriv Berge Furre.¹²⁵ Skiljet gjekk ikkje mellom å vere døypt eller ikkje, men gjennom ei avgjerande omvending og brot med den breie samfunnsstraumen: ”Skikke Eder ikke lige med denne Verden”, åtvara han, og frå skrifter til den svenske vekkingsforkynnaren Carl O. Rosenius kom impulsar om at nåden er større en synda. Her gav han kanskje tankar om håp til eit folk som høyrd mest om bot og anger.

Synet var prega av spenningar mellom ulike religiøse straumdrag. Mellom Aust og Vest-Noreg rådde det ein mistanke på siste del av hundreåret som gjorde seg gjeldande på mange område. Dette fekk mange skadelege verknader og ikkje minst i kyrkjelivet.¹²⁶ På Austlandet blei den gamle haugianske forkynnartradisjonen vidareført under innflytelse av Gisle Johnson. Vestlandet hadde eit sterkare samband med engelsk og amerikansk kyrkjeliv enn resten av landet. Gjennom besøk av heimkomne Amerika-emigrantar og litterær påverknad fekk ein reformert prega religiøsitet lettare innpass her enn i resten av landet.¹²⁷

Denne reformerte religiøsitetten hadde sitt utspring frå metodismen, sidan og Rosenius var påverka av metodismen tilførte skriftene hans viktige argument for denne påverknaden. Desse momenta gav resonans til eit anna syn på ortodoks luthersk konfesjon, og for utviklinga av den frie lekmannsrørsla på Vestlandet. Oftedal henta inspirasjonen sin frå fleire hald. Frå Rosenius kom ein fornyande evangelisk impuls. Gjennom Hans Nilsen Hauge identifiserte han seg med lekmannstradisjonen. Og Johnson leverte ein ortodoks teologi som knytte lekmannsrørsla og embetskyrkje saman gjennom dei ”vakte” johnsonske prestane. Heilt grunnleggjande var at han ville identifisere seg med alle desse tre straumdraga. Samtidig avviste han ytterfløyane på begge sider og fann ein balanse mellom haugiansk og roseniansk syn på omvending.¹²⁸

¹²³ Langhelle 2006:137 i: *Vestlandets historie*

¹²⁴ Olav Hovda rodde i 1870 heilt frå Fogn til Avaldsnes for å høyre Oftedal tala

¹²⁵ Furre 1990:62

¹²⁶ Aarflot 1967:405 | Carl Fredrik Wisløff sin *Norsk kirkehistorie* har Andreas Aarflot skrive bind II

¹²⁷ Aarflot 1967:407

¹²⁸ Furre 1990:633

Oftedal si makt i Stavanger var stor, for stor meinte mange,¹²⁹ men så lenge han ruvde som den fremste for lekfolket var det ingen som torde å reise kritikk. Bare ein mann kunne hamle opp med Oftedal, og mannen var stortalaren Tormod Rettedal frå Høgsfjorden i Ryfylke. Gode venner hadde dei aldri vore. ”Det ville ikkje gå med to store i ein sekk”, skriv Oscar Handeland.¹³⁰ Etter ein samanstøyt mellom dei på kontoret til Oftedal i 1888 var det heilt slutt på vennskapen. Stavanger Indremisjon blei kløyvd og Rettedal blei leiar for opposisjonen.¹³¹

Stikkordet for 1880-åra var turbulens: politisk, sosialt og åndeleg. Folkeoverskotet i bygdene hadde hopa seg opp og folk strøymde mot byane, for mange blei dette bare ein etappe mot neste mål som var Amerika. Var dette tida til å tenkje på å utvide misjonsengasjementet med endå ein ny organisasjon? Burde ikkje vekkingsrørsla heller samla seg i staden for å dela seg opp i mindre grupper og bruka krefter på å strida mot kvarandre? Men assosiasjonsånda levde og nye grupper entra arenaen med krav om å bli høyrde.

Kløyving av det kristne arbeidet

At lekmenn bare skulle vera ei slags naudhjelp for kyrkja tykkjест ikkje å ha skapt særlege samarbeidsvanskar mellom Lutherstiftelsen og kyrkja på Austlandet, men på Vestlandet blei ”nødsprinsippet” møtt med harme.¹³² Vestlendingane ville ikkje nøye seg med å vere husmenn under prestegarden, som dei sa. Dei kravde full godkjenning av lekmannsrørsla og dessutan kyrkjeleg demokrati gjennom oppretting av sokneråd som skulle samarbeide med presten – og kontrollere han.¹³³

Her er eit klassisk eksempel på strid mellom embetsmann og bonde, men og på motsetjing mellom austlansk og vestlansk kristendomssyn. Lutherstiftelsen tok mål av seg til å halda fram med å vera underlagt kyrkja. Men i 1891 blei ”nødsprinsippet” avskaffa og organisasjonen omorganisert til det norske lutherske Indremisjonsselskap (1892).¹³⁴ Mange vestlendingar tykte ikkje denne var radikal nok. Dei ville ha ein ”fri” indremisjon der ikkje teologane greip taumane og sette prestesynet i høgsetet. Ikkje lenge etter kom tanken fram om

¹²⁹ Handeland 1966:134 bind 1

¹³⁰ Handeland 1966:133 bind1

¹³¹ Furre 1990:555

¹³² Øydne 1986:50

¹³³ Øydne 1986:51

¹³⁴ Astås 2010:325

ei ”vestlands-samling”, og resultatet blei at Det vestlandske Indremisjonsforbund (DVI) kom til ”verda” i 1898.¹³⁵

Oppakten til Det Norsk Lutherske Kinamisjonsforbund (D.N.L.K.)

Heidningemisjonen hadde eit uvanleg sterkt drag på den kristne ungdommen i slutten av 1880-åra. Då misjonsskolen i Stavanger skulle ta opp nytt kull i 1887 søkte 50 unge menn om plass, 22 blei innkalla til opptaksprøve, men bare 15 fekk plass.¹³⁶ Mellom dei som ikkje fekk plass var det tre menn som seinare vart vegrydjrarar for Kinamisjonen i Noreg.¹³⁷ Det var Ole Næstegård, Sivert Gjerde og Henrik Seyffart. Ole Næstegård drog straks til England. Folk i Stavanger hjelpte til så han kunne gå på bibelskule der, og 13. februar 1888 steig han i land i Shanghai. Det var i organisasjonen til den engelske misjonæren Hudson Taylor, China Inland Mission (C.I.M.), han arbeidde. I breva han sende heim fortalte Næstegård om det løfterike arbeidet han stod i og breva verka som glør for misjonsinteressa. Fleire misjonsslag blei danna og pengar samla saman slik at og Sivert Gjerde kunne sendast over til England.¹³⁸

Sivert Gjerde kom oppglødd tilbake frå England, og på Misjonshuset i Bergen tala han engasjert om ”Kinas nød og krav”. Folk blei gripne av det dei hørde og om lag 40 kvinner, unge som eldre, kom saman og ville arbeide for misjonen i Kina. ”Men skulle arbeidet vara, måtte dei ha menn med til å stå i brodden (...) og damene måtte bruka både harde og milde ord, før herrane mjukna og gjekk med på å leia arbeidet vidare.”¹³⁹ Møtet valte så ein komité som skulle arbeida vidare med misjon i Kina.¹⁴⁰

I styret blei Johannes Brandzæg formann og Tormod Rettedal nestformann. Det første som ”komiteen” i Bergen tok fatt på var å registrere og samle alle dei uavhengige foreiningar som fanst. Dei visste at her var det liten skilnad i kyrkjesyn og kristensyn, og difor heller ingen fare for indre strid om dei blei samla under ei leiing. Kva lover og reglar skulle ein ny misjon styrast etter? Korleis skulle det skaffast pengar? Korleis skulle den nye komiteen gjerast kjent? Og kven ville ta på seg arbeidet med å samle alle foreiningane? 27. oktober 1890 samlast utsendingar til vidare drøftingsmøte i Misjonshuset i Bergen. Ole Næstegård møtte, nettopp heimkomen frå Kina. Den mektige sekretæren i NMS, Lars Dale, hadde fått særskild

¹³⁵ Handeland 1966:258, bind 1

¹³⁶ Jøssang 2001:68

¹³⁷ Organisasjonen blei på folkemunne bare kalla for Kinamisjonen

¹³⁸ Handeland 1966:171, bind 1

¹³⁹ Handeland 1966:190, bind 1

¹⁴⁰ Det Norsk Luthersk Kinamisjonsforbund (D.N.L.K.) gjennom 50 år, 1941:13

invitasjon til å komma.¹⁴¹ Spørsmålet var om NMS ville ta opp arbeid i Kina og om Kinamisjonen kunne vera ein samarbeidspartnar.

Johannes Brantzæg orienterte i sitt foredrag om ulike alternativ og konsekvensar av desse. Eit samarbeid med C.I.M. ville vera mest økonomisk gunstig, men dei stod ikkje på den lutherske vedkjenninga. Å starta ein ny misjon var eit kostbart prosjekt, så samarbeid med det erfarne NMS var eit alternativ som burde utreiaast. ”For nokre av oss er det ei overtyding at Gud har kalla oss til å forkynne evangeliet for kinesarane.” Og han la til:

Vi frygter for at dersom Det norske misjonsselskap får råde over kinamisjonen så vil den bli mer pastoral og langt mer statskirkelig enn vi synes om. Vi vil gjerne at den norske kinamisjonen skulle være en lekemannsmisjon i langt større utstrekning enn Det norske misjonsselskap.¹⁴²

Lars Dale fekk så ordet og starta med å kritisere Hudson Taylors C.I.M. for å vere ein vedkjenningslaus organisasjon som samarbeida med baptistar og tillet polygami. Innlegget til Dale var som vanleg prega av stor kunnskap kombinert med slagferdig opptreden, men han hadde ei belearande haldning som vakte irritasjon hos mange. Konklusjonen var at NMS ikkje fann det rett å gå inn i Kina når oppgåvene på Madagaskar kravde alle ressursar fullt ut. ”Vi skal be for alle, men ikkje spreie kreftene våre slik at ingenting blir utretta nokon stad”, sa han.¹⁴³

Næstegård måtte svara på skuldingane frå Dale:

Ja, meinte Næstegård, Hudson Taylor hadde same syn som han: når ein mann har to koner og ingen born med den første, men kanskje fleire med den andre, så bør ein ikkje nekta han dåp, om han ikkje vil skilja seg med andre kona si, som er mor til alle borna hans (...) Dette forsvaret fall reint til jorda. Ikkje stemte det med det han hadde skrive heim, og endå mindre med ny-testamentet.¹⁴⁴

Etter dette vende alle ryggen til Ole Næstegård. Det var med ”forferdelse” forsamlinga høyrt at Næstegård ikkje var stø på om det skulle krevjast at ein mann slutta med fleirkoneri om han

¹⁴¹ Ibid.

¹⁴² D.N.L.K. 1941:39

¹⁴³ D.N.L.K. gjennom 50 år 1941: 50-55

¹⁴⁴ Handeland 1966:197, bind1

blei døypt.¹⁴⁵ Næstegård måtte skuvast bort, og det skulle heite at hans oppgåve hadde vore å *vekkje til misjon*, og den var nå fullført.

D.N.L.K. blir fullført

Vinteren gjekk, våren 1891 kom. 40 utsendingar frå Vestland og Sørland stemnde til Bergen for å fullføre det som var grunnlagt hausten året før. Dei vedtok grunnreglane som bygde på det meste etter regelverket for NMS.¹⁴⁶ Det blei ingen større strid om nokon av sakene og den nye organisasjonen fekk namnet *Det norsk lutherske Kinamisjonsforbund*. Lærar Nils Arnetvedt blei valt til formann og Tormod Rettedal nestformann i heimestyret. Johannes Brandzæg skulle vere formann for misjonærflokkene, 2 kvinner og 6 menn. Ein av misjonærane var Henrik Seyffart, den tredje av dei tidlegare nemnde som ikkje kom inn på misjonsskulen i Stavanger i 1887.

Var det opplagt at bare broderleg kjærleik skulle råda, både mellom dei som drog ut og den ”uhyrlige store skare” som stod igjen på kaien og song ”Brødre og søstre vi skiller nu ad?”¹⁴⁷ Sommaren 1893 samla misjonsfolket seg i Stavanger. ”Make til folkesamling hadde ingen sett der i byen sidan Lars Oftedals største tid.” Først var det fest i ”tre heile dagar til ende” for at NMS var 50 år, og deretter tok indremisjonsmøtet til. ”Betania” var fullpakka då biskop Heuch opna møtet og la dei kristne sterkt på hjarta om å vera ”eitt”. Dei vantru var ”eitt” i kampen mot kyrkja, om dei elles var usamde i mykje.¹⁴⁸

Ordinasjon av misjonærar var lenge ei uavklara sak. Korleis skulle dei stille seg til statskyrkja sine skikkar og ritual? Misjonærflokkene delte ikkje synet til misjonsleiinga heime. Skulle Kinamisjonen bruke mest moglig av kyrkja sine ordningar ute på misjonsmarka og søke ordinasjon for misjonærane sine, slik som NMS hadde gjort, eller skulle det gå sine eigne vegar? På generalmøtet i Bergen i 1899 kom saka opp.¹⁴⁹ Ordskiftet blei både langt og hardt, og varte heile dagen.¹⁵⁰ Kunne organisasjonen kalla seg norsk luthersk, men likevel gå

¹⁴⁵ D.N.L.K. 1941:43 Då ikkje Næstegård tok klar avstand frå mangegifte greip Jakob Sverdrup 1845- 1899 (tidlegare kyrkjestatsråd) inn under innleggelsen hans, og gav han ei kraftig overhaling. Seinare sa Næstegård at det står ingen stad i Bibelen om kven av konene ein bør skilje seg frå.

¹⁴⁶ Handeland 1966:200, bind 1

¹⁴⁷ Handeland 1966:201, bind1

¹⁴⁸ Handeland 1966:212, bind1

¹⁴⁹ Kvart 3. år møtttest utsendingar for alle foreiningar til generalforsamlingsmøte. Dette møtet var det øvste lovgjevande organ i organisasjonen

¹⁵⁰ Handeland 1966:270 bind 1

utanom Augustana og ikkje innvia misjonærane sine kyrkjeleg? ¹⁵¹ Eller er kyrkjeleg ordinasjon ein måte å underkaste seg kyrkja på?

Argumenta mot statskyrkjeordinasjon var etter Handeland desse:

Bispene som ordinerar, og prestane, som blir ordinerte, står ikkje på ”hellig grund.” Dei er utnemnde av kongen – kongen er den øvste bispen. Det bibelske er at kyrkjelyden utnemner. (...). Misjonsarbeidet har vaks fram frå kristenfolket. Skal me hengja prestekjolen på utsendingane våre, snu opp ned på rangen i Guds rike? Prestane meiner seg å stå *over* folket, også i klede, men den som er stor skal vera tenar for alle.

Argumenta for var:

Statskyrkja er også den synlege form for Jesu Kristi kyrkjelyd hjå oss, og i den tyding har ho både tru og gjerningar. Difor kan ein ikkje kasta alle feil og skavankar i ein haug og seja: *der* er statskyrkja, og alt det gode i ein annan kant og seja: *der* er ikkje statskyrkja. Seint og tidleg talar dei om uretten mot Hauge. Men Hauge er nettopp eit prov på at statskyrkja, då ho kanskje låg djupast nede, ikkje var utan Guds ånd (...) må protestere mot sneiorda etter prestekleda – dei er lite sømelege. Det er ikkje om klede me stridast. ¹⁵²

Før forsamlinga gjekk til avstemning song dei: ”Jesus styr du mine tankar. Så kom avrøystinga: 86 mot og 26 for kyrkjeleg ordinasjon.”¹⁵³

På generalmøtet blei og ritualsaka handsama, om kor mykje av kyrkja sine ritual og faste former som skulle nyttast i organisasjonen. Særleg var det trond for klare retningsliner ute på misjonsmarka. Mellom misjonærane rådde ein langt meir kyrkjeleg haldning enn heime. For fleire blei det ei samvitssak. Dei nekta å bøye seg for generalmøtet som hadde gått utanom den lutherske kyrkjelæra.¹⁵⁴

Saka var vanskeleg for begge partar. Leiinga heime handla etter organisasjonen sine demokratiske vedtak. Misjonærane svara med at dei fylgde samvitet sitt. Begge partane hadde ”nidkjærhet for Herren” som basis for samvitet, og Guds ord vog alltid tyngst. Resultatet blei at misjonærflokkene kløyvde seg og fleire gjekk over til NMS. Det var i denne tida at samarbeidet med vennene i NMS blei kjøligare.¹⁵⁵

¹⁵¹ Confessio Augustana er eit sentralt luthersk vedkjenningsskrift

¹⁵² Handeland 1966:264-266

¹⁵³ Handeland 1966:270 bind1

¹⁵⁴ Handeland 1966:271 bind 1

¹⁵⁵ Handeland 1966:281 bind 1

Stavanger Krets

Tida var ingen nedgangstid for norsk kristenliv. Tvert imot. Store vekkingar gjekk over bygd og by. ”Kinamisjonens venner i Stavanger amt som i lengere tid har hatt under overveielse spørsmålet om å danne kretsforening (...) at indbyde til konstituerende møde i Stavanger 4. og 5. november (år 1900)”.¹⁵⁶ Det var 69 lag som blei kalla saman til å skipe Stavanger krets. 60 utsendingar frå 35 lag møtte fram til forhandlingsmøte i Nygata bedehus der Brandtzæg var ordstyrar og Br. P. Mugås varaordstyrar.¹⁵⁷ I Ryfylke var det fleire kinamisjonslag og Finnøy hadde heile 3 lag registrerte i år 1900, skriv Straume.¹⁵⁸

Oppsummering

Hans Nilsen Hauge blei stansa av konventikkelpakaten. Omvandrande predikantar braut med det geistlege embetet si guddommelege makt. Slik orden var utenkjeleg å tolka i ei luthersk kyrkje under ein eineveldig monark.¹⁵⁹ Grunnlova av 1814 gav ytringsfridom, men ikkje reell religionsfridom. Sjølv sokneprest Gabriel Kielland i Finnøy, blei ramma av konventikkelpakaten.

Etter kvart blei det uråd å hevde lover som høyrde heime i einevoldsstaten. Desse stod i motstrid til den liberalistiske statstenkinga på 1800-talet. Betre levekår, auka allmenn opplysing og nye liberale lovar førte til at konventikkelpakaten fall bort. Nyvunnen fridom blei transformert til større ansvarskjensle, auka arbeidsinnsats og meir interesse for samfunn og fellesskap.

Individet – det personlege, fekk større plass både i kristenliv og det politiske liv. Fruktene viste seg i organisert engasjement i misjon, fråhaldsarbeid, politikk og anna lagsarbeid. Det var i denne perioden leiglendingane på Talgje blei sjølveigande bønder. Ein lang politisk utviklingsprosess enda opp med detronisering av kongen til fordel for eit parlamentarisk demokrati i 1884. Også i kyrkja ville folkelege røyster ha meir styre over eige liv og eigne tankar.¹⁶⁰

Kyrkja var heretter i realiteten underlagt stortinget (folket) i staden for kongen. I dette ”hamskiftet” skulle kyrkja finna sin nye plass og presteskapet kjempa for å halde på sine

¹⁵⁶ Straume 1956:72

¹⁵⁷ Straume 1956:73

¹⁵⁸ Straume 1956:510 og 511

¹⁵⁹ Norges religionshistorie 2005:300

¹⁶⁰ Furre 1990:188

posisjonar. Tradisjonar vog tungt og lekfolket var slett ikkje alltid modne til å fylle dei plasser fridommen opna for. Presten hadde framleis stor makt og mynde i lokalsamfunnet både som åndelig leiar og staten sin embetsmann.

På Vestlandet stod det fram karismatiske leiarar som Lars Oftedal, og med Stavanger som eit etablert misjonssenter gav dette ringverknader og impulsar til å starte misjon i Kina. Lokalt hadde misjonsinteressa lang tradisjon i Finnøy prestegjeld, spora går heilt tilbake til Gabriel Kielland. Når vekkingsvinden så på nytt blæs over Ryfylke var og talgjebuen klare til å forma og bli forma i eit nytt åndeleg landskap. Det religiøse kartet må skrivast om. På ny.

Kapittel 4: Sven Foldøen

Sven Foldøen blei den sentrale frontfiguren i vekkinga, med utspring i Kinamisjonen, som feia over Rogaland først på 1900-talet. Ei gammal og ny kristendomsform tørna saman med stor styrke, og verst og hardast gjekk det føre seg i Ryfylke. Kan det ha noko med folkelynnnet å gjere at frontane blei så harde her? Emil Birkeli har denne karakteristikken av ryfylkingen:

De roligste strøk har Ryfylke i sine isolerte bygder og fjordstrøk. Her finner vi både fjellbuer, dalbuer og øybuer (...) Ryfylkingen er jevnt nøy som og arbeidsom, til dels kritisk og stridbar, når det kommer til stykket. Det er dyp religiøs klangbunn hos ham, tidligere parret med sterke konservatisme, men i nåtiden merkes dette drag mindre, heller motsatt (...) Øybuen deler de samme karaktertrekk, men har sterkere følelsesliv jo nærmere man kommer havet (...) hos dem tenner vekkelsesbevegelsen lettere og hyppigere an enn inne i fjorden.¹⁶¹

Lars Gaute Jøssang peikar på ei anna årsak, nemleg ”Foldøen-effekten.”¹⁶² Det stod strid om namnet hans i femti år, skriv Jakob Straume og legg til: ”Mange tala vel om han, andre tala ille og det stod godt folk på begge sider.”¹⁶³ Tilhengarane sa at ingen vekte til så mykje kristeleg liv i Rogaland i det tjuande hundreåret som han. Motstandarane derimot hevda at han la svart alt innanfor kyrkja og alt utanfor kyrkja.

I Ryfylke fekk Foldøen ein posisjon som forkynnar og ”hyrde” som grensa til nasegrus dyrking. Vennene hans blei ikkje bare kalla ”kinesarar”, men også ”folløyistar”, og sjølv var han støtt på farten både på øyane og i fjordane, for å pleie kontakten med folket sitt.¹⁶⁴ Vekkingsrørsla møtte først stor interesse, men så kom motstanden og den var til tider beisk og uforsonleg. Kven var så personen Sven Foldøen? Kva nytt kom han med? Kvifor blei han

¹⁶¹ Birkeli 1946: 1-2

¹⁶² Jøssang 2001:148

¹⁶³ Straume 1956:468

¹⁶⁴ Jøssang 2001:148

”nasegrust” dyrka og like intenst forakta? Korleis opptrødde han som forkynnar? Somme vil avvise spørsmåla fordi årsaker til åndeleg vekking ligg utanfor horisonten til empirisk forsking. ”Anden bles dit han vil”, seier Guds ord, og årsakene til vekking er løynde i Guds råd.¹⁶⁵ Men granskinga her gjeld predikanten si åtferd – ikkje Guds.

Oppveksten

Sven Foldøen blei født på Foldøy i Jelsa i 1878 av foreldra Faltin Faltinsen og Inger Malena født Alveskjer. Presten Kobro konfirmerte han 1.oktober 1893, og med karakteren mykje godt var han ein av dei flinkaste i konfirmantkullet.¹⁶⁶ Han reagerte på at konfirmantane skulle gå til alters i forbindelse med konfirmasjonen, og sa til far sin at dette ville han ikkje. Presten øvde press på faren og tre veker seinare gjekk guten likevel til alters. Men han sa frå til faren at ingen blei kristen av bare å gå til alters, og for sin del var han like ugudeleg som før.¹⁶⁷

Alt fire år gamal skulle vesle Sven ha vore dregen til Gud.¹⁶⁸ Slike opplysingar får ein ta som det står – helst med ei klype salt, men foreldra blei med i ei vekking då. Opplysingane frå oppveksten er altfor mangelfull til å gi eit fullgodt bilet av personlegdom og mentalitet. Men nokre knaggar finst likevel som kan vere verdifulle for å forstå personen som så mange ryfylkingar fekk eit forhold til gjennom femti år.

Han fortalte sjølv han plagast med angst i oppveksten.¹⁶⁹ Sant nok var angsten retta mot dom og død, men kan vere med å forklare hans seinare nevrosar og psykiske ubalanse. Ofte sat Foldøen til seint på kveld heime og høyrde etter når dei eldre snakka om åndelege spørsmål, men fortalte og at som barn var han redd når framandfolk kom til gards, og gøynde seg vekk.

På ei anna side karakteriserte broren, Fredrik, Sven som ein villstyring og litt av ei ukjure. Han fortalte om ein som både fylte brønnar med stein og bora hol i robåtar.¹⁷⁰ Dette inntrykket var og rådande mellom kameratane. ”Minnest du, Johannes, då me (...) heiv torver i hovudet på bymannen som låg og sov i båten”, sa han seinare til Johannes Kjelsvik.¹⁷¹ Det

¹⁶⁵ Tungland 1978:46

¹⁶⁶ SAS Jelsa/Jelsa Ministralsbok A10 1884-1906 side 108

¹⁶⁷ Straume 1956:470

¹⁶⁸ Straume 1956:469

¹⁶⁹ Tungland 1978:21

¹⁷⁰ Tungland 1978:18

¹⁷¹ Tungland 1978:35 Desse orda møtte han kameratane med for å lokke dei med inn på møte (basar). Men då han tok til å tale la han ut: ”Eg ser mange av kameratane mine her som siglar rett til helvete med toppa segl.”

var stadig liv og røre rundt Foldøen. Han var førar i ungdomsflokkene og ungdommene fylgde han gjerne.¹⁷²

Atten år gammal reiste han til Stavanger og arbeidde på ein hermetikkfabrikk, men gjekk og på kristne møte ilag med kameratflokkene. ”Det er følt at me er på veg til helvete heile kula, sa Sven”.¹⁷³ Dei hadde høyrt på ein omvendingstale om kor viktig det var å gripe det eine ”nuet”. Nå er det alminneleg kjent at Foldøen var ”sid på flaska” i ungdommen. Så kan ein spørje: ja, han drakk, men kvifor drakk han? Kor djupt sat redsla for helvete, var ho nevrotisk eller det bare var laust snakk? Dette har eg ingen opplysingar om, men i byen møtte han ”Taletta på meieriet”, og av henne fekk han i tillegg til mjølk også nokre alvorsord med på kjøpet. Ein dag sa han til henne at han skulle reise til Amerika og der ville han omvende seg.

Til Amerika

Tida i Stavanger var nok bare ein etappe for vidare utvandring til Amerika. Våren 1899 gjekk han saman med søskenbarnet sitt om bord i emigrantskipet i Stavanger, og kom der i alvorleg snakk med ei sjukepleiar som tala til folk om å søkje Herren.¹⁷⁴ Frå New York drog Foldøen vidare vestover til Nord Dakota (nær grensa til Minnesota). Her tok han teneste hos ein nordmann med ei truande hushalderske. Denne kvinna bad unge Sven søkja Herren medan han var å finne.¹⁷⁵ Det hende ikkje anna enn at han kjende seg meir uroleg og meir sorstyngd. Ja, han bad faktisk Gud om å bli alvorleg sjuk, for kanskje kunne det vere måten å bli frelst på, skriv Straume. Ein dag Sven heldt på å stelle muldyra fekk han eit spark i magen, men før han visste ordet av det reagerte han med banning og stygt snakk. Då innsåg Foldøen at han var langt frå nokon kristen.¹⁷⁶

I november same året kom han til ein farmar som heitte Ole Olsen og budde litt nord for ”byen” Clifford.¹⁷⁷ Det hadde nyleg gått vekking over stroka der omkring, og Ole Olsen og kona Kari var blitt omvende. ”Huttetu, nå er eg komen midt opp i varmen, tenkte Sven med seg sjølv.”¹⁷⁸ Likevel blei han straks med husbonden på møte ein kveld. Etter talen heldt dei

¹⁷² Tungland 1978:18

¹⁷³ Straume 1956:471

¹⁷⁴ Tungland 1978:24

¹⁷⁵ Tungland 1978:25

¹⁷⁶ Straume 1956:471

¹⁷⁷ Clifford ligg i austre del av staten, og vart grunnlagd i 1883. I 2010 hadde ”byen” 44 innbyggjarar. I 1950 budde der 158. Kjelde: Wikipedia 2010.

¹⁷⁸ Tungland 1978:25

bønnemøte og alle, så nær som han, la seg på kne. Foldøen hadde aldri sett at folk bøygde kne når dei bad. ”Dette måtte vera metodisme, og det sa han til Olsen på heimvegen.”¹⁷⁹

Seinare kom to preikarar frå Minnesota og heldt møte der i grenda. På ny blei Foldøen med på møte og han høyrd, sveitta og skalv, og blei viss på at dette var siste gong Gud kalla han, skriv Handeland:

Ein av preikarane kom fram til Sven, la hendene på hovudet hans, og bad for han. Det gjekk som ein straum av kraft gjennom kroppen, og han kjende seg noko lettare i hugen, men glad blei han ikkje. Det gjekk ei veke, og han stod like fast.¹⁸⁰

Kva kan dette vise? Ein motsetnadsfylt personlegdom som alt frå barndommen sleit mellom redsle for folk og samstundes hadde ein sterk trøng til å leie kameratflokkene. Bak ein kvikk og slagferdig replikk løynde det seg ei urolig sjel som ikkje fann ro i tilveret. Han var intelligent, hadde ambisjonar, men åtte ein natur som vanskelig kunne finne seg til rette i ein tradisjonell kyrkjelyd. Samstundes innsåg han at å leve eit rollespel utan forankring i ei djupare mening med livet, streid mot eigen naturlige legning og identitet.

Etter fjorten dagar var alt svartna til, så blei han med Ole Olsen på møte i Turnhallen.¹⁸¹ Oscar Handeland skriv at Foldøen stod og venta på Ole medan han batt hestane, så plutseleg, høyrd han ei røyst sa til han: ”Sønn, vær frimodig, dine synder er deg forlatt”.¹⁸² Endå ein gong høyrd han røysta som sa at då eg hang på krossen og blodet mitt rann, då blei synda di teken bort. Ei glede strøymde gjennom han og gav han fred i hjarta og visse om at han var frelst. ”Men jamsides med denne gleda gjekk ein sterk trøng etter å fortelja dette for andre, ropa ut at frelsesgrunnen ligg i Kristus; folk må ikkje gå krossen forbi, for då går det gale.”¹⁸³

Etablerer denne forteljinga eit mytedannande bilet av Sven Foldøen? Frelsesopplevinga si rekna han som bevis på å vere kalla direkte av Gud. ”Nasegruse dyrkarar av Foldøen”, etter Lars Gaute Jøssang sin karakteristikk, godtok dette. Men er det råd å konstruere ei anna og meir nyansert årsak på grunnlag av dei alt kjente opplysingane?

¹⁷⁹ Handeland 1966:195 *Vårløysing*, bind 3

¹⁸⁰ Ibid. Sjå side21 om Schavland

¹⁸¹ Turnhallen låg ikkje i Clifford som det kan høyrist ut, men trulig i Grand Forks som var ”normal” by og administrasjonsstad

¹⁸² Handeland 1966:196 bind 3

¹⁸³ Ibid.

Ole Olsen høyrde til Brodersamfunnet.¹⁸⁴ Brødrevennene har mykje felles med metodistane. John Wesley blei inspirert av dei, sjølv om han tok avstand frå visse trekk i læra.¹⁸⁵ Det var i dette miljøet Foldøen levde. Anne Stensvold skriv at USA hadde ingen statskyrkje, men store vekkingar fann stad med utspring i metodistiske og baptistiske trussamfunn på 1800-talet.¹⁸⁶ Foldøen vart omvendt hos brødrevennene og reiste seinare saman med metodistar.¹⁸⁷ Carl Fredrik Wisløff omtalar brødrevennene (Herrnhutane) slik:

Det første en merker seg er den kristosentriske grunnholdningen. Alt er innstilt på Jesus Kristus – så sterkt at en kan synes at Gud Fader blir satt i bakgrunnen, eller endog slik at Jesus Kristus og Gud Fader blir den samme (...) Kristi frelsesverk er det store tema i brødrevennenes forkynnelse. De taler stadig om Jesu blodige død for våre synder. Om dette taler de sterkt og evangelisk, men noe ensidig – og i eldre tid en smakløse utbroderinger om Jesu vunder og sår. Sårene i hans hender og føtter og ikke å forglemme såret i hans side er det stadige motiv. (...) Brødrevennene vil ikke vite av noen langvarig omvendelse og botskamp; frelsen er fullbrakt av Kristus i hans død, og derfor innbys synderen å komme ”som han er.”¹⁸⁸

Om kjeldematerialet er utilstrekkeleg anar ein likevel at konturar av denne nye metodistiske trusretninga fort blei normerande og fann ein naturleg resonans i Foldøen sin personlegdom (verka internaliserande). Retninga inneheldt trekk som løyste problem han sleit med å leva etter, både intellektuelt og emosjonelt. Ei lang og mødesam ”Salighedens orden” som karakteriserte haugianismen passa ikkje med psyken hans i det heiletatt.

Presten sin maktposisjon i Noreg som representant for både staten og Gud hadde han ikkje sans for. Tvungen konfirmasjon med etterfylgjande press om altergang kan vera eit minne som gjorde det vanskelig for han å omvenda seg. For så i neste omgang å gli inn i eit religiøst system der han ville kjenne seg fanga og nøytralisert av krefter han mislikar. Konklusjonen kan vera at i det personlige konfliktområde mellom barndommens angst for framandfolk og ambisjonar om å vera leiar i kameratflokkene trongst ein arena der han fekk utfalde seg. Som retorikar med naturleg sans for å utnytte kjensler og kommunisere ein bodskap passa lekemannskristendomen etter amerikansk mønster som ”hand i hanske”. Her kunne han utfalda seg og synte straks eit stort talent.

¹⁸⁴ Tungland 1978:25

¹⁸⁵ Carl Fredrik Wisløff 1974:106 *Kristne Kirkesamfunn*: Luther Forlag, Oslo

¹⁸⁶ Stensvold 2005:342 ”Amerikansk vekkelseskristendom i Norge” i: *Norges religionshistorie* Universitetsforlaget Oslo

¹⁸⁷ Handeland 1966:195 bind 3 ”Ei tid etter kom det to preikarar frå Minnesota og heldt møte der i grenda”. Tungland nemner to namn Charles Wallers og Edvard Bye 1978:30. Straks etter omvendinga reiste Foldøen rundt på prærien i lag med Edvard Bye i 8 dagar, skriv Straume, side 473.

¹⁸⁸ Wisløff 1974:102 og 103

Nettopp i slagordet ”kom som du er” fann han løysinga og spegla seg i rolla som leiar av ei stor lyttande forsamling. Heilt kopla fri frå presten sine sakramentale maktmiddel, men trygt forankra i Guds ord om at omvendinga var den nye fødsel, forma nye visjonar seg hos han. Overtydd om at i Amerika var folk rett omvende utan at maktglade statsprestar gjekk rundt å passa på, gjorde det lettare for han å koma til tru. Folk trudde på det han stod for – og det hjelpte han til å tru meir på seg sjølv.

Erfaringa med amerikansk kyrkjeliv gav Foldøen mange nye og viktige impulsar. Her var vilkåra like for alle og moglegheitene for å lukkast sterkt knytt til eigen innsats. Men den lovprisa amerikanske fridommen med sin verdsette individualisme hadde og si bakside. Ein flora av konfesjonar og oppsplitting i mange kyrkjesamfunn kan vere årsaka til, at trass for seinare motstand mot kyrkje og presteskap valte han likevel å bli ståande i statskyrkja.

Foldøen tok ”Homestead” som var dei vanlege 640 mål jord staten dela ut til dei som ville starta som farmrarar, men framtida hans låg likevel ikkje i præriejorda. Trongen til å reise heim att vaks. Han ville heim og fortelje om omvendinga si, men det må leggjast til at i Ryfylke var det heller få som såg nokon bonde i han. Eit par vintrar reiste han rundt og tala Guds ord, litt på eiga hand og stundom i lag med andre. Men sommaren 1902 selde han farmen sin til ein svensk preikar for 1000 dollars og tok på heimveg.

I bagasjen han tok med seg heimover var og erfaringar frå alt han hadde opplevd. Tankar og idear han fekk under den vide præriehimmelen tok han med seg heim og inn i dei tronge Ryfylkefjordane. Der var endå tradisjonane sterke, evangeliet skulle helst tolkast av presten, og bygdefolket var oppdregne til å lyda embetsmenn som stod over dei i rang og vyrdnad.

Heime att

”Den 12.februar 1903 stod Sven etter heime i stova på Foldøy”, skriv Oscar Handeland.¹⁸⁹ Kva konkrete planar hadde han? Det vakte stor oppsikt då Foldøen fortalte om omvendinga si. Kjeldene fortel at heime møtte han emissären Anders Lodheller, som reiste for Ryfylke og Jæren Indremisjon. Lodheller hadde møte på Foldøy og var ein eldre predikant som sjølv hadde vore ei tid i Amerika. Då han reiste frå Foldøy tok han Sven med seg i båten til Ombo og det utvikla seg eit godt vennskap mellom dei.¹⁹⁰

¹⁸⁹ Handeland 1966:197 *Vårløysing* Bind 3

¹⁹⁰ Straume 1956:327 Foldøen kom til Nedre Vats i 1904. Lodheller tok imot han og gav han husly og mat

Etter eit par dagar reiste Lodheller vidare, ”men Sven blei ståande i om lag 2 månader.”¹⁹¹ Seinare haldt han fram med møte i heimetraktene. Mange bad han kome og fram til nå hadde Foldøen reist fritt, rett nok litt saman med Anders Nebdal,¹⁹² men kva visste han om Kinamisjonen og korleis hamna han der?

Jentelaget på Foldøy valte han som utsending til Kinamisjonen sitt kretsmøte i Skudesnes sommaren 1903:

Då utsendingane samlast på bedehuset i Skudeneshavn, bad emissær Renså dei bøye kne og byrje møtet med bøn. Og alle gjorde det utan motsegn. I bønemøtet fekk Sven Foldøen kall frå Gud om å reise for Kinamisjonen. No kjende han at den ånd som rådde mellom dette folket, var den same som rådde i Brodersamfundet i Amerika der han vart frelst. I bøna sa han til seg sjølv: Dette folket er det eg skal vere i lag med, og her høyrer eg heime.¹⁹³

Uansett årsaksforklaring enda det med at her blei Foldøen tilsatt og verande. Det radikale lekfolk dominerte styringa i denne organisasjonen, og i dette miljøet lika Foldøen seg. Med omvendingskristendom og amerikanske faktorar skulle bygdene i Ryfylke vekkjast.

Til Imsland

Alt våren 1904 hadde Foldøen opparbeidt seg ein viss kjendisstatus. Bedehuset i Imsland var fullsett alt første kvelden då han kryssa Vindafjorden, i kuling og uver, i ein liten båt med alt for stort segl. Fleire ungdommar var med han, men bare ein torde vere med Foldøen i den vesle båten. Dei andre hadde fått seg ein større og støare båt og alle kom velberga over til andre sida.¹⁹⁴ Stormen ula støtt når Foldøen sine landkjenningar skal presenterast. Det blir tillagt metaforiske eigenskapar av bibelske dimensjonar der både vind og bylgjer lydde.

Foldøen talte gripande om den blinde mannen ved Jeriko som fekk synet sitt igjen. ”Nå fór Jesus gjennom Imsland”, og ”i staden for å tigge satan om å mette sjela, måtte folk sjå til å be Jesus opna augo før det var for seint”, var bodskapen hans.¹⁹⁵ Tredje kvelden såg det framleis så mørkt ut at Foldøen gjekk bak ein stor stein og bad før møtet. Ein av dei som vanlegvis såg mørkt på alt, meinte at det nytta ikkje å be for Imsland. Men mørket er ofte svartast rett før

¹⁹¹ Tungland 1978:32

¹⁹² I tre år var Anders Nebdal frå Lista einaste forkynnaren i kretsen, sjå Tungland s. 39

¹⁹³ Straume 1956:474

¹⁹⁴ Handeland 1966:204 bind III

¹⁹⁵ Handeland 1966:204, bind III

dagen renn, og vekkinga kom. Då Foldøen hadde stått på i tre veker sende Stavanger Aftenblad inn journalisten Laurits Nielsen Rygh for å skriva om vekkinga i Imsland.¹⁹⁶

I ein lang artikkel som dekka halve førstesida skreiv han om føremiddagsmøte i Imsland kyrkje. Kva det var folk i kyrkjebenkene fekk høyre og kva dei måtte sitje igjen med av tankar og inntrykk når talen var over? Rygh var nok ein journalist som hadde høyrt emissærar tala før. Han begynte med å skrive at Foldøen las kapitlet om dei to grekarane som ville sjå Jesus.¹⁹⁷ Men som vekkingspredikantar flest gjekk han straks over til ”å legge an på det ene fornødne”, og så sette han i gang. Frå denne lange artikkelen vil eg bare bruke plass på å referere essensen i forkynninga hans:

Mon hva det er som driver deg til kirken i dag? Kan hende å få se Jesus? Ja, det var ikke for tidlig; du har lenge nok stått imot. Du må vite, det er ikke jeg som taler. Det er Gud som taler til deg (...) Kanskje for siste gang (...) Vil du bli frelst? Vil du det? Vil du bli frelst i dag? Nu? I denne stund? (...) eller vil du i all din levetid tene djevelen og den evige fortapelsen som venter deg som djevelens lønn? Motstår du Guds ånds kallelse i dag kaller den kanskje aldri mere på deg her i livet, og den evige fortapelse venter deg som djevelens lønn. (...) Omvendt er du ikke uten du har bekjent. Foldøen reserverte seg dog forsiktigvis mot den misoppfatning at det var selve bekjendelsen som var årsaken til omvendelsen, men det var beviset. Motvilje mot å etterfølge dette bud skrev seg frå djevelen. Det var djevelen som snørte halsen igjen så bekjennelsen ikke slapp fram. Det var djevelen som innga den vakte synder den store menneskefrykt for derved også fremtidig å få erholde ham i sine garn. Og han lykkes altfor ofte. Men stå ikke under djevelens herredømme. Ta skritten i dag!¹⁹⁸

Tale og kommunikasjon

Kva årsaker ligg bak når folk strøymer til og let seg engasjere og påverke av ein talar? Kommunikasjon er nøkkelordet, og det omfattar meir enn bare det verbale. Predikanten må verke truverdig og ha evna til å nå fram til tilhøyraren. ”Han kunne vera mjuk og varm, skjelvande og gråtane i røysta, men når han refste synd og dømde lovtrældom og fariseisme var han streng og hard”, skriv Tungland.¹⁹⁹ ”Å høyra Foldøen be var alltid en opplevelse, for det var som barnet når det taler med sin far. Kanskje var det også netop her hemmeligheden låg når hans ord gjik så til hjerta”, er eit anna eksempel.²⁰⁰

Foldøen erobra ”det sosiale rommet” der kommunikasjonen utspant seg. Truverdet i bodskapen hans auka med å ha med nyfrelste venner, ”fyrstikker” eller tennstikker, som han

¹⁹⁶ Tungland 1978:101

¹⁹⁷ Joh.12,20-33

¹⁹⁸ Stavanger Aftenblad 30.mars 1904

¹⁹⁹ Tungland1978:88

²⁰⁰ John Gard (upublisert) Skrive i 1971, 65 år etter vekkinga på Talgje, av ein som var 24 år i 1906

kalla dei. Desse varma opp møtelyden med song og vitnesbyrd. Når han så sjølv kom på talarstolen, var den mentale dialogen alt etablert og forventingane store. Foldøen greidde å følgje opp og fascinere tilhøyrarane og evna å konsentrere både tanke og kjensler i den lei han ynskte. Dette kjem tydeleg fram av Aftenbladet sin journalist frå møtet i Imsland.

Kroppsføringa meistra han (sjå s.19) Truverdet blei halde vedlike med at ”tennstikkene” stod fram og vitna. Talaren skal ikkje bare senda bodskapen, men mottakaren må oppleve at bodskapen gjeld hans liv. Den kollektive dynamikken i forsamlinga skapte ein atmosfære som auka påverknaden på kvar enkelt. Når desse elementa var på plass på eit vekkingsmøte, heite det at det rådde ei god ånd og folk følte at Gud var tilstades.

Foldøen vann tilhøyrarane sin tillit. Kvar enkelt måtte gjere eit val, og valet var å velje mellom Gud og djevelen. Det oppstod ein nærhet med å føle at predikanten ikkje tala om ”noko”, men om ”meg”. Tala sant om han – og tala nettopp til han. Foldøen meistra spelet om å skape ein atmosfære (ånd) som auka påverknaden på kvar enkelt. Kombinasjonen av ein pågåande stil med amerikanske metodar på møteforma var ny og effektiv. Dette var ulikt kyrkja og braut med den tradisjonelle haugianske lekmannssamlinga, der opplesing av klassisk pietistisk litteratur var sentralt.²⁰¹

Folk likte den pågåande stilens hans. Han snakka rett fram på ekte ryfylkedialekt og nytta eit kvardagsspråk med eksempel frå daglegrivet som folk kjende seg heime i. All fokuseringa på djevel og fortaping var nok skräemande, men etter å ha skräemd med evig fortaping så folk sveitta og skalv, la han ut om alternativet. Kinamisjonsvennene meinte at så lenge Foldøen hadde løysinga var situasjonen under kontroll.

Mange viste tydeleg interesse etter å høyra nytt om religiøs tru. Dei visste Foldøen kom med nye tankar og bruka moderne amerikanske metodar. Dei var klar over at korkje presten eller dei gamle haugianarane lika dette nye, prega av ”tidsånden” og ”billig nåde”, og lytta derfor spente på kva denne heimvendte amerikanaren hadde å fare med.

Forkynnaren

Som talar var Foldøen spesiell og ein mann som blei lagt merke til. Dette er ei felles oppfatning anten folk var einige med han eller ikkje.”Gud hadde utrusta han. Vitnemøta var gripande. Han brann for å vinne sjeler. Han kunne seia ting han ikkje burde, men då tok

²⁰¹ Tungland 1987:32 i: *Bedeuskulturen*

Herren han avsides og tala med han”, er Tungland si forklaring og superlativa kjem på rekke og rad.²⁰² Andre opplevde han nok heilt annleis.

I eit analytisk perspektiv kan ein episode frå Jørpeland i 1910 kaste litt meir lys over væremåten til Foldøen. Tungland og Straume har ulike detaljer om hendinga, men dei utfyller kvarandre og gir dette oversynet: Sjur Espeland frå Ølen reiste for Indre Sjømannsmisjon. Det braut ut vekking og ein kveld tala han lenge og alvorlig om ”Fordervelsens avgrunn”. Etter talen blei det høve til vitnesbyrd og Foldøen, som var på Jørpeland nett då, reiste seg. Han gjekk rett opp på talarstolen og tala om fangevaktaren i Filippi. ”Tru på den Herre Jesus og du skal bli frelst”, sa han²⁰³ (Apg.16,30).

Dei to tala om kvar si side av same saka. Ingen av dei forkynte vranglære. Men dei tala slik at det høyrdest ut som dei gjekk beint i mot kvarandre – og i anden var dei det og. Det var vekking på Jørpeland ved Indre Sjømannsmisjonen og mykje folk var samla. Etter talen til Foldøen blei det så mykje strid mellom dei ulike gruppene at vekkinga som var godt i gang stansa heilt opp.²⁰⁴

Tungland forklarar og tolkar alltid Foldøen i beste meinings. ”Då Sven Foldøen blei tilsett som forkynnar stod det i brevet at det er *Kinamissionens Sag der arbeides for*. Denne formaninga tok han til seg, og Gud tende eit heilagt kall hos han”.²⁰⁵ Den ”ærverdige Sjur” måtte reise heim. Men korleis kunne Tungland, som ein av dei fremste innan NLM og sjølv strandbu, bagatellisere handlinga? Meinte han at arbeidet for ”Kinamissionens Sag” var så viktig at det kunne rettferdiggjere at vekkinga stansa opp og mange vakte jørpelandsbuar gjekk fortapt?

Vitnemøta med Foldøen var eit kapittel for seg. Han stod ofte framme på talarstolen og leidde møta med bestemt og fast hand. Då kunne han kommentere vitnemåla, han refsa og stadfesta og oppmuntra.²⁰⁶ Nyfrelste syndrarar blei ropa opp med namn for å fortelja om den store overgangen frå døden til livet. Ein hadde opplevd frelsa så herleg at han kjende seg som nytt menneske, løyst frå jorda og med så overveldane glede at han måtte trive seg fast i ein telefonstolpe så han ikkje letta og for til himmels. ”At du ikkje slepte”, kom det kvikt og tørt frå Foldøen.²⁰⁷ Til ein som hadde overspente syner ropa Foldøen kvast: ”Sett deg ned! då han såg NN ville reisa seg.”²⁰⁸

²⁰² Tungland 1978: 89 og 196

²⁰³ Straume 1956:184 Tungland 1978:145

²⁰⁴ Straume 1956:185

²⁰⁵ Tungland 1978:119

²⁰⁶ Tungland 1978: 96

²⁰⁷ Golf 2001:72

²⁰⁸ Tungland 1978:97

Han kunne fengje og engasjere. Ja, folk venta helst at noko uventa skulle bli sagt. Slagferdig og frimodig, og med råkande replikkar, fall det ofte ord som aldri skulle vore sagt, men det tok folk flest ikkje så nøye.”Å de é nå berre an Sven, an meinte det ikkje”, orsaka dei seg.²⁰⁹ Slik blei ukvensord tolerert og faktisk gjort ”kristelege”, men med den avgrensing at når andre emissærar prøvde å kopiere veremåten hans kunne det enda med trussel om rettssak.

Ein gong gjekk det tregt på vitnemøtet og Foldøen var ikkje nøgd. Så høyrtes harking og kremling langt bak i møtesalen: ”Å é det du Syvert. Ja, ja, det é nå betre enn ingenting, men ver snare”. Eller Bjarne som under ein møteaksjon kveld etter kveld retta opp handa og ville at Foldøen måtte be for bror hans som endå levde i ”verden”. ”Nå é det på tide at du begynnar å be sjølv, din latsabb”, ropte Foldøen. Slikt hadde sin spesielle verdi, det var krydder i kvardagen, folk kom, mange humra og lo, og tykte det stod til. Særleg ”galleriets publikum, der bestaar af mere eller mindre kaad ungdom, morer sig og driver gjøn”.²¹⁰

Der vennene orsaka Foldøen stilla andre seg kritiske. Enkelte vurderte blandinga av mjuke ord og saftige kommentarar som eit ledd i ”hersketeknikken” hans. Var prisen med å vinna den ”kaade” ungdommen på galleriet, at personar i møtesalen blei gjort til allmenn lått? Etterpå kunne han angre, stundom felte han tårer og sa han ofte bad Gud om å styre munnen sin.²¹¹ Men gjekk han nokon gong til den/dei han hadde såra og bad om orsaking? Foldøen var snar til å angre, men han sprang ikkje til for å gjere opp. Slikt var ikkje vanleg i det miljøet, skriv Josef Tungland,²¹² men anten det er Kinamisjonen eller Ryfylke Tungland meiner med ”miljøet”, er konklusjonen hans likevel mistenkeleg subjektiv og tvilsam.

Det stadige snakket hans om djevelen blei tolka ulikt. Vennene haldt fram at det høyrdet til retorikken for å beskriva åndslivet. Andre følte seg støyte og tykte talemåten var primitiv og upassande. Somme har antyda at han slik fekk utløysing for rester av bannskapen han kjempa mot i eige sjellev, frå tida før han blei omvend.²¹³ Grove karakteristikkar og skjellsord av folk han var ueinig med er mange. Eingong hogg han etter ein kjenning frå Ombo og sa det skulle vore hengt ein kvernstein om halsen hans. Med rette skulle han ha vore senka til botnar

²⁰⁹ Golf 2002:97

²¹⁰ Lesarinnlegg i Stavanger Aftenblad 6. januar 1909 frå møte på Finnøy

²¹¹ Tungland 1978:196

²¹² Tungland 1978:107

²¹³ Golf 2002:97

borte på Nedstrandsfjorden,²¹⁴ men også slikt kunne bli orsaka som ”heilag vreide” av vennene.

Korleis kunne folk sitje på bedehus eller i kyrkje og flire når Foldøen tala, dirigerte møte og serverte ukvemsord. Ei ung jente som hadde stelt for han i vekevis fekk høyre at ho såg ut som ein ”utsleten tresko”.²¹⁵ Der folk sleit for føda og livet var fysisk hardt, hang det lett igjen ein råskap i ordbruken. Gamle drikkeskikkar og bannskap veik der vekkingskristendommen vann fram. Avskoren frå det gamle måtte ei ny sjølvkjensle transformerast inn i den nye sosiale situasjonen.²¹⁶ Endringar kom gradvis, men mentalitet og språkbruk tok det lengre tid å endre enn mange andre skikkar.

Kunne det passa inn i Foldøen sin ”grenselause omsut for dei ufrelste” når folk opplevde å bli mobba, kalla latsabb eller sett i ein pinleg situasjon, og i tillegg fekk høyre lått og fnising?²¹⁷ Låtten er etter fagfolk sin analyse utslag av ein ”ryggmergrefleks”, i slike tilfelle. Den kjem spontant, før ettertanken og før sympatien og rettferdskjensle får tid til å trengje seg på med refleksjon over om ein ”bør le” eller ikkje.²¹⁸

Når folk på galleriet flirte og lo, og samstundes såg at enkelte i salen drog på smilebandet av handlinga oppstod det og ei samkjensle mellom dei som lo. Dette kunne skape eit fellesskap mellom to ulike grupper som verka forsonande. På galleriet samlast først og fremst slike som kom bare for å kikka på det som føregjekk. I eit kalkulerande rollespel kunne det svare seg å ofre ein i salen for å vinne fleire på galleriet og Foldøen meistra rollespelet. Den kollektive dynamikk i forsamlinga skapte ein atmosfære av auka gjensidig påverknad på kvar enkelt.

Galleriet hadde ein viktig funksjon i bedehuset sitt kroppsspråk. På galleriet hadde dei eit godt utsiktpunkt til å sjå inn i bedehusmiljøet. Å sitja å sjå på folk er kanskje den vanlegaste av alle former for tidtrøyte. Under vekkingar sat ofte mykje folk på galleriet. Her kunne dramaet nede i salen opplevast som ei teaterscene, utan å kome så nær at det blei ubehagelig.²¹⁹ Men fråstanden mellom salen og galleriet var ikkje større enn at eit råkande ord kunne føre til at tilskodaren sjølv hamna nede på ”scena”.

²¹⁴ Straume 1956:226

²¹⁵ Golf 2002:97

²¹⁶ Aagedal 2003:57

²¹⁷ Tungland 1978:195

²¹⁸ Aagedal 2006:471

²¹⁹ Aagedal 2006:473

Slik sett var galleriet underholdningsplass for bygdefolket og misjonsmark for vekkingsfolket. I denne analysen hadde Foldøen kvalifikasjonane som skulle til for å få folk til ”å gå ned frå galleriet”, ”å gå fram”, ”å bøye kne” osv. Til ei slik forkynning trong han gjerne eit offer, og kunne fem på galleriet frelsast ved å gjere ein i salen til ”lått å løye” var det verdt prisen.

Forkynninga sitt religiøse innhald og særpreg

Foldøen var karismatisk og fengjande som talar. Men kva nytt innehelt forkynninga hans sidan det blei både vekking og strid der han kom? Skiljelinene gjekk ikkje bare mellom kyrkje og lekmannsrørsla, men vekkinga møtte og motstand frå deler av lekfolket. Partane skulda kvarandre for å misforstå Guds ord og dermed førte folk vill. Harde ord fall, for her galt det å åtvare folk mot villfaring.

Alt i 1904, på møtet i Imsland, er konfliktkjernen synbar. ”Vil du bli frelst? Vil du det? Vil du bli frelst i dag? Nu? I denne stund?” Kvifor skapte så dette reaksjonar? Særpreget ved den radikale lekmannsrørsla i Ryfylke var forkynning til omvending og til eit nytt liv. Rørsla braut med pietismen som stilte krav om rett sjeletilstand på førehand for å kunne tru nåden i Kristus.²²⁰

Det Foldøen stod for som forkynnar kan samlast i tre hovudpunkt:

- ”Kom som du er!”
- Vektlegging på eit løysingsord
- Folk må oppleve frelesesvisse

”Kom som du er!”

Jeg hadde aldri tenkt at det skulle bli sagt frå Hausken prekestol at synderen kunne komme som han er. Et slikt ord kan ikke sies i en forsamling av troende og uomvendte. Men nu er det sagt. (...) Det vart eit følt røre og verre skulle det bli.²²¹

Slik reagerte sokneprest Edvard Sverdrup etter han i 1906 let Foldøen få tale i kyrkja på Rennesøy. Å seie at frelsa er eit ferdig verk for syndaren kom som eit sjokk. Likeeins at syndaren kunne kome og ta i mot frelsa som han var. Som representant for dei ”vakte” johnsonske prestane var og Sverdrup talsmann for den pietistiske haugianske arven. Denne

²²⁰ Tungland 1978:170

²²¹ Straume 1956;304

”modellen” gav impulsar som hadde til mål å knytte lekmannstradisjon og embetskyrkje saman.²²²

Hauge tala mykje om at trua måtte syne seg i livet før ein vedkjente henne, dette hang saman med frykta hans for ”en tagen Tro”. Vekta låg på at anger og omvending skulle kome først, deretter trua. For Jesus forkynnte i evangelia: Omvend dykk og tru. Vekking måtte først føre til anger, syndeerkjenning, og bot, deretter omvending og rettferdiggjering, og så etterføding og etisk omskaping til eit nytt liv – heilaggjering . Ordo salutis eller ein trinnvis ”Saliggjørelsens Orden” kjenneteikna omvendingsprosessen hos dei ”gamle”.

Denne ”omvendingsmodellen” fengde ikkje det radikale lekfolket. Derimot kjende både Kinamisjonen og Foldøen seg sterkt tiltrekte av den svenske vekkingsforkynnaren Carl Oluf Rosenius. Han la vekta ein annan stad – på det momentane: Alt er fullført og ligg klart. Sjølve saka er nåden. Det er bare å ta imot – nå, i denne stunda. ”Kom som du er til det duka bord!” Og om synda er stor er nåden endå større.²²³

Foldøen var ingen teologisk tenkjar som hadde bygt seg opp noko konsekvent læresystem.²²⁴ Men erfaringane hans frå Amerika blei aksentuerte gjennom impulsane frå Rosenius. Ryfylkingen Tormod Rettedal²²⁵ hadde etablert eit godt forhold til metodistane, som igjen hadde noko av læra si frå herrnhutane/brødrevennene. Slik blei metodistvennen Rosenius ein inspirator og læremester for lekmannskristendommen som braut fram i Ryfylke.

Løysingsordet eller ”Å verta løyste”

Trua skulle vera ei levande og synleg kraft i eit pietistisk sinnelag, og dei gode gjerningane var ikkje for Guds skuld, men for nesten si skuld.²²⁶ Aksentueringa av lova uttrykte alvor og verka som motpol mot ei likesæl og død tru. Å leva etter Guds bod i synleg anger over syndene sine var dei karakteristiske trekka hos dei gamle ”læsarane”.

Sakamenta var det objektive frelseskriterium, men var utan verknad i den subjektive kristendommen dersom sakamenta ikkje var knytt til ei rett tru.²²⁷ Det kristnelivet var å leve i dåpspakta, det skjedde ved å leva etter Guds bod, då var dåpen eit ”gjenførelsens bad” og

²²² Furre 1990:633 Teologiprofessor Gisle Johnson var ein religiøs fornyar på det teologiske fakultet. Sjå og s.37

²²³ Furre 1990:633

²²⁴ Tungland 1978:89

²²⁵ Straume 1956:78 Tormod Rettedal var frå Forsand i Ryfylke og ein av pionerane i D.N.L.K.

²²⁶ Pietisme er ei underleggjering av truslivet sjå m.a. Norsk Kirkehistorie Wisløff 1967: 96 og 243, bind II

²²⁷ Aagedal 2003:34

ein var verdig nattverdgjest. Haugianarane skulle i tillegg syna anger over syndene sine, dei sukka og bad over synda, gudløysa og all elende i verda. Foldøen meinte at haldninga deira uttrykte mest lovtrældom, farisearisme og fremjing av eigenrettferd.²²⁸

Kva kjenneteikn hadde så den nye lekmannskristendommen som markerte at folk var frelst? Her var bare omvendinga det sikre teikn på ein ny fødsel. Men korleis kunne den vakte få objektiv visse om at han/ho var rett omvendt? Hadde vekkingsrørsla noko kriterium for objektiv rett omvending? Mennesket kunne heller ikkje omvende seg når det sjølv ville. Det var Gud som kalla og overtydde om synd og rettferd.²²⁹

Noko av det spesielle med vekkinga var vektlegginga på eit ”løysingsord”. Gjennom dette skulle den vakte få ”Sjå seg frelst og frigjort i Jesu verk på Golgata”, skriv Josef Tungland.²³⁰ Her kretsar Foldøen stadig tilbake på si eiga oppleving i Amerika, at han høyrde ei røyst tala til han. Dette blei ein modell for rett omvending i Ryfylke og Foldøen aksepterte bare små avvik frå dette. Utan å vere ”løyste” blei ingen godtatt som fullverdig i venneflokkens hans.²³¹

For den vakte var det derfor svært viktig å finne sitt eige løysingsord. Som regel var det eit bibelord som skulle opplevast som om det var adressert til meg personleg, men eit salmevers kunne også gjere nytte. Den vakte kunne så vitne om å vere løyst, frigjort og glad:

Særpreget ved den radikale lekmannsrørsla i Ryfylke var sikkert kravet dei stilte til den vakte sjela om ”å bli løyst” frå lov og lovgjerningar, ”sjå seg frelst og frigjort” i Jesu verk på Golgata. Den vakte sjela måtte oppleve og erfare at sjela blei løyst ut, at syndebøra datt av.²³²

I leiinga for Kinamisjonen var det fleire som kritiserte Sven Foldøen for einsidig å leggja vekt på opplevinga i si eiga omvending. Ein av desse var Ludvig Hope som meinte at Foldøen var for subjektiv i forkynninga.²³³ Men, den vakte sjela måtte bli løyst om kristenlivet skulle vera rett og her endra Foldøen aldri meining.²³⁴ Andre emissærar tok etter og det å bli løyst blei for mange eit vilkår for å kalle seg kristen.

²²⁸ Tungland 1978:109

²²⁹ Tungland 1978:115

²³⁰ Tungland 1978:170

²³¹ Golf 2002:28

²³² Tungland 1978:178

²³³ Golf 2002:29

²³⁴ Tungland:171

”Kravet om ei omvendingsoppleveling gjorde at forkynninga også retta seg til dei som rekna seg for kristne”, skriv Magne Nesvik.²³⁵ For det var ikkje godt nok bare å tru. Om ein ikkje kunne seia at ein var ”løyste”, høyrdie ein framleis til mellom ”lovtrælane” og ”farisearane”. Ein metode for å få folk til å kome ”gjennom” var å ta i bruk ettermøte. Desse kunne dra ut til seint på kveld, ofte etter mange dagar med intens møteverksemd.

På eit arbeidarmøte i Eigersund i 1909 tok emissær Daasvand opp korleis ein emissær kunne ”løyse” ein som var vakt, men ennå ikkje var komen ”gjennom”:

Han nyttar eit døme om to emissærar som var saman i ei vekking, og fekk sjå ein som sat i salen og ikkje hadde ”fred”. ”Den første gik ned og sa: Du maa **forlade** dig paa Jesus, men vedk. fandt ikke fred. Saa kom den anden og sa de samme ord, men med en anden betoning: Du maa forlade dig paa **Jesus**. Da lærte den vakte at se bort frå sig selv og hen paa Jesus, og lyset gikk op for den sjæl”.²³⁶

Stavanger Aftenblad fortel om eit tilfelle der ei hustru og mor i Sjernerøy miste forstanden etter eit vekkingsmøte. Avisa åtvara mot den nye skikken der unge uerfarne menn etter et ”hurtig-kurs” har gjort emissærverksemd til levebrød. Med ettermøte til langt på natt, utan å tenkje seg om, framtvingar dei åndeleg vold mot folk. Dette ser ut til å vere eit framandt omgrep for slike emissærar. Åndsfridommen må verjast og ein ny konventikkelpakat vil ingen ha tilbake. Men ”vi vil minde vedkommende selskabers ledere om, at de har det direkte ansvar for enhver udsending som de benytter sig af .”²³⁷

Slike åtvaringer pella av. Dette var åndskamp, og med bruk av bibelske metaforar kunne kritikken forklarast som strid mellom Guds folk og ”verden”. Seinare braut det ut vekking på Jørpeland, ”både doktor og politiet spøkte på bedehuset då”, skriv Straume. ”Dei kom for å sjå kor mange som var vorte galne, og fann fire stykke som dei tykte gapte for mykje og såg sjuke ut. Rett nok var det ein som det gjekk rundt for. Men den eine hadde vore på asyl før.”²³⁸

Omvendingsfrelsa som fann stad på ettermøta, ofte seint på kveldane og etter mange dagar med intens møteverksemd, var ikkje alltid langvarige. Når vekkinga hadde lagt seg, fall

²³⁵ Nesvik: 1976:33

²³⁶ Nesvik 1976:33

²³⁷ Stavanger Aftenblad 11.12.1909

²³⁸ Straume 1956:185 Denne vekkinga kom ei tid etter at Foldøen hadde øydelagt vekkinga til Indre Sjømannsmisjonen. All sjauen sist gong gjorde nok styresmaktene ekstra på vakt (sjå side 55). Denne gongen var det ikkje Foldøen som var på Jørpeland, men Olaus Østebø frå Talgje og Torvald Ladstein frå Finnøy, og det braut ut ei stor vekking.

mange tilbake til det livsmønsteret dei hadde før vekkinga braut ut. Særpreget til forkynninga er: Det er ditt ansvar om du går fortapt, men det er åleine Guds vilje om du blir frelst.²³⁹

Kanskje forklarar dette kvifor emissærane ofte var svært tydeleg på at mennesket kunne ikkje omvenda seg når det sjølv ville, men bare når Gud kalla. Derfor blei det ekstra alvorleg å nøla med å bøye kne, då fekk ein høyre at dersom ho/han let kallet gå frå seg var det kanskje siste gong Gud kalla. Andre gonger blei det lagt sterk vekt på mennesket sin vilje, om at frelsa var den enkelte sitt individuelle val. Tungland brukar fleire sider for å få passa denne viljeshandlinga inn i Luther si lære om den ”trellbundne vilje”, men nøyser seg med generelle formuleringar om at vekkingsrørsla likevel ikkje bryt med Luther.²⁴⁰

Å sjå seg løyst skapte jubelsong og lovsong.²⁴¹ Men det var mange som ikkje kunne delta i denne songen. Dei var for usikre på kjenslene sine, og eigne opplevingar samsvara ikkje med dei mjuke evangelietonane som frigjorde og løyste. Enkelte følte seg kanskje pressa til å vera med, utan å ha fått det forløysande ordet, fordi dei høyrt at dette kanskje var siste gongen i livet Herren kalla. Og utan løysingsordet blei dei heller ikkje akseptert som fullverdig kristen.

Frelsesvisse = visse om å vere frelst

Kunne nokon vere viss på å vere frelst? Dei gamle haugevennene tykte dette var eit vanskeleg spørsmål. Dei lærte at eigentleg visste ingen dette før ein var komen til himmelen.²⁴² Livet var ein kamp i bot og anger over synda. Den som søkte frelse skulle lutrust og få eit ”sønderknust hjerte”. Først når ein segna under medvitet om si eiga syndebør, kunne ein håpe å finne nåde framføre Gud.²⁴³ ”I håpet er me frelst”, skriv Paulus (Rom 8,24). Kva håp om frelse var det Paulus meinte dersom håpet blei oppfylt her og nå, sa dei gamle.

Det er lett å peike på årsaker til det store alvoret som prega dei gamle haugevennene. Vegen frå den gamle einskapstanken der kyrkje og stat var eitt, konge og prest styrde på vegner av Gud og til eit personleg val var alvorlig. Verkeleg dramatisk blei det då førestellinga om Guds dom over det syndige mennesket og faren for å gå fortapt, blei gjort til ei personleg sak. Tidlegare rådde det ei visse om at presten, ”han far”, gjennom oppdragarrolla si, og rolla ovanfor Gud, ordna og tok på seg frelsesansvaret for folk flest. Folkereligiøsiteten om at alle døypte var frelste var ikkje lenger nok. Nei, bare gjennom personlig ”aandelig Smerte og

²³⁹ Tungland 1978: 115

²⁴⁰ Tungland 1978:114-116

²⁴¹ Tungland 1978: 171

²⁴² Straume 1956:204

²⁴³ Seland 2008:41

Bedrøvelse” kunne ein kjenne den fulle tyngda av syndene sine. Først etter ei mødesam ferd steg for steg, var det håp om til slutt å møte ein nådig Gud.

Når pendelen slår langt nok ut vender han. Reaksjonen eine vegen nådde eit mettingspunkt. Den kyrkjelege Johnson vekkinga verka noko modererande, men hadde same grunnsyn som haugianismen. Tysk pietistisme og Pontoppidan si katekismeforklaring var grunnboka i all religionsopplæring.

”Kom som du er”, lydde tonane frå den nye vekkingsrørsla. Løysingsordet vitna at det var Gud som kalla, omvendinga var dermed stadfesta, sjela sett fri og jubeltonar kunne lyde. Når den frelseste var løyst og gjenfødt til eit nytt liv, kallast vissa om dette for frelesesvisse. Foldøen og mange med han sette frelesesvisse som eit vilkår for å kalle seg rett omvendt. Eit lite utdrag frå ein vekkingstale av Sven Foldøen kan illustrere dette:

Men en ting spør jeg deg om: Vitner Guds Ånd med din ånd i dag at du hører Herren til? Har du vitnesbyrdet i deg selv at du hører Herren til? Den som tror på Guds sønn, har dette vitnesbyrdet i seg selv. (...) Den som er tung nok på Herrens vektskål får oppleve at ordet om korset blir levende. Han kan vitne og si: Jeg som var blind, jeg ser nå. Ser du? Føler du? Er du glad for at du er frelst? Jeg spør deg om du er kjent på dette området, viss ikke, så er du veit og funnet for lett.²⁴⁴

Blei frigjeringa frå den gamle pietismen sin utskjelte lovtrældom bare erstatta med nye krav? Skulle Foldøen si eiga subjektive frelesesoppleveling gjerast til standard for ekte omvending? Nå må det seiast at bruk av løysingsord blei nytta av mange på den tida.²⁴⁵ Men Foldøen gjorde løysingsordet til eit absolutt krav og mange såg bare godt i dette, for det var bore av ”så sterkt ei åndsmakt”. Andre hevda ”det var kjødet som var vakt og ikke ånden.”

Ved å kontrastere ser og forstår me kva som endrast. Det var feil å leve i ei synleg gledeslaus jamring over eiga elende og all synda. Mykje av denne ”lovtrælinga” var heller ikkje ekte, ”men skikken var slik den gongen”, heitte det. I Foldøen sin mal for sann frelse måtte den vakte sjela oppleve frelesesvisse om kristenlivet skulle vere rett. Altså, pendelen hadde svinga frå strevet med anger og bot til ei subjektiv oppleveling av å føle seg frigjort frå syndebøra.

Motsetningane var så store at dei gamle kristne blei skremde av den nye måten å kalle seg frelst på. Dei ”gamle” på Fogn hadde møte på Eide skolehus og etter at Ola T. Hovda hadde lese ei preike av A.H. Franche gav han ordet fritt. Brynhild, kona til Sven Foldøen som var på møtet, reiste seg og sa ho var glad ho var frelst, ”og nåden er fri som når maten står på bordet

²⁴⁴ Foldøen 1978:70 Talane er samla og lagt til rette av Josef Tungland

²⁴⁵ Seland2008:76

og dei seier: set dykk til bords".²⁴⁶ Då folk høyrde dette reiste mange seg og sette på dør som om det skulle vore brann i huset. Det var for enkelt å tenkje om frelsa på denne måten.

Visst var alle frelst av nåde og ikkje av gjerningar, men konflikten dreia seg om korleis mennesket kunne eiga frelsesvisse. Det var eit hav av avstand mellom "kom som du er", og å leve eit liv i "anger og bot" og håpe at det vil enda godt. Det var på grunn av synspunkta om omvendinga," bli løyst" og sjå seg "frelst og frigjort" at vekkingsrørsla i Ryfylke blei karakterisert som radikal. Desse synspunkta utgjorde kjernen eller grunnsynet, det forma rørsla sitt kristensyn og kyrkjessyn. I dette lågkyrkjelege miljøet låg og ein spire til opprør mot presten si embetsmakt. I kyrkja sin strenge lutherske konfesjon var presten eineforvaltar av sakramenta og dette gav han ein opphøgd posisjon.

Dåpssynet til Foldøen var ikkje luthersk, han såg ingen gjenføding i dåpen.²⁴⁷ Vektlegginga på omvendinga kunne vanskeleg samsvare med den lutherske læra om dåpen. Dåpen var knytt til noko som låg utanfor mennesket sine eigne opplevingar, men med omvendinga var det motsatt. "Det eine; gjenføding i samband med omvendinga gjorde det andre; gjenføding i dåpen umogelig".²⁴⁸ Å flytte tyngdepunktet i frelsa frå dåpen til omvendingsopplevelinga framheva ikkje bare frelsesvissa, men sakramenta fekk redusert betyding og dermed blei også presten sitt religiøse hegemoni svekka.

Oppsummering

Det var etter at Sven Foldøen gjekk inn i Kinamisjonen at organisasjonen fekk festa grepet i Ryfylke og vekkinga kom. Anten folk støtta eller tok avstand frå han, lytta folk til det han sa. Foldøen var så visst ingen diplomat og trødde heller ikkje varsamt der han gjekk. Tvert i mot, og kanskje noko underleg, dei krasse karakteristikkane av motstandarar, spontaniteten, det uvordne språket og den uredde framferda appellerte og gjorde han interessant og spesiell.

Alt frå gutedagane såg me Foldøen som sjølvskriven leiar av venneflokkene, munter og livleg med stadig liv og røre rundt seg, men samstundes er han ein som grublar over religiøse spørsmål. Han var viljesterk, stridig og uredd. Ja, ein villstyring, men samstundes plagast han av angst og frykt. Dei skrøpelege sidene hans var ofte like lett synlege som dei sterke. Denne

²⁴⁶ Tungland 1978:145

²⁴⁷ Golf 2002:128

²⁴⁸ Josef Tungland om Foldøen sitt dåpssyn i intervju med Magne Nesvik side 81

transparente eller gjennomsiktelege naturen passa folkelynnnet i Ryfylke. ”Han var så ligaté, an Sven”, sa folk.²⁴⁹

Foldøen slo fast og sa høgt det andre tenkte. Han reagerte på det falske og uekte. Opphaldet i Amerika og omvendinga der inspirerte og gav han frimodet og autoriteten. Ofte var han for grov med ordvala sine og angra, men det streid mot naturen hans å ta direkte kontakt med dei han hadde såra. På tomannshand var han god å formane andre, men sjølv hadde han vanskar med å ta i mot råd.

”Ryfylkingen er eit sterkt og stridt folkeferd”, skriv Oscar Handeland.²⁵⁰ Foldøen var ein god representant for denne skildringa. I ”hamskiftet” då restane av det gamle embetsmannsstyret fall saman, kom Foldøen. I denne overgangen måtte utdaterte tradisjonar vike for krav om reformer. Med bibelen i handa og overbevisande talekunst mana han fram både himmel og helvete slik at ingen sat og var upåverka.

Tilhengarane gledde seg og motstandarane kvesste til kamp. Vekkinga førte til strid om hegemoniet som definerte normene for sann kristendom, men var og eit oppgjer med restar av standssamfunnet som framleis hang igjen i fjordbygdene og på øyane. Begge partar fann støtte i Bibelen for sitt syn, så harde ord kunne seiast og tolkast som uttrykk for heilag vreide.

Usemjø blei så visst ikkje løyst bare med nestekjærleik gjennom bibelsk omsorg.

Vekkingsteologien representerte meir lidenskap enn djup læreframstilling. Kampen var til tider omsynslaus og hard, men folk flest handla tilsynelatande i god tru og med godt samvit. Kristne som tenkte annleis enn dei sjølve, kunne sjølvsagt ikkje leva rett med Gud og trong omvending. Presten stod lagleg til for hogg og alle som støtta han hadde lite godt i vente. Denne striden skal neste kapittel handle meir om.

Kapittel 5: Vekkingsrørsla kjempar seg til fotfeste

Kvífor kom vekkingsrørsla så tidleg til Finnøy kommune, og slo så djupe røter her? Enkelte meiner det skuldast såkorna som dei evangeliske prestane Kielland og Flood hadde lagt i prestegjeldet.²⁵¹ Dette vil eg ikkje direkte avvise, men det empiriske materiale opnar og for andre innfallsvinklar. Det er vanskeleg å tru at minna frå deira tid, før 1850, var levande og styrde det religiøse sinnelaget først på 1900-talet. Særleg fordi det helst var ungdommen som

²⁴⁹ Golf 2002:94

²⁵⁰ Handeland 1966:167 bind III

²⁵¹ Tungland 1978:51

gjekk med i vekkingsrørsla, medan dei eldre utviste skepsis. Men kva andre årsaker kan vere naturlege å peike på?

Kinamisjons pioneren Sivert Gjerde vitja Finnøy på vårparten i 1890.²⁵² Han tala om all nauda mellom heidningane i Kina, og fleire blei gripne av det han fortalte. Vitjinga hans førte til at det vart danna kinalag som seinare blei foreiningar for Stavanger krets av D.N.L.K. Sjølv om det er litt uklart, fortel den munnlege tradisjonen at det var to foreiningar for kinamisjonen på Finnøy. Då laget frå Reilstad arrangerte basar hausten 1905 vart Foldøen invitert som talar.

Christian Berge blei omvendt av Foldøen under sildefisket i 1903. Han møtte att Foldøen på Jelsa sommaren 1905 og bad han om å kome til kinamisjonsbasaren hos Børre Nærland den 9. oktober. Foldøen kom, mykje folk møtte fram, men ingen ville gje seg over til Gud, så møta haldt fram i ei heil veke. ”Vil ingen vende om, så stryk eg støvet av føtene mine og reiser, sa Foldøen og då braut vekkinga ut som eit veldig vér over Finnøy”.²⁵³ Frå Finnøy breidde vekkinga seg til Talgje og delvis til Fogn.²⁵⁴

Ulike syn på frelse

Mange kjende talarar hadde vitja Finnøy og tala ”Ordet”. Sjølv om det før hadde vore sporadisk vekking var dette ikkje nok til ”å snu livsstraumen til folk”. Kvifor lukkast Foldøen der andre ikkje oppnådde synlege resultat? Finst det empiri som kan gje svar på dette utan bare å ty til religiøse fraser i det velkjente ”kanaansspråket”?²⁵⁵

Eit privat brev frå desember 1905 saman med anna litteratur skildra møteforma og opplegget kring møta på Finnøy.²⁵⁶ Forkynninga sitt innhald og framføring var mykje lik det Aftenbladet refererte frå Imsland. Sentralt og dominerande var djevelen sine lumske snarer og den evige fortapinga som venta. Botemiddelet var det same: kom som du er, kom i denne stund for i morgen kan det vere evig for seint. Då det ordinære møtet var ferdig tok ettermøtet til for å ”løyse” dei som var vakte. Møta veksle mellom kyrkja og bedehuset Betel på Judaberg. Presten hadde ingenting imot at kyrkja blei nytta til vanlege møte, men lika lite at ho skulle nyttast til ettermøte langt utover kvelden, han meinte dei heller fekk gå til skolen med dette. Foldøen protesterte og hevda at folk kunne kolne på vegen. Brevskrivaren gir ein viss innsikt i stemninga som rådde:

²⁵² Straume 1956:287

²⁵³ Straume 1956:288

²⁵⁴ Tungland 1978:53

²⁵⁵ Religiøst talemål som kan vere vanskeleg å forstå for uinnvidde

²⁵⁶ Tungland 1978:54-57 refererer dette brevet. Dessutan sjå Straume s. 288

Søndag aften var jeg atter i Betel, og da blev jeg indstendigt bedt om at blive tilbage (...) Jeg var udarbeidet, jeg gav op, jeg kunde intet mere gjøre. Men så kom det bibelstedet for mig: "HAN er såret for vore overtredelser, knust for vore misgjerningar, straffen lå for han, for at vi skulde ha FRED, og vi har fået LÆGEDOM ved hans sår".²⁵⁷

Avslutningsvis fortel brevskrivaren at han nå var eit Guds barn og hadde fått forvissing i hjarta om at han var frelst. Frå rørsla sitt perspektiv var dette bibelsk, presset deltagarane blei utsette for på ettermøta var bare av det gode, for då fekk folk verkelig kjenne korleis Guds ånd var tilstades. Dei "gamle" kalla vekkinga for svermeri eller billig og lettkjøpt nåde, utan åndeleg substans. Sjølv blei dei kalla lovtrælar og det som verre var.

Metoden var å slå ein kile inn i kyrkja og presten sitt åndelege hegemoni. Dessutan måtte det eit oppgjer til med sein-haugianismen som aksepterte at presten var rett hyrde etter ortodoks luthersk lære. Den normative definisjonen av å vere sann kristen stod mellom ei personleg omvending, eller tillit til sakramenta. Sidan bare presten kunne forvalte kyrkja sine sakrament måtte tilliten til sakramenta erstattast med ei åndeleg oppleving.

Brevskrivaren fortel at han var "udarbeidet". Slik var han klar til å ta imot løysingordet i visse om at kallet kom frå Herren. Fråfallet var naturleg nok stort og mange endra mening etter dei kom til hektene att, og slikt måtte tolkast inn i ein forklaringsmodell. Tungland forklarer at bare Gud kan vekkle og skape liv. Det er eine og åleine Guds ære om du blir frelst, men fell du frå går du fortapt, og det er åleine ditt ansvaret.²⁵⁸

Spenningsfeltet mellom gammal og ny kristendom

Vegkartet for livsvegen hadde endra seg frå det eine sikre, til ein pluralistisk marknad om å orientere seg etter det beste tilbodet. På mange vis kjem trekk av generasjonsmotsetningar fram, og spenningar mellom gammalt og nytt er ikkje eit ukjent fenomen i menneskelivet. Dei gamle er redd det nye og reiser seg i protest. Kva hender når gamle religiøse sanningar blir rokka på, eller respektlaust avvist som død vanekristendom utan frelsesvon? For å svare på spørsmålet vil eg først vise til synspunkt frå andre og deira slutningar om dette.

Først eit sitat frå Josef Tungland: "Det var ei gamal og ei ny kristendomsform som tørna saman med stor styrke." Emil Birkeli seier det slik: "Utviklingen hadde gått fra den eldre generasjonen, som var ledende i foreningene (...) de nyere organisajoner ble bemannet med

²⁵⁷ Tungland 1978:56

²⁵⁸ Tungland 1978:170

ungdom som hensynsløst gikk på med sitt mot og sin rett".²⁵⁹ Den eldre generasjonen stod isolert, men våga ikkje å anerkjenne nye synspunkt eller ta i bruk nye metodar, hevdar Tungland.²⁶⁰ Det rådde redsel for alt som ikkje var strengt luthersk. Det nye blir ofte sett på som utslag av tidsånda, og tidsånda er ikkje av Gud. Bjørn Slettan har nokre tankar om samfunnsendringane sin innverknad: "Når de faste, nedarvede normene og de tilvante rammene blir brutt inntrer en tilstand av normforvirring".²⁶¹ Og Berge Furre fann ein viss samanheng mellom religion og økonomi då han granska Oftedal-vekkinga.²⁶²

Vekkinga oppsto i brytingstida mellom det tradisjonelle og det moderne. Dei tilvante rammene i daglelivet blei brotne og drog med seg kulturelle endringar. Den gamle integrasjonen av religion og stat blei avløyst av stat og økonomi. Pengehushaldet erstatta naturalhushaldet, og jordbruksretten blei integrert i ein marknadsstyrt økonomi. Den nedarva hierarkistiske maktstrukturen var utfordra av ein økonomisk autonomi, men noko av tryggleiken blei samstundes borte då ansvaret blei overlete til den enkelte.

For å hindre anomii eller normløyse treng folk faste haldepunkt i livet. Vegmerke å orientere seg etter kjennest naudsynleg, og i religionen kviler moralomgrepet på absolutisme med sine stramme rettesnorer og etiske imperativ. Gud er suveren! Han rår uansett kva menneska spår. Folketrua hadde sine klare oppfatningar av korleis ting hang saman. Svolt, sott og død var gjester som meldte seg ved kvar dør, og trøysta var å finne Gud si mening i dette.

Når sjukdom braut ut og døden kunne ventast var det naturleg å sende bod på presten. Hans ord og utdeling av sakramentet hadde ein trøystande effekt som gjorde overgangen frå liv til død forstått og akseptert som Guds suverene vilje. Då doktoren entra arenaen med sine dropar og tabletta måtte konteksten om Guds suverenitet tolkast inn i ein ny forklaringsmodell og aksepterast som ein del av Guds evige plan. Auka folkeopplysing og kunnskap om naturlover fullførte det store hamskiftet i den tidlegare rituelle og statiske bondekulturen, dette rørte med og endra gudsbiletet.

Parallelt med avviklinga av den dualistiske oppfatninga om korleis gode og vonde krefter styrde tilværet oppsto ei uvisse som gjorde folk usikre og leita etter trygge rammer for livet. Synsvinkelen var retta mot æva, den gamle bodskapen blei tolka på ein ny måte, men prinsippet om "Skriften alene" låg like fast. Spørsmålet dreia seg om korleis folk skulle leve

²⁵⁹ Birkeli 1946:121

²⁶⁰ Tungland 1978:134

²⁶¹ Slettan 1992:85

²⁶² Furre 1986b:16

rett med Gud i ei tid då den gamle forklaringsmodellen føltes å mangle liv og ånd. Der kom vekkinga sitt svar til ”en hungrig sjel”, med nytt syn på livet og ny forståing av Bibelen.

Identitetskjensle

Korleis såg folk på sin eigen lagnad? Kva tankar hadde dei om seg sjølv og forholdet sitt til Gud på den tida vekkinga kom? Når kvardagen var hardt slit og strev for føda kunne ein trulete overskot var att til å gruble over religiøse spørsmål. Kanskje var det heller motsatt, at i gudstrua fann folk trøyst og tryggleik til å kome gjennom strev og motgang? Likevel, kring hundreårsskiftet hadde nok dei religiøse møta stivna til. Gerhard Wigestrånd frå Årdal i Ryfylke (1884-1945), skriv at møteforma og innhaldet ikkje fekk rette grepet på ungdommen og han uttrykte seg slik:

Regelen var at dei skulle lesa ei preik frå ein postille, teksten frå evangeliet og syngja salmar. Det kunne oftast ligga ei litt dyster, tung og alvorsam stemning over møtelyden. Det hende leiaren bad ein av brørne om å opna møtet. Han tok vedkomande på kneet og bad han gjera dette. Straks begynte vedkomande å be seg unna og viste leiaren til denne og hin, og var svært så treg og småålåten. Når så ein annan langt om lenge kom seg opp, la han an med ein syte- og klagetone som var heilt framand for daglegtalen hans ”sømtemål” var uttrykket dei brukte om slikt inne i fjordane. Og målføret hans var blitt eit postillespråk (...) Møta var helst lange, tunge og trøytande. ”Nokon ungdomshug kunne desse møta ikkje gripa”.²⁶³

Den tidlegare nemnde brevskrivaren frå Finnøy viser i brevet til søstera at han har vandra langt borte frå Gud. ”Men du ved også, at jeg ikke har fundet noget hvilested på disse mine veie”, og legg til at det finst nok ingen fred utan hos Jesus Kristus. Altså, folk var på leit, men det dei blei tilbydt gav ikkje same meinings som før. Ungdommen fann ikkje lenger trøyst i at liv og lagnad var bestemt på førehand. Ordet om å velja lydde, men val er bare mogleg der det finnест fridom.

Tungland sin analyse om at det var ei gammal og ny kristendomsform som tørna saman, er ikkje feil. Men samstundes kjem det fram ei klar sosial frigjering og sjølvhevdingstrong frå vekkingsfolket. Eit auka samfunnsengasjement, økonomisk framgang i jordbrukssektoren, saman med betre helsestall og skulegang, gjorde at presten var i ferd å miste posisjonen som ”far”. Hans tradisjonelle autoritære oppdragarrolle grunngitt med at allmugen mangla naudsynt kompetanse til å takle vanskelege val blei helst provoserande. Dette førte ikkje til avvising av presten, men den gamle autoritetens hans missa kraft og blei gradvis svekka.

²⁶³ Tungland 1987:32 i: *Bedeuskulturen* Njål Tjeltveit (red.) Sjølv om sitatet er henta frå Tungland er opplysinga og i samsvar med det Emil Birkeli registrerte. *Liv i vekst*, side 121 – 123.

Det politiske mønsteret synest å vere temmeleg klårt, dei kristne radikalarane var også politisk radikale. I unionskampen og framover heldt dei seg jamt over til ”dei reine” eller det konsoliderande venstre.²⁶⁴ Det var få som høyrde til høgre, for det var langt mellom dei ”gjæve og rike” i Ryfylke. Sosialismen slo heller aldri rot innanfor lekmannskristendommen. Sjølv om det var samsvar i synet på rettferdig fordeling av makt, inklusivt detronisering av presteskapet, kunne ikkje vekkingsfolket godta ein ideologi som ikkje rekna med Gud. Deira kristne grunnsyn forbaud dei det.

Vekkinga i Finnøy sett frå presten sin ståstad

Finnøy prestegjeld omfatta Hesby og Talgje sokn og Fredrik Wettergren var sokneprest då vekkinga braut ut. Han var fødd i 1847, kom til Finnøy i 1884 frå kapellanstilling i Søgne og hadde vore prest i ti år før utnemninga til embetet i Finnøy. Wettergren var såleis ein erfaren mann på nær 60 år. Bidrog presten med å opna opp for vekkinga eller prøvde han å leggje hindringar i vegen? Først nokre opplysingar frå kallsboka som kan kaste litt lys over personen Wettergren utan å bare kople han til presterolla. I tida som kappelan i Søgne opplevde familien tragedien at ein son døde i sjukdom. Dette skriv han var veldig hardt, men det fekk likevel ein velsigna verknad på truslivet til han og kona, så dei takka Gud fordi Han gjennom sorg og trengsler likevel lærte dei at Gud er kjærleik.²⁶⁵

I 1896 kom Wettergren ut for ein uheldig episode då han forretta i gravferda for eit udøypt barn på Finnøy. Ved grava sa presten til dei syrgjande foreldra at sidan dette barnet ikkje var døypt gjekk det fortapt. Hendinga utløyste mykje vondt snakk og avisskriferi som nok sette sine spor hos Wettergren. Han grunngav handlinga si med orda: ”Vi må si det ellers kunne folk ikke komme til å døpe sine barn”.²⁶⁶ Wettergren angra på det han sa og gjekk til foreldra, jordarbeidar Johan Johannesen Nordbø og kona Ellen, og bad om orsaking.²⁶⁷ (samtalen med foreldra fann stad før det kom på trykk i Stavanger Aftenblad 27.mars). Det er ingenting i mine funn som tyder på at denne hendinga blei brukt mot han seinare, eller svekka autoriteten hans.

²⁶⁴ Tungland 1978:133

²⁶⁵ SAS Kallsbok Finnøy Prestearkiv 1799-1984. side 49. Opplysinga kan vere nyttig med tanke på seinare skuldingar frå Foldøen og andre om at presten innerst inne var ein heidning

²⁶⁶ Rørtveit 2006:50

²⁶⁷ Ministralsbok A11 Finnøy/ Finnøy (Hesby) 1891-1910, side 164, og dagregister (dagbok) side 215. For fleire opplysingar sjå *Finnøy Gard og Ætt bind 2.* av H. Bjørkvik. Folket på husmannsplassane (Nordbøvågen) side 87.

Hausten 1905 noterte presten: ”Oppbyggelsesmøder i kirken 16,17 og 18. november ved emissærane Foldøen og Tysse”.²⁶⁸ Både Foldøen og andre emissærar frå vekkingsrørsla fekk tale i kyrkja og presten var til stades og høyrd. Seinare skreiv Wettergren til biskopen og orienterte han om tilstanden i prestegjeldet. Presten noterte at vekkinga var sunn, han såg rett nok ”skjævheder” som gjerne fylgjer med ei vekking, og prøvde å vegleia å retta på dette. Han beklaga at Foldøen og andre emissærar frå D.N.L.K. motsa og mistenksamgjorde han og andre kristne som prøvde å rettleia. Etter som tida gjekk søkte især Foldøen å utvide kløfta mellom andre kristne og tilhengarane sine. Dette lukkast Foldøen dessverre så godt med at vedkjennande kristne har nå danna to skarpt skilde parti.²⁶⁹

Presten hadde døypt og konfirmert dei fleste unge som høyrd til vekkingsrørsla. Straume skriv ”at soknepresten var ein lagleg mann”.²⁷⁰ Autoriteten bar han med naturleg mynde i pakt med tradisjonen og rett til å utøve kontroll med korleis folk levde og skikka seg. Då han i 1910 pensjonerte seg, etter 26 år i Finnøy, var ikkje årsaka alderen, men ”nerveproblem”. Det er ingen tvil om at konflikten med Foldøen, men og andre frå vekkingsrørsla auka på, og blei til sist for mykje for han. I dagboka skriv han at Sven Foldøen har sagt at presten preikar folk til helvete.²⁷¹ Wettergren fekk og høyre at Foldøen stod på Reilstad-kaien og åtvara folk mot å gå til gudsteneste, fordi presten var ein heidning. Likevel, trass i aukande motstand mot prest og kyrkje avsluttar Wettergren kallsboka med ynskje om Herren si velsigning over kyrkjelyden og at den hentar krafta si frå den korsfesta og oppstadne frelsar Jesus Kristus.

Kva var det som skar seg, og korleis kan det forklarast? Presten forventa truleg tradisjonell respekt både for seg som person og for embetet. Men demokratiseringa av samfunnet førte med seg maktoverføring og mentalitetsendring som kyrkja sleit med å tilpasse seg til. Fridom på individplanet kan og stimulere til auka pluralisme og subjektivitet anten valet gjeld religion eller politikk. Lekmannskristendommen vaks fram gjennom misjonsorganisasjonar som hadde røtene sine i ”Associationsaanden” frå det tidlege 1800-talet. Desse assosiasjonane var viktige element for å vekkja eigenverdi og identitetskjensle og misjonsorganisasjonane bygde vidare på denne ”aanden”.²⁷²

I presten sine augo var nok angrepa på autoriteten hans uttrykk for manglande respekt og folkeskikk. Men den religiøse individualismen var heller ikkje fri for kontroll av tanke og

²⁶⁸ SAS Ministralsbok A11 Finnøy Prestearkiv Finnøy (Hesby) 1891-1910 side 229

²⁶⁹ SAS Kopibok Finnøy Prestearkiv 1884 - 1919 nr. 4 15. jan 1909

²⁷⁰ Straume 1956:288

²⁷¹ SAS Kopibok Finnøy Prestearkiv 1884-1919 nr. 5 18. jan. 1909

²⁷² Try 1986:22 i: *Bedehuset*, Olaf Aagedal (red.)

levesett. I praksis skjedde ei overføring av det organiserte religiøse livet, frå presten sin kontrollerande autoritet, til ein religiøs organisasjon styrt av lekmenn med same intensjon. Det var ein kamp om hegemoni og normativ kontroll over det religiøse og sosiale livet, og her stod presten i vegen.

I konteksten fridom, var det vanskeleg å skilje mellom åndeleg og sosial valør. Retorikken og den nye stilens til vekkingsrørsla makta ikkje Wettergren å takle.²⁷³ Temperaturen på presten var uansett alt for lunka mot vekkingsrørsla sin brennande iver. Hans akademiske bakgrunn tapte mot det alminnelege prestedømmets sin definisjon av kristen livsstil og utgreiingar om kva fridom var. Då presten forsiktig prøvde å rettleie Foldøen og andre emissærar opplevde han å bli omtala som heidning. Wettergren høyrd at den uvordne ordbruken mot seg skapte fryd og fekk underhaldningsverdi, særleg mellom ungdommen ”på galleriet” (sjå side 82). Etter kvart kjende han seg maktelaus og orka ikkje meir.

Korleis blei utviklinga på Talgje?

Vekkinga på Finnøy spreidde seg til Talgje og mykje folk strøymde til øya. Vekkingsvinden blæs varmt i ryggen, begeistring og optimisme vaks, sjølvkjensla likeeins og mange kjende seg heime i dette vennesamfunnet. Dei kalla seg eit folk som var i verda, men høyrd ikkje til verda. Like fullt var målet å få makt i denne verda utan at verda fekk makta over dei og kunne skygge for Gud. Samstundes var det overordna målet for organisasjonen å vinna størst mogleg innpass i kvar einaste bygd. Den ”lille flokk” hadde høge mål. ”Me fører folk til himmelen – men der står ein prest i vegen!” vart det hermd etter Foldøen, og verre stod det til med biskopane: Før hengde dei røvaren på krossen, men no hengjer dei kross på røvaren.²⁷⁴ Erik Fossåskaret skriv:

Vi har å gjere med ei hegemonisk rørsle som vanskeleg kan akseptere avvikande lakuner spreidde kringom i erobra terregng. Det var ikkje einskild personar det stod om men heile bygdelag. Vekkinga sette farge, rørsle og lyd til bygdene – bokstavleg tala.²⁷⁵

Kanskje kan Talgje vere eit eksempel på, og vise korleis den religiøs utviklinga i eit lokalmiljø kan kaste lys over forholda som rådde? Eg vil vere varsam med å hevde at ein analyse på eit slikt mikronivå gir det korrekte biletet av situasjonen generelt i Ryfylke. Men forsking på små grupper innanfor eit større homogent miljø har likevel komparative

²⁷³ SAS Kopibok Finnøy Prestearkiv 1884-1919 Nr.4 15. jan 1909. Brev til biskopen

²⁷⁴ Berge Furre 2006:83-84 I: *Opplev Ryfylkeøyane*, Stavanger Turistforening

²⁷⁵ Fossåskaret 2003:166 I Forankring eller frikoppling

likskapstrekk, så trass lokale forskjellar trur eg mykje er felles og gjenkjenneleg. Det var dei same emissærane som reiste rundt i bygdene, med den same forkynning og ideologi, som sveisa vekkingsfolket saman i ein stor venneflokk med same mål og same oppskrift på korleis målet skulle nåast.

Opprettinga av lokalt misjonsslag og tilknytinga til Kinamisjonen la grunnlaget for det vidare arbeidet på Talgje. Her blei den religiøse individualismen institusjonalisert og underlagt organisasjonen si tolking av Guds ord og deira sosiale normer blei retningsgjevande for livsforma. Kyrkja hadde sjølvsagt lite å tilføre av sann kristendom, men andre organisasjoner var og konkurrentar om pengar og offergåver. Haldning til andre organisasjoner gjekk ikkje så mykje på ulikskap i lærespørsmål, men mest på organisasjonen si haldning til prest og kyrkje.

Den første tida blei kyrkja nytta som møtelokale til samling om Guds Ord på Talgje. Kyrkjelysnet hadde ikkje innvendingar mot slik bruk av kyrkja i begynninga. Men nokså fort synte bruken seg å vere upraktisk, om vinteren var særlig oppvarminga eit problem. Det blei såleis godt tatt imot då høvet baud seg til å få bruke eit våningshus som stod ledig, men dette varte bare ei kort stund for eigaren trong huset sjølv. Skolehuset blei deretter nytta, men heller ikkje her varte det lenge før vanskane meldte seg, særlig reingjeringa blei eit problem.²⁷⁶

Olaus Østebø skriv vidare i protokollen:

Da begynte vennerne at undfange seg tanker om at faa eget forsamlingslokale: thi trangen efter at samles om Guds ord og bøn kunde hermed ikkje slukkes. Saaledes fik vi ogsaa ofte besøg af tilreisende emissærer og foreninger som var stiftet med sin utlodning gjorde behovet ganske stort at faa eget hus.

Trulig begynte ein allereie hausten 1906 å planlegge bygginga. Det går fram at forkynning og foreningsarbeid går hand i hand, for straks etter vekkinga blei ei kvinneforeining stifta for Kinamisjonen. Emissären Jørgen Næss var med å stifta denne. Foreininga skulle ha basar ein gong om året og kvinnene føreslo seinare at halvparten av inntektene skulle gå til reising av nytt bedehus. Mennene kunne ikkje vere ringare. Det blei laga eit skriv og sendt rundt, der folk kunne teikne seg for bidrag til huset og slik kom det kontantar inn.²⁷⁷

Olaus Østebø gjekk i brodden for å reise bedehuset og blei valt til formann i byggekomiteen, men likevel var det ikkje berre å gå i gang. Talgje er ei lita øy, men avstandar blei rekna på ein annan måte i ei tid då folk til vanlig gjekk i tresko. Dette hadde folk røynt på kroppen då det første skolehuset skulle byggjast. Skolen måtte absolutt plasserast midt på øya, så ingen av

²⁷⁶ Talgje bedehus: Protokoll

²⁷⁷ Talgje bedehus: Protokoll

ungane fekk ekstra lang veg, om ikkje var det betre å halda fram med omgangsskulen.²⁷⁸ Og dette viktige demokratiske prinsippet måtte også gjelde for bedehuset.

Galleriet hadde både ein spesiell funksjon, ei spesiell utforming og fungerte som møteplass mellom vennesamfunnet og bygdekulturen.²⁷⁹ Det var ikkje tilfeldig at trappa til galleriet var plassert rett innafor utgangsdøra, men eit utslag av vekkingsforkynninga sitt ”kroppsspråk”. Galleriet var tilskodarplassen tileigna folk som var utanfor, og tilgjengelig slik at dei diskré kunne smyge seg inn. Samstundes gjekk det an å kome seg ut utan å vekkje for mykje oppsikt. Galleriet kombinerte funksjonen som kikkeplass for bygdefolket og misjonsmark for bedehusfolket.

Bedehuset var bygt enkelt og nøkternt på alle vis, lenge var det og umalt innvendig. Det einaste som fantes av kunst eller utsmykking – om ein kan bruka det ordet – var eit stort bibelvers i glas og ramme som hang midt på brystveggen bak talarstolen. ”*Og jeg vil se Blodet og gaa eder forbi. 2 Mos. 12,13*”. Dette var ei gåve (og eit minne) frå Halvar Østebø og kona Rakel. Totalt kosta huset kr. 1760 medrekna omn og komfyr. Av dette kom det inn kr.880 i gåver. Det blei lånt kr.750 i Finnøy Sparebank og kr.130 privat. Sett med våre augo kan tala synast små, men trulig var det eit tyngre løft å byggja då enn i dag.²⁸⁰ Uansett var ikkje løftet større enn at folket makta utgiftene. I artikkelen sin til 25-års jubileet for bedehuset skriv Olaus Østebø begeistra at huset for ei tid tilbake blei gjeldfritt.

Trass i at vekkinga og rørsla i si natur var hegemonisøkjande og kompromisslaus, blei likevel vedtekten for bedehuset rause og vidsynte. Det var ikkje krav om at eigarskap skulle knytast til medlemskap i nokon bestemt organisasjon. Denne eigarskapsforma for bedehusa var vanlig i Rogaland skriv Anders Ropeid. Vedtekten slår fast at bedehusa først og fremst skal tene den kristelege verksemda, men opnar for bruk til sømelege ”almennyttige” føremål.²⁸¹ Ein slik § har og bedehuset på Talgje og har nok samanheng med at den gongen var bedehuset einaste høvelege møtelokalet på øya.

Dessutan er det å merkja at før kvinner fekk allmenn stemmerett står det i §4: ”Den udøvende makt for bedehuset skal ligge i bestyrelsen, som består af 3 mænd eller kvinder, der er bekjendende, troende og fastholder vor evangeliske Lutherske troesbekjendelse.”

Kvinnedeltaking i styret indikerar og markerar trekk av eit nytt syn som er både radikalt og

²⁷⁸ Finnøy Herad i Hundre År 1937:18

²⁷⁹ Aagedal 2001:474

²⁸⁰ <http://www.ssb.no/a/histstat/hist06.html> Dagløna for ein dagsarbeidar på ”landet” var i 1905 kr.2.20

²⁸¹ Ropeid:1986:114 Bedehuset og bygda i: *Bedehuset*

modernistisk. Vedtektene for Talgje bedehus blei utforma i samråd med emissären Jørgen Næss som reiste for Kinamisjonen.²⁸² Dette tyder og på at dei ulike organisasjonane har nytta ein felles standard for reglar og forskrifter.

Opningsfesten av Talgje bedehus

Kristi himmelfartsdag 1908 (28. mai), sto huset ferdig og klar til innviing. Som den store dagen det var for heile øya, måtte dette sjølvsagt markerast med ein skikkelig opningsfest. To heilt ulike opplevingar av det som føregjekk er nedskrive. Den eine er den vesle litt skamfulle forteljinga om han som diverre misforstod alt, gjekk gjennom heile livet utan å gripa det ”ene nødvendige” og enda ganske sikkert der alle villfarne endar. Den store kollektive forteljinga er i samsvar med den etablerte og aksepterte diskursen som understreka bedehuset som det normative sentrum med sin sigrande bodskap, og uttrykt slik Olaus Østebø skreiv til bedehuset sitt 25 års jubileum:

Kristi himmelfartsdag 1908 stod huset ferdig til at indvies for Guds-riges fremme paa jord. Det var en strålende fin solskinnsdag og meget folk frå de omliggende øer og fastland samledes i dette nye bedehus for at deltage i indvielsen paa huset. Dette var en stor begivenhet for folket paa Talgø og som et udslag af vækkelsens ekthed i 1906. Svend Foldø talte, efter at formanden i byggekommiten havde oplæst statuterne, bedt folket velkommen og nedbedt Guds velsignelse over forsamlinga; derefter foretog Foldø indvielsen af huset under den stående store forsamling. Det var i sandhed en høytidsstund hvor en følte Guds-aand hvilte over forsamlinga. Saaledes har vi faaet vort eget hus til at samles i om Guds ord og bøn.²⁸³

Bjørg Rugland fortel om same innviingsfesten på bedehuset sett frå bestefaren sin synsvinkel, den villfarne Christopher som ”ikkje åtte skamvit.” Det var han som eit par år i førevegen sat på galleriet i kyrkja og song Sinklarvisa. Folkesnakket i ettertid, som har vart mest fram til i dag, har stort sett gått om den galne Skipperen²⁸⁴ og det han i si tankeløyse kunne få seg til å seie og gjere.

Da bedehuset ble åpnet med Sven Foldøen som hovedtaler, var hele øya samlet i spent forventning. Dette var jo en begivenhet de hadde sett fram til i lange tider. Foldøen åpnet med at nå kunne de bare ha ”steinrøysa på haugen”(kirken), for seg selv, de frelseste hadde fått sitt eget Gudshus. Han fortsatte med rene svovelprekenen, og det var da at bestefar reiste seg og sa: ”Nei Inger, dette finner vi oss ikke i, vi går!” Dermed reiste de seg og gikk til stor forbauselse for resten av forsamlinga.²⁸⁵

²⁸² Talgje bedehus: Protokoll

²⁸³ Protokoll for Talgje bedehus

²⁸⁴ Christopher var gammal seilskuteskipper, flaggskipper i Klosters rederi, han gjekk bare under namnet Skipperen.

²⁸⁵ Bjørg Rugland 1995:60 *Bertha og Christopher Gård deres forfedre og etterkommere*

Etter at bedehuset var innvia Kristi himmelfartsdag i 1908 kunne emissærane ha møter i fred for både prest og kyrkjetilsyn. Bedehuset blei straks vekkingsrørsla sin bastion med stor aktivitet som og omfatta basarar, foreningsarbeid og søndagsskole. Styret tok seg av å organisere møteverksemda og var kontaktorganet med kretsen. Straume skriv at det valte styret stod i mange år.²⁸⁶ Dette stemmer ikkje med protokollen til Talgje misjonsslag. Her står det: ”Aar 1908 den 9. februar valgtes ny bestyrelse for Talgø Kinamissionsforening. Valgte blev: Ole K. Gaard og Olav Hetland, Ingeborg Gaard, Anna L. Gaard.”²⁸⁷

Opplysinga som Straume refererer til er truleg at byggenemnda ikkje blei lagt ned då bedehuset var ferdig, men haldt fram med ansvaret for tilsyn og vedlikehald i mange år. Det har ikkje lukkast å finne dokumentasjon for at bedehuset hadde eige styre eller rekneskap dei første åra. Nokre utgifter som er ført i rekneskapen til misjonslaget dei første åra gjeld sjølve bedehusbygget. Alt var nok ikkje heilt ferdig til opninga, og byggjenemnda kan ha halde fram i fleire år. Formelt var det feil å leggja ansvaret for bedehuset direkte under misjonslaget sidan bedehuset var ått av kristenfolket på Talgje, medan misjonslaget høyrd til D.N.L.K. men folk var praktiske og såg at tilsynet fungerte effektivt og greitt.

Korleis kan ein registrere aukande skepsis mot prest og kyrkje på Talgje?

Ganske snart auka kløfta mellom kyrkja og bedehuset og det fekk fylgjer for kristenlivet på Talgje. Å ta imot Guds nåde gjennom dåp og nattverd var ikkje lenger nok for å kalla seg kristen. Eit moralsk fint liv var verdilaust med omsyn til frelse dersom vedkomande ikkje delte venneflokkens si tolking av Bibelen fullt ut. Eit svart - kvitt skilje vaks fram og einast flokken på bedehuset blei – i eigne augo – dei som Jesus kjentes ved. Tradisjonell kyrkjegang åleine gav inga von om å nå fram til Guds gylne nåderike. Lekmannsrørsla sitt moralsyn og normer skulle gjennomsyre samfunnet, men samtidig som parolen var å gå ut i verda, måtte det setjast klare grenser og gjerde reisast mot ”verden”.²⁸⁸

Både presten og vekkingsfolket bad folk stole på Bibelen. Men her kom det inn ei viktig presisering om ikkje å stole på ulike tolkingar av Bibelen. For det går an å ha feil erfaringar og samvitet kan vere basert på feil normer. Derimot må ein alltid stole på kva Bibelen sjølv seier. Foldøen fortalte nøyaktig kva Bibelen sjølv sa. Talgjebuen stolte på Foldøen og tilliten til presten blei svekka. Det var ikkje direkte Wettergren som person mistilliten var meint å

²⁸⁶ Straume 1978:293

²⁸⁷ Talgje Kinamisionsforening: Protokoll 1906-1947

²⁸⁸ Slettan 1990:144

ramme, men institusjonen kyrkja. Med bedehuset som base og Kinamisjonen i ryggen gjekk kampen om hegemoniet inn i ein ny fase.

Det er underlig å granske nattverdsprotokollen for å fylge utviklinga i altergangen. 1906 var eit uvanleg toppår, men utviklinga vidare syner at ei endring var under utvikling. 2. søndag i faste (24. febr.) 1907 var det nattverd og 10 gjekk fram, helst eldre folk. Om hausten var det og altergang, denne gongen mottok og 10 nattverd, men dei fleste altergjestene var frå Fogn.²⁸⁹

3. søndag etter påske, 10. mai 1908, var det på ny altergang i Talgje kyrkje. Då hendte noko som aldri hadde hendt i kyrkja før. Det blei halde nattverd og 14 personar deltok. Av desse var 8 frå Talgje, og 6 ville ikkje ha presten si syndetilgiving. Ud. abs. (utan absolvusjon) står det skrive bak namna i nattverdsprotokollen.²⁹⁰ Sokneprest Wettergren noterte og i dagboka at det hadde vore gudsteneste på Talgje og at 14 gjekk til alters.²⁹¹ 14 dagar seinare var det på ny gudsteneste. På ny var det altergang og 5 gjekk fram og tok imot nattverden, men to (eit par) nekta absolvusjon. Heller ikkje denne gongen skreiv presten noko om sjølve nattverden, men av ein eller annan grunn noterte han i dagboka at det bare var tre nattverdsgjester. Var det Olaus Østebø og kona Serina han let vera å føra opp? Det var dei to som ikkje ville ha presten si syndetilgjeving. Neste altergang var seinhaustes, då nekta mest alle talgjebuane absolvusjon og nå gjorde folk frå Fogn det same. Men denne gongen samsvarande tala i nattverdsprotokollen med det presten skreiv i dagboka.

I 1908 gjekk folk frå vekkingsrørsla framleis til alters, men dei fleste nekta å ta imot presten si tilseiing om syndenes forlating. 7. juli står det i nattverdprotokollen om *Kommunion på Fogn*. Nattverdsprotokollen gjev ingen opplysing om dette nye tiltaket, men årsaka finst i dagboka til presten. ”Bibellæsing og Altergang paa Trevlands skolehus”, står det skrive og 26 personar gjekk til alters.²⁹² Altergangen på Fogn bryt trenden i ein markert årvis nedgang. Tiltaket på Trevland skole kan vera eit mottrekk frå presten si side til vekkingsrørsla si verksemde.

I 1908 var det ny visitas i Finnøy. Denne gongen bare ved prosten. I Visitasboka står det om ei splitting som har oppstått i samband med privat nattverd. ”ved den hyppige private nydelse

²⁸⁹ Frå 1914 blei bedehuset på Nord-Fogn omgjort til kapell og fekk 6 gudstenestar for året. Kjelde: *Finnøy herad i hundre år*, side 62

²⁹⁰ Kommunikantprotokoll for Talgø Sogn 1857- x. Oppbevarast i Talgje kyrkje (framleis i bruk)

²⁹¹ SAS Finnøy/(Hesby) Ministerialbok A11 1891- 1910

²⁹² SAS Dagregister Ministerialbok A 11 side 233

af nattverden”, ordet hyppig er stroke over og endra til ”gjentagne private nydelse”.²⁹³ Denne opplysinga bidreg til å forstå at konfliktnivået som toppa seg året etter også hadde årsaker knytt til feiring av nattverd utan prest. Privat nattverd var ikkje i samsvar med norsk lov og blei rekna for ei straffbar handling.

Ein oversikt over altergangen i Talgø Sogn for nokre viktige år:

Kommunikantar i 1904.....	17
Kommunikantar i 1905.....	. 19
Kommunikantar i 1906.....	89
Kommunikantar i 1907.....	20
Kommunikantar i 1908.....	48

Etter 1908 fanst det mest ikkje folk frå Talgje mellom nattverdsgjestene, og dei få som forsette å gå til alters i kyrkja var alle gamle. Det er interessant å lese i nattverdsprotokollen at Halvor Østebø,²⁹⁴ han som fekk Sven Foldøen til å koma til Talgje, var ein av dei få som trugent haldt fram med å gå til alters. Talgjebuen generelt fortsette å gå i kyrkja, men sat rolege i kyrkjebenkene når presten baud inn til nattverd. Dei deltok heller ikkje lenger aktivt i liturgien, men sat tause. Liturgien var, etter deira mening, bare mumling og tom oppramsing utan rett ånd, og hadde i tilegg noko katolsk over seg.

Kva med Fogn?

Søre delen av øya Fogn høyrd til Talgje sokn ”Søre Fogn i Talgø Sogn”. Fjorden som skil øyane er snautt 1 km brei. Fognbuen var flittige kyrkjegjengarar og nattverdsprotokollen syner eit stabilt, godt frammøte.²⁹⁵ Det tette og gode sambandet mellom øyane synte seg og gjennom vennskap og giftarmål. Mange frå Fogn reiste til vekkingsmøta både på Talgje og Finnøy, men vekkinga fekk ei anna mottaking på Fogn enn på Talgje. På dei to øyane skulle ein naturleg forvente å finne det same åndelege jordsmonnet. Men ein komparasjon eller samanlikning av kristenlivet på dei to øyane gir eit anna resultat. Vekkinga på Talgje er enkelt årsaksforklart med at: ”Guds aand var mæktig til stede under ordets forkynELSE”.²⁹⁶

Vekkinga på Fogn kan ikkje vevast inn i ein slik kontekst, for slik var det ikkje. Her blei det strid mellom to ulike fraksjonar som begge meinte å forvalta Guds ord med den rette ånd.

²⁹³ SAS Visitasprotokoll Søre Ryfylke prosti 1884-1919

²⁹⁴ Straume 1956:292

²⁹⁵ Staden fognbuen rodde til heiter framleis ”Fognalende” eller ”Fognalendingane”. Dei nytta to båtstøer, avhengig av vindretningen. Frå båtstøa til kyrkja var det ein snau km å gå.

²⁹⁶ Protokoll: Talgje beehus

Hausten 1907 stod Foldøen på Judaberg (Finnøy) og såg over fjorden mot Fogn. ”Du Fogn, du Fogn kor eg syter med å kome dit. Skal tru eg får hus?” sa han. ”Du skal få kome til meg å få både hus og mat”, svarte Olav H. Hovda. ”Ja, då kjem eg om fjorten dagar”, sa Foldøen.²⁹⁷ Olav Hovda tok vel imot Foldøen, og han treivst så godt der at då kårhuset på garden litt seinare blei ledig, flytte han med familien til Hovda. På Hovda budde familien Foldøen i 5 år og høyrde dermed til Talgje sokn nokre år, før dei kjøpte seg ein liten eidegom på Finnøy.

Kvífor møtte vekkinga større motstand på Fogn enn i resten av kommunen? Å sjå på vekkinga som frigjering frå gamal vanetenking, samsvara ikkje med folk sin reaksjon. Generelle krav om meir individuell fridom og auka identitetskjensle passar heller ikkje i forklaringsmodellen. Samfunnstilhøva var annleis på Fogn. Her budde korkje lensmann eller prest. Leiarskap på øya måtte derfor hentast frå anna hald. Gardane var jamt over små og ingen skilde seg ut gjennom økonomisk rikdom. På Fogn vaks leiaremna opp og fram nedanfrå, gjennom eigen duglike og utan hjelp av medfødde fordelar. Kanskje dette er noko av forklaringa?

På Fogn budde flinke, sterke og prinsippfaste personar. Det at formannen i Talgø Sogn misjonsforeining gjennom mange år var frå Fogn høver inn i denne forklaringsmodellen.²⁹⁸ Det er liten tvil om at folk på Fogn kjente til og hadde lest kristen litteratur langt grundigare enn på Talgje. Folk involverte seg aktivt om Guds-orDET, og leiarposisjonen i kristenflokken gav rang og status i bygdefellesskapet. Dette kan vere årsak til kvífor det nye møtte så kvass motstand. Vekkingsrørsla rokka ved eit etablert sosialt hierarki som fungerte og som fognbuen hadde erfaring med og tillit til.

Kjente predikantar som Lars Oftedal og Tormod Rettedal hadde vitja Fogn.²⁹⁹ Desse hadde evne til å inspirere, styrke truslivet og utvide den åndelege horisonten deira. Haugevennene fekk og tidleg fotfeste på Fogn. Det er fortalt at folk rodde mellom Mosterøy og Fogn, og at dei hadde samlingar i lag. Straume opplyser at Ola Halvorsen Hovda var venn med John Haugvaldstad. Begge sónene til Ola vart leiande i lesarflokken på Fogn, den siste døde i 1897.³⁰⁰ Jone Eie (Hauen) var innflyttar frå Laugaland i Hjelmeland, sjølve høgborga til haugianarane i Ryfylke. Han gifte seg til Fogn og blei kjend for sin ”brennende iver, og underfulle måte å forkynne Guds ord på.”³⁰¹

²⁹⁷ Straume 1956:297

²⁹⁸ Birkeli 1946:374

²⁹⁹ Straume 1956:296

³⁰⁰ Straume 1956:295

³⁰¹ Sitert etter Andreas Selvåg. Birkeli 1946: side 374

Olav Hovda som inviterte Sven Foldøen til Fogn hausten 1907 var 57 år gammal, bonde på Hovda, og gift med dotter til gamlelensmannen på Talgje. Han hadde vore på vekkingsmøta til Foldøen både på Talgje og Finnøy, men kom ikkje lenger enn til å vedgå at Foldøen hadde rett.³⁰² Møtestadane på Fogn veksla mellom skolehusa på Nord - og Sør Fogn. På heimvegen frå eit av dei første møta ”datt syndebøra av Olav Hovda”, og etter å ha funne klårleik i si frelsessak fekk han trong til å få andre med seg på møta.³⁰³ Straks gjekk Hovda saman med Foldøen til Andreas Selvåg som var ein av dei gamle leiarane.³⁰⁴ Då Olav Hovda ville vita kvifor Selvåg ikkje kom på møta var svaret: ”Det er for laust!” Om Ludvig Hope sa han: ”Hope byggjer på sand”. Rosenius tykte han heller ikkje noko om, men derimot likte han det Gabriel Bårdsen skreiv i *Bibelbudet* som kom ut i Stavanger: ”Når vi ser på vekkelsene nå, får vi en klam følelse fordi vi vet ikke om den er kommen fra oven eller neden.”³⁰⁵

Straume skriv at mange på Fogn gjekk ikkje på møta for dei hadde mistru både til talaren og til Kinamisjonen, og tykte den nye forkynninga bar klart preg av at det var ”kjødet” som var vakt og ikkje ånda, blei det sagt.³⁰⁶ Derfor måtte sjølvsgatt folk som sette vona si til Gud halda seg borte frå møta. På Talgje fekk talgebuen høyre nøyaktig den same forkynninga, men dei slo like skråsikkert fast at ånda var av Gud.

Teodor Hovda som var leiar for Talgje Sogn misjonsforeining nekta å setja foten sin inn på eit møte til Foldøen. Dei bare tek seg ei slags tru og kallar det tru, ”å, du og du”, sa han.³⁰⁷ ”Forkynninga dreia seg i for stor grad om å koma til Sonen, men dei burde leggje merke til at det var bare dei som Faderen fekk drage som kom til Jesus”, minna Teodor om og viste til Joh. 6.44: ”Ingen kan koma til meg utan at Faderen har drege han”. Slik forkynninga var nå tok den brodden av både lov og evangelium og folk kom korkje i syndenaud eller kjende anger over syndene sine.³⁰⁸

Striden om å ha den rette trua kvesste seg fort til på Fogn. Her fekk Foldøen framifrå venner, men og glødande motstandarar. Makta er forankra i kontrollen av tankelivet, og religionen er slett ikkje fråkopla ein normerande samfunnsdiskurs. Begge parter var hegemonisøkande og absolutistiske. I eige perspektiv høyrd begge til den rette sida og meinte å ha ein fastsetjande

³⁰² Straume 1956:297

³⁰³ Straume 1956: 299

³⁰⁴ Andreas Selvåg var blåbokianar d.v.s. ei streng konservativ retning innan haugianismen

³⁰⁵ Straume 1956:299

³⁰⁶ Tungland 1978:140

³⁰⁷ Tungland 1978:145

³⁰⁸ Tungland 1978:144

rett til å påpeike andre si villfaring. Når begge grunngav overbevisinga si med det dei fann ut av Bibelen, kunne krasse ord forklarast som velmeint rettleiing for å berga folk frå helvete.

Johan Hovda var lærar på Talgje i mange år, men født og vaks opp på Fogn. I boka *Fedrene kirke i Rogaland* skriv han om eit barndomsminne:

Eg var liten skulegut og me hadde det så gildt på skulen. Men midt i ein time kom det folk inn i gangen. Læraren gjekk ut.³⁰⁹ Han var med dei ”unge” som dei kalla dei nyvakte. Dei tala lenge og lågt og alvorleg der ute, men hissigare etter kvart. Me høyrd ikkje kva dei sa – men det var så uhyggeleg, og eg hugsar eg var så redd. Det var som ei vond ånd kom inn gjennom dørsprekka og la ei uskjönleg uhygge over barnesinnet. Så kom læraren inn og sende oss heim. Eg skjøna ingenting, men tykte eg bar ei bør som var tyngre enn eg var skapt til å bera. Og mor fekk spørsmål: ”kvifor skulle me heim?” – ”Å, dei har møte kvar kveld på skulehuset. Og så vaskar dei ikkje etter seg. (...) Dei tykkjer det er så gildt å ha møte, at det er ikkje nok med berre sundagane.”³¹⁰

Straume vedgår at Foldøen var årsak til at striden mellom kristenflokkane på Fogn blei så hard, men innrømminga sit langt inne.³¹¹ Likevel avsluttar Straume presentasjonen sin om kristenlivet på Fogn med: ”På Fogn var eit av dei beste venesamfunn som fanst i Ryfylke.”³¹² Ordlyden viser at omgrepene *vennesamfunn* og *kristenfolket* var ulike kategoriar.

Vennesamfunnet er den ekte kristenflokk som dei nyvakte skulle førast inn i. Her skulle dei vakte kjempa i lag for å halda kvarandre oppe i trua og arbeida for at vekkingsfenomenet kunne institusjonalisera til å bli ei kraft og ein autoritet i samfunnet. På Fogn var det ei tid så gale at då Indremisjonen heldt årsmøte og møteleiaren oppdaga at det var røysta inn folk frå Kinamisjonen som tillitsmenn, såg han det best å kaste røystesetlane i omnen og la alt vera med det gamle. Men det var for seint, Fogn hadde fått ein ny kristenflokk og den gamle stod mot den nye.³¹³

Korleis gjekk det på Finnøy?

Frå Fogn er det ikkje langt over til Finnøy. Foldøen som nå var blitt fognbu fekk høyre at på Finnøy var det møte ved kinaemissären Johannes Daasvand. Nyttårsdagen i 1909 var det kveldsmøte i kyrkja på Hesby. Her ville Foldøen vere med, og drog over fjorden. ”Sven var i kampglød”, skriv Josef Tungland.³¹⁴ Det var ein annan Sven Foldøen finnøybuen fekk høyra nå enn då han var der tre år tidlegare, då presten kalla det for ”en sund vækkelse”. Tonen var

³⁰⁹ Læraren heitte Søren Nærland

³¹⁰ Hovda1969:27 ”Klokkar i ein mannsalder” i: *Fedrene kirke i Rogaland*

³¹¹ Straume 1956:300

³¹² Straume 1956:301

³¹³ Straume 1956:299

³¹⁴ Tungland 1978:148

hard og utan empati eller forståing for meininger som ikkje samsvara med hans eigne. Men igjen syntet det seg at folk ville høyra på han, og kritikken mot presten og dei gamle sitt syn fann særleg klangbotn hos ungdommen. Dette var sjølvsagt noko leiinga i Kinamisjonen måtte ta omsyn til, sjølv om enkelte tykte sjølvbiletet hans var i ferd med å ta av. Kveldsmøtet i kyrkja var bestemt utan at sokneprest Wettergren visste noko og både Foldøen og Daasvand deltok som talarar.³¹⁵

Foldøen heldt ein tale som det gjekk gjetord om lenge i Ryfylke. Dei som var tilstades hadde sjeldan og aldri høyrt han så klår og kjent så sterkt ei åndsmakt som denne kvelden, skriv Tungland.³¹⁶ Kva åndskrefter var det folk eigentlig kjente ovra seg? Talen førte i alle høve til heftige innlegg i avisene og det strøymde på med klagemål mot Foldøen. Klagene resulterte i alvorlige spenningar både mellom Kinamisjonsforbundet og andre arbeidslag, og ”Kinafolket” seg imellom. ”Sven var i kampglød”, fortset Tungland og støttar han fullt ut, for det var motstandarar av vekkinga han langa ut mot. Motstandarane påstod at forkynninga til Foldøen var for lett og ubibelsk, og klagemåla strøymde på.³¹⁷

Kva gjekk skuldingane ut på? Sjølv hevda Foldøen at gamle kristne hadde kome til han og sagt at desse nye emissærane kom med ei lære som førte folk vill, og han sjølv var verre enn rasjonalistpresten Carl Konow.³¹⁸ Desse skuldingane var det Foldøen tok fram i kyrkja og han sparte så visst ikkje på ”kruttet”. ”De gamle paver paa Finnø skulde rundjules for derefter å senkes i havets dyb”, slo han fast. Avisinnlegga gjev i det minste ei supplerande tolking til Tungland sin versjon av kva slag åndsmakter som regjerte i kyrkja. Først to lesarinnlegg i Stavanger Aftenblad av Christoffer Mickelsen³¹⁹ og hans reaksjon på det som blei sagt i kyrkja:

(...) Det må ikke taales lenger at kirken udlaanes til alle og enhver og allermindst til hr. Folløen. At den gøres til et varietèteater, hvor galleriets publikum, der består af mere eller mindre kaad ungdom morer sig og driver gjøn (...) Det nedbryder al aktelse og ærbødighed for det hus hvor den higende sjæl skulde søge hen for at finde hvile og trøst – ikke til fornøyelser, men for opbyggelses skyld.”³²⁰

18. januar har same mann eit nytt lesarinnlegg:

³¹⁵ Tungland 1978:149

³¹⁶ Tungland 1978:148

³¹⁷ Tungland 1978:149

³¹⁸ Tungland 1978:149

³¹⁹ Mickelsen var dreng på futegarden i Hesby. Fortalt av John Nærland til Magne Nesvik

³²⁰ Stavanger Aftenblad 6.januar 1909

Kinaemissær Daasvand udtalte paa nytaarsdagsmødet, hvad der ogsaa vagte forargelse at naar de uomvendte bad Fadervor, da kunne de ligesaa godt sige: "Fader vor du som er i helvede, som_de sagde: Fader vor du som er i himlene." (...) For disse staar kirken aaben dag og nat, de spørger ingen om adgang, den tages uden videre til brug eller misbrug. (...) Jeg gjentager. Skal dette taales? (...) Djævelen havde været paa Finnø i en emissærs skikkelse, derefter var han reist til Strand sogn i samme skikkelse, og revet ned, hvad han – Foldøen – havde bygget op³²¹ (...) De vakte var blevet vildledet af de gamle kristne her, som selv gikk paa veien til helvede, men, la han til, "lad gaa dem naar de bare ikkje faar de unge med seg." Ved en tidligere leilighed har han ogsaa uttalt i Finnø kirke, idet to gamle mænd paa over 80 aar noget før mødets slutning sent_om aftenen forlod kirken: "se hvorledes djevelen drager dem, han har tadt nok draget dem ut kirkedørene og bedehusdørene paa Finnø."³²²

Så eit lesarinnlegg med signaturen J. Vedkomande er tydeleg positiv til Foldøen, men er einig med Mickelsen at uttrykka Foldøen brukte i kyrkja ikkje burde vore nytta. Sett på denne bakgrunn er det rimeleg å tru at Mickelsen må ha sitert Foldøen rett.

Jeg er enig (...) at Foldøens uttrykk i kirken nytaarsdag var meget uheldig og jeg beklager, at noget saadant blev uttalt. (...) men jeg vil faa lov at fremholde at Foldøens virksomhed baade her paa Finnø og andre steder har været til velsignelse. Gud har faaet bruge ham som redskab til mange synderes frelse.³²³

Før dette siste innlegget kom i avisene hadde Wettergren alt sendt brev til biskopen og gjeve han ei lang utgreiing om Foldøen si verksemnd.³²⁴ Brevet var eit svar på at biskopen hadde skrive til Stavanger prosti og bedt om å bli orientert om kva som hadde gått føre seg i kyrkja på Finnøy.

Underleg nok nemner Straume av ein eller annan grunn lite om denne hendinga som det etter Tungland, gjekk gjetord om i Ryfylke. Den gong Straume samla inn stoff til boka si var det gått mindre enn 50 år etter møtet i kyrkja. Truleg var informantane hans eldre folk som sjølv hugsa både hendinga, avisskriveria og alt bråket i ettertida. Dei hadde hatt god tid til å reflektere over det som hendte og visste at feil var gjort på begge sider. Dei forsto godt kva som burde opplysast til ettertida og kva som var lurast å teie om. Å rippe i alt dette ville bare rive opp i slikt dei helst såg gløynt.

³²¹ Nesvik 1979: 52 Forhandlingsprotokoll (1) Kinamisjons forbundet. Namnet går fram av brev til Foldøen 20.03.09, referert i protokollen. Det er emissæren Anders Loheller Foldøen siktat til

³²² Stavanger Aftenblad 18. januar 1909

³²³ Stavanger Aftenblad 26. januar 1909

³²⁴ SAS Finnøy Prestarkiv Kopibok utgående 1884-1919 15. januar 1909 nr.4, side 59b

18. januar skreiv Wettergren til Sven Foldøen og bad han beklage usanne skuldingar han hadde kome med i heimen til Jakob Bø på Fogn. Der hadde Foldøen sete i lag med fleire og lagt ut om kva han meinte om forkynninga til presten. Konklusjonen var at Wettergren preika folk rett i helvetet. Dette kom presten for øyra frå ein truverdig mann, som og var villig til å avleggje eid på at dette var sagt, skreiv Wettergren til Foldøen:

Saa maa jeg for mit Embede og Menighedens Skyld anmode Dem om i en opbyggelse baade paa Fogn og Finnøy at tage disse ord tilbage, og bede både Presten og Menigheden om Forladelse. I modsatt fald maa jeg forebringe Sagen for Biskopen til afgjørelse.³²⁵

Hos Straume heiter det bare at Wettergren hadde klaga over at forkynninga til Foldøen var for lett og fann elles ymse som var gale i den. Dette blei sagt i eit vennelag der dei skjemta og lo, og Sven sa han trudde Wettergren preika folk til helvete. Straume legg til at det Foldøen sa i vennelaget, anten som skjemt eller alvor, til sist hamna hos fiendar.³²⁶ Likevel er det tydeleg at Straume ikkje vil gå djupt inn i temaet. Det gjer derimot Tungland, men han tolkar alt til Foldøens og vekkingsrørsla sin fordel.

Brev til kretsen og kretsen sin reaksjon

Kretsformannen i Kinamisjonen Brynjulf. P. Mugaas vart kontakta. Han skriv til Foldøen og er vonbroten over at han ikkje har sagt seg lei for noko av alt det som har hendt i Finnøy. Her er eit kort samandrag av brevet slik det er sitert hos Tungland:

Uttrykket ”de gamle paver” er eit skjellsord, det går ikkje an å nytte slike ord frå prekestolen i eit oppbyggelig møte. Han minner Sven om 1.Tim.5,1: ”Tal ikke hardt til en gammel mann. Det er alltid noe anmassende i at unge vil træ op som de gamles tugtesmæstere (...) Der findes end ikkje fnug av kristendom i slik tale. Det er saa fullstendig kjødligt, som skulde staa på et folkemøde og ikke paa en talerstol som et Kristi sendebud”.

Så tek han føre seg uttrykket ”en djevel i emissærskikkelse”.

”Er ikke et slikt uttrykk forferdelig?” dersom mannen lever i openberr synd og samstundes talar Guds ord, kunne ein *kanskje* tala slik, ikkje elles (...) ”Jeg kunne ha forstått det om du hadde sagt han hadde gåa djevelens ærend”.³²⁷

Av Mugaas fekk han og høyre at leiande ”brødre” hadde lufta tanken om at kretsstyret burde gripe inn og halde han i ro ei tid, for han hadde fått for høge tankar om seg sjølv. 3. mars svara Foldøen på brevet. Han angra på uttrykkja sine, men ville ikkje offentleg kalla noko

³²⁵ SAS Finnøy Prestearkiv Kopibok utgåande 1884-1919 18. januar 1909 nr.5, side 60b

³²⁶ Straume 1956:477

³²⁷ Tungland 1978:163

tilbake då han meinte å ha fått tankane frå Gud. Rett nok kunne han valt andre ord, men når det galdt emissären (Lodhammer) kunne han ikkje be om orsaking for emissären hadde omtala vekkinga på Fogn med ord som utan tvil kom frå djevelen.³²⁸ Viljen til forsoning frå Foldøen si side var slett ikkje stor. Kretsstyret handsama saka i møte 20. mars og sende han eit brev der dei nøydde seg med å be han om ikkje å opptre slik at motstandarane fekk høve til ”at overfalde dig”, og helsa med Tit. 2.6 - 8.³²⁹

Med å vise til vekkinga på Fogn var kretsstyret makteslause. Det var ikkje bare Lodheller som hadde vore på øya. Edvard Masoni³³⁰ hadde gode venner i Rogaland og hadde vore på Fogn og tala, og mange såg på han som ei røyst frå Gud når han reiste rundt og sa lite fint om Kinamisjonen. Dette skjerpa motsetningane og i ”hellig vrede” fall det ord som aldri skulle vore sagt. Den ”kaade ungdommen på galleriet” var Foldøen sine støttespelarar og allierte. I ei tid kor den gamle autoritetsrespekten i synet på prest og embetsmenn kom under press, var det avgjort populært at nokon torde snakke ”øvrigheden” imot, og ta til motmæle mot gamle bygdeautoritetar. Ungdommen følte sikkert at den nye tidsånda samsvara med deira verdisyn og let seg villig riva med.

Vekkingsorda om at alle, til og med ”den kaade ungdommen på galleriet”, kunne komma til Gud akkurat slik som dei var, måtte kjennast som den verste vranglære for dei to gamle som reiste seg og gjekk. Når dei i tillegg fekk ropt etter seg at det var djevelen som drog dei ut døra gjorde det ikkje saka betre. I deira øyrer fortuna harseleringa over kyrkja og det ho stod for som både ubibelsk, vond og uverdig. Alle dei harde orda mot prest og kyrkje, både i haldning og forkynning aksentuerte og utdjupa skiljet.

Sjølv om det var semje om målet, var leiinga av Kinamisjonen urolege over metodane til Foldøen. Dei mislika den uvordne væremåten hans med stadig å leggje seg ut med autoritetspersonar, særleg innan presteskapet. Kretsstyret prøvde å roe han ned, men det var lettare sagt enn gjort og i Ryfylke fekk han mykje støtte. Då Kinamisjonen skulle ha stemne på Hjelmeland påskan i 1909 imøtekom kyrkjetilsynet bruk av kyrkja bare dersom Foldøen haldt seg borte. Med alt bråket på Finnøy i friskt minne, bøygde kretsstyret av og aksepterte vilkåra. Dette førte til stor uro mellom leiande menn av vekkingsfolket i Ryfylke og kretsleiinga som haldt til i Eigersund.

³²⁸ Tungland 1978:165

³²⁹ Tungland 1978:166

³³⁰ Edvard Masoni var frå Finnmark. Han skulle reise til Kina som misjonær, men var ein av fleire som braut med D.N.L.K. då organisasjonen ikkje ville ha kyrkjeleg ordinasjon av misjonærane.

”Det blei storm i Ryfylke”, skriv Tungland. Ja, misnøya med leiinga var så hard at enkelte røyster tok til orde for å lausrive Ryfylke frå søre del av distriktet.³³¹ Jøssang skriv at det oppsto ei alvorleg styringskrise i Stavanger krets.³³² Sommaren 1910 slo kretsstyret saman formann, sekretær og kasserarstillinga og la alt i fanget på Mugaas. Kjeldene er tause, men Jøssang meiner at behovet for ei sterk hand må ha meldt seg.³³³ Sjølv om dette kan høyra ut demokratisk ut var det vel einaste måten å takle Foldøen og flokken hans på.

Kva gjorde Foldøen med brevet frå sokneprest Wettergren?

Foldøen visste biskopen ville få saka dersom han ikkje tok attende skuldinga om at ”Wettergren preker folk til Helvete”. Mange var etter kvart trøytte av alt bråket, og i ein periode kor det storma på mange frontar trong han å prioritere kreftene. ”Foldøen gjekk til prestegarden og gjorde opp med presten”. Slik lyder den ”rette” forteljinga, den offisielle og offentlege versjonen som blei formulert av vekkingsrørsla, ut frå omsynet til kva som, frå deira ståstad, der og då ville tena fellesskapet og ettertida best.

Definisjonsretten til å avgjere kva som er sant og rett er den sigrande part sitt *privilegium*, og såleis blei aldri presten sin versjon etterspurd i utforminga av sanninga. Var heile opprinnet i prestegarden eit spel? Før nokon konklusjon kan trekkjast er det visse opplysingar som treng ei nærmare drøfting. Det finst to nedskrivne versjonar av hendinga. Den eldste og mest detaljrike har Straume.³³⁴ Tungland sin versjon er kort og ber preg av å vere av nyare dato, men inneheld eit par interessante detaljer.³³⁵

Foldøen fekk med seg Olav Hovda frå Fogn. Det må ha vore ei oppmuntring for Wettergren å få melding om at Sven Foldøen, ville komme og tale ut om dei vonde tinga som hadde hendt. At dei var velkomne går fram av Tungland sin opplysing om at prestefrua trakterte dei med te og kaker. Straume nemner at Wettergren skreiv forlik og Olav Hovda vitna at alt var oppgjort og dei tre bad saman til Gud. ”Dei bøygde kne i lag og bad saman, og alt skulle vera oppgjort”, er Tungland sin versjon. Dei bad, men bøygde dei kne? Oscar Handeland opplyser at bønn på kne var noko nytt som dei gamle ikkje fann seg til rette med.³³⁶ Dette forsterkar mi meining om at Straume har hatt tilgang til eldre og sikrare kjelder enn Tungland. Det måtte

³³¹ Tungland 1978:168

³³² Jøssang 2001:113

³³³ Jøssang 2001:113

³³⁴ Straume 1956:478

³³⁵ Tungland 1978:176

³³⁶ Handeland 1966:205 bind 3

heilt sikkert vore både unaturleg og direkte provoserande å oppfordra Wettergren om å legge seg på kne?

Straume har med noko av samtalen: ”Det er rett at eg har sagt at du preikar folk til helvete”, sa Sven til Wettergren. ”Men du har sagt at eg forkynner slik at eg fører folk vill. Det er vel ikkje så mykje betre. Det fører vel til same mål?”³³⁷ Eit viktig poeng er kva tid under samtalen desse orda blei sagt. Først kom dei vel inn til presten og helsa på kvarandre. Sannsynligvis gjekk dei så inn i stova, sat og snakka saman og fekk servert kaker og te. ”Wettergren skreiv forlik”, som betyr at Foldøen fekk skriftleg erklæring av presten om at han var nøgd. Etter forliket må det ha vore naturleg at dei bad saman og avslutta samværet. Kva tid fall så desse orda frå Foldøen som Straume refererer? Jo, då dei skulle gå.

Foldøen innrømma – eller gjentok – at han sa Wettergren hadde preika folk til helvete. Dette oppfatta presten sjølvsagt som ei erkjenning av eit feiltrinn. ”Men du har sagt at eg forkynnar slik at eg fører folk vill”, la han til. Dette innrømma Wettergren å ha sagt, men meinte slikt var noko heilt anna enn å preika folk til helvete. Presten følte nok han hadde kontroll over situasjonen og var sikkert tilfreds med at ein så fornuftig mann som Olav Hovda høyerte på. Men ”kor endar dei villfarne?” spurde så Foldøen til slutt og let spørsmålet triumferande henga i lause lufta. Så takka han for seg og gjekk ut døra med papir frå presten om at alt var oppgjort. Kva tankar stod så Wettergren igjen med etter besøket? Mest sannsynleg følte han seg misbrukt og lurt, for tida blei svært tung for han etter dette.

Alt ved nyåret 1909 var Wettergren sliten og denne vinteren nyttå han ofte vikarar. Første gudstenesta han hadde i Talgje kyrkje dette året var ikkje før 2. mai.³³⁸ All striden var i ferd med å knekke han psykisk. I kallsboka skriv han at han pådrog seg ein nervøs sjukdom. Denne var årsaka til at han søkte om avskjed, som blei innvilga 12. juli 1910.³³⁹ Det må ha vore både trist og bittert å forlate kyrkja på denne måten etter heile 26 år i Finnøy. Kyrkjelyden kan ikkje ha hatt noko god kjensle, og vekkingsrørsla såg seg nok heller ikkje tent med å få ansvaret for at presten blei sjuk. Wettergren tok aldri til motmæle, men kva tankar og haldningar han bar på kjem fram slik han avsluttar kallsboka:

I 1906 kom her en stor vækkelse over hele prestegjeldet, men det viste sig snart, at den indeholdt stærkt reformerte, metodistiske og ukristelige elementer. Paa grund heraf opsto to Partier af de nyvakte og de ældre Troende, som holder fast ved den evanglick lutherske Lære, ved Kirkens og

³³⁷ Straume 1956: 478

³³⁸ SAS Finnøy Prestarkiv Ministralsbok A11 1891-1910, dagbokregister side 234

³³⁹ SAS Finnøy Prestarkiv Kallsbok 1799-1984 side 49

Presteembedet. Disse to aandsretninger tørner nu saman, og Striden mellom dem er dessverre noksaa skarp og bitter (...) Herren velsigne Menigheden og mine Eftermend, saa Guds Rige altid maa grundfestes paa og faa sin Kraft fra den Korsfestede og opstandne Frelser Jesus Cristus! – Jeg holdt min afskedsprediken i Talgø Kirke 21. og i Finnø Kirke 22. okt. 31. Oktober flyttede Jeg til Stavanger.³⁴⁰

Fr. Wettergren

Oppsummering

Hauge kom ikkje til heidningar nokon stad i landet skriv Handeland.³⁴¹ Det same kan seiast om Sven Foldøen. Vekkingsbylgja som sveipte over Ryfylke først på 1900-talet reiv med seg og omforma det religiøse landskapet. Men tydinga av omgrepene vekking er ikkje bare å vakna. Å venda om var eit brot med det gamle religiøse livet – mot det nye som strøynde på. Den gamle patriarchalske tenkjemåten med presten som representant for Gud og kongen sin talsmann var over. Ei ny form for kristendom var i ferd med å vekse fram.

Demokratiseringsprosessen som resulterte med innføring av parlamentarismen i 1884, var eit paradigmeskifte i tenkjemåte som gav individualisme, identitet og eigenverdi ein ny dimensjon. Likevel forklarer ikkje slik sekulær form for tenking heile det åndelege aspektet i tilværet. Om gamle autoritetar blir vendt ryggen, treng likevel mennesket ein trygg plass å vende seg til. Slik kan vekkinga fungere som klangbotn i lengselen etter eit fellesskap, og i vennesamfunnet fanst denne tryggleiken. Her kunne den enkelte bli inspirert til innsats innanfor ein større organisasjonssamanheng, og føla seg som deltakar i noko større.

Lekmannskristendommen frigjorde tette gamle bindingar til autoritetar og bygdetradisjonar. Samfunnsendringane skapte nye idear og gav nye impulsar. Demokratiseringsprosessen opna for individualisme og gav kjensle av eigenverdi til småårsfolk. Folk – særleg ungdommen – oppdaga eigne evne og bestemte seg for å ta dei i bruk. Emissærane sin sosiale bakgrunn var enkel, men ekte og gjenkjenneleg. Dei hadde for der meste same yrkesbakgrunnen som bygdefolket og kjente miljøet. Bodskapen deira nådde lettare inn til hjarta enn presten med sine lærde utlegningar. Likeins kom dei eldre i skuggen då ny mentalitet og identitetskjensle vaks fram. Den gamle oppdragingskristendommen med å ”frykte Gud og ære kongen” var ikkje så lett å vidareføre inn i eit meir pluralistisk samfunn der stadig fleire, motstridande hevda å forvalte Sanninga.

³⁴⁰ Ibid.

³⁴¹ Handeland1966:39 bind 2

Kjensle av makt fører lett til misbruk av makt. Leia av emissærar med Sven Foldøen i spissen vart frontane unødvendig harde. Men i maktkampen om å strida Herrens gode strid blei det akseptert at mange lemlest og knuste sjeler låg att på valplassen. Likevel, trass overtramp og uheldige utslag var lekmannsrørsla med og gav breidde i frikopinga og stormlaupet mot embetsstaten. Vekkinga forankra gudstrua i ein ny identitet, til eit personleg ansvar for forholdet sitt til Gud gjennom omvending.

Kapittel 6: Nye steg mot ”det alminnelige prestedømme”

I religiøs retorikk dreg ein gjerne parallellear mellom naturkreftene og vekslingar i det åndelige klimaet. Vekkingsvinden løya av og det gjekk mot stillare vær, men som i naturen blæs det ofte opp på ny og kanskje frå ein annan retning. Fram mot 1910 auka motsetningane mellom kyrkja og vekkingsrørsla, men og internt mellom organisasjonane auka spenninga. Nasjonalt blei det stor strid omkring utnemninga av den liberale teologen Johannes Ording til professor i systematisk teologi på universitetet. Dette førte vidare til at ei konservativ gruppering gjekk i brodden for å opprette Menighetsfakultetet.³⁴²

Nye vindar ruska og sette ein del sjø i alle kristne leirar. Uroa i Ryfylke var ikkje noko særmerkt eller spesielt for regionen, men var utslag av teologiske spørsmål som måtte tolkast inn i ei ny tid med ein endra forståingshorisont. Forståinga av nattverden var eit av elementa i denne striden. For Kinamisjonen blei dette høve til å auke presset for å få avvikle kyrkja sitt monopol av sakramentsforvaltinga.

Dei andre kristne organisasjonane slo derimot ring om dei pietistiske prestane og gav den ortodokse lutherske kyrkjelæra si støtte. All turbulensen gjorde at avstanden auka mellom Kinamisjonen og dei andre organisasjonane, og Kinamisjonen blei stempla for å vere kyrkje fiendsleg. Sjølv nekta dei for dette, men hevda at kyrkjedøra blei stengd for dei. Det var ikkje kyrkja i seg sjølv det var noko gale med, meinte dei, men at prestane hadde for stor makt, og nyttja kyrkja til å styre og kontrollere folket.³⁴³

Låg det meir bak striden som toppa seg på Finnøy i 1909 og haldt fram i fleire år? Hadde motsetningane rot i noko meir enn det den offentlege debatten fekk fram? Eller kan uroa bare reknast for eit fenomen i den lokale maktkampen om hegemoni og kven sine normer som skulle styre samfunnsdiskursen? Frontlina var ikkje alltid like lett å sjå. Målet for

³⁴² Einar Molland 1979: 325 Norges kirkehistorie i det 19. århundre. Bind 2

³⁴³ Straume 1956:502

vekkingsrørsla var å frelse syndarar, men skulle dette lukkast meinte dei presten si makt måtte reduserast. I pakt med den generelle demokratiseringsprosessen blei presteeembetet etter kvart fråtatt det eine privilegiet etter det andre. Likevel, samtidig som presten fekk makta redusert og folkeviljen fekk gjennomslag, løya paradoksalt nok vekkingsvinden. I 1920 kom lova om sokneråd, og endeleg skulle folket få eit ord med i laget, og bestemma i kyrkjelege saker. Men då blei styringa av kyrkjene opna for folk som venneflokkene på bedehuset meinte slett ikkje høyrde til samfunnet av dei heilage. Vinden snudde og tok til å blåse frå ein ny kant, men dette ligg utanfor rammene til denne oppgåva.

Ei friare stilling i høve til kyrkja, første steget

Fleire av Kinamisjonen sine emissærar som reiste i Ryfylke hadde vore i Amerika.³⁴⁴ Det var ikkje bare deira lutherske grunnsyn som blei påverka der, men like mykje effekten av ei rivande sosial utvikling som braut med gamle maktstrukturane dei kjente frå Noreg. Makt og guds frykt er ganske synonyme ord. I eit samfunn basert på oppdragning til guds frykt var rolla til presten å oppdra folk til lydnad. Maktbruk og kontroll over folk sin tanke og levemåte var ein måte å einsrette folket mentalt til lydnad mot styresmakta.

Konformiteten gav lite rom for individualisme. Når samfunnsforholda endra seg, saug særleg ungdommen til seg dei nye ideane som mat for ein svolten kropp. Kyrkja hadde maktmiddel til å styra og tukta dei som trong det. Slik makt rådde ikkje vekkingsrørsla over. Dette kan forklare kvifor, særleg i den første tida, at trugsmåla med djevel og evig pine fekk så brei plass i forkynninga at det stundom forvekslast med bannskap. Alle truslane om evig pine var viktige trekk i kampen om hegemoniet. Straff og trussel som oppdragingsmetode hadde lang tradisjon og fann gjenklang i folk sin tenkjemåte. Ynsket om ein friare stilling til prest og kyrkje var sikkert forlokkande for tanken. Spørsmålet er om fridom frå konformitetskrav og einsretting blei mindre dit dei blei ynskte velkommen?

Fri nattverd var neste steg

Parallelt med frykta for den liberale teologien auka krava om fri nattverd. Vekkingsrørsla meinte at presten altfor lett let uverdige sleppe fram til alterbordet.³⁴⁵ Nattverden i kyrkja fekk ikkje fram det nødvendige vitnesbyrdet av å vere frelst frå syndelivet som var så sentral i

³⁴⁴ Jøssang 2001:134

³⁴⁵ Stensvold 2005:363

vekkingskristendommen.³⁴⁶ Synd gjeld forholdet mellom den truande og Gud, men dette blir forkludra når presten i nattverdsritualet opptrer i Guds stad, hevda dei.³⁴⁷ Og i tillegg var vekkingsfolket kritiske til at bare presten hadde rett til å dele ut nattverden. Striden om nattverden utvikla seg til ein rein maktkamp om kor vidt presten hadde eit guddommeleg embete. Etter kvart blei det meiningslaust for vekkingsrørsla å godta at ein truande lekemann med lov kunne nektast å dela ut nattverden. Men presten kunne, sjølv om livet han levde slett ikkje var Gud til ære, og dette førte til at splittinga auka.

Straks etter hundreårsskiftet blei det første kjende frie nattverdsmøte halde i Ryfylke. Ein emissær frå Kinamisjonen var på Hjelmeland i 1901. Før han reiste fekk han med seg nokre unge på eit "privat nattverdmøte".³⁴⁸ Men det var først frå 1906 og framover at det tok til å storma kring dette spørsmålet. Argumentasjonen var at når Guds folk samlast må dei ha rett til å dele Herrens lekam og blod utan at presten treng vere til stades. Ludvig Hope (1871-1954) var den som stod fremst i kampen om å få nattverden fri. "Etter broderringsmøtet på Framnes (Hardanger) i 1906, loga han opp som ein eksplosjon".³⁴⁹ Uroa spreidde seg, og biskop Thorkildsen i Kristiansand gav ut ei brosjyre der han skreiv at den frie nattverd er "samfunnopløsningens uhyggelige Tegn."³⁵⁰

Det blei skrive artiklar om splitting av kyrkjelydar og om "Klikvæsen" som uhindra dekkar nattverdsbordet. Hausten 1907 heldt Indremisjonsselskapet og NMS eit fellesmøte i Stavanger og uttrykte bekymring over standpunktet til Broderringen og om "Nadtverdens ukontrollerede Forvaltning."³⁵¹ Utviklinga heretter blei ei større kløft med Kinamisjonen og DVI på den eine sida mot dei andre organisasjonane, og det er naturleg å peike på nattverdsstriden som årsaka. Tidlegare var det godt samarbeid mellom Kinamisjonen og NMS. Leiarane i begge organisasjonane, Brantzæg og Dale, brevveksla som gode venner,³⁵² men nattverdstiden førte NMS nærrare kyrkja medan Kinamisjonen og DVI fjerna seg. Om Kinamisjonen heiter det at dei distanserte seg frå statskyrkja så langt det var mogleg utan heilt å bryta med henne.³⁵³

³⁴⁶ Stensvold 2005:363

³⁴⁷ Stensvold 2005:364

³⁴⁸ Tungland 1987:34 i: *Bedehuskulturen i Ryfylke*

³⁴⁹ Straume 1956:502

³⁵⁰ Tungland 1987: 34

³⁵¹ Tungland 1987: 34

³⁵² D. N.L.K. gjennom 50 år 1941:68-79

³⁵³ Slettan 1992:119

Korleis oppstod nattverdstriden lokalt i Finnøy?

På Finnøy blei den første organiserte nattverdsforeininga stifta før nyårsskiftet 1909.³⁵⁴ Den 16. jan. skriv Wettergren til biskopen: ”Endelig skal jeg meddele at emissærerne Foldøen og Daasvand har stiftet en nadverdsforening, som har mange medlemmer og setter splid i sinderne.”³⁵⁵ Tungland skriv at ”Sven var med å stifta nattverdsforeininga på Finnøy, men at initiativet kom frå venneflokken på staden”.³⁵⁶ I ein artikkel i boka *Bedehuskulturen* skriv han meir utførleg om dette og viser til saksdokumenta frå avhøyra hos lensmannen i Finnøy, i 1908:

Frå den store vekkinga gjekk over Finnøy i 1905, var denne øya blitt sentrum for ”dei unge” eller den ”radikale” fløyen av lekmannsrørsla. I mars/april 1908 hadde desse eit møte der dei drøfta spørsmålet om fri nattverd, og der blei det bestemt at dei skulle ha eit slikt møte ein gong i månaden. Det første blei halde i heimen til Ola Nåden og om lag 40 menneske var med. Johannes Daasvand sto føre møtet og Sven Foldøen var med. Dette blei meldt og lensmannen tok tre av leiarane i avhøyra. Av forklaringa kan det sjå for at dette var første nattverdmøte på øya. Då desse tre forklarte seg hadde det vore to møte. Det siste blei også halde i ein heim med om lag like mange menneske, men nå var det ein av dei lokale leiarane som sto føre møtet. (...) Alle tre sa dei visste at ein lekemann ikkje hadde lov til å dela ut nattverden. (...) Alle tre sa at ”Nadveruddeling er lovlig ifølge Guds Lov, og de har at lyde Gud mer end Mennesker.” Påtalemakta la bort saka og ingenting blei gjort med ”frinattverdsfolket” på Finnøy.³⁵⁷

For Foldøen må saka ha vekt harme og dette kan forklare noko av den krasse talemåten hans i finnøykyrkja nyårsdagen i 1909. Eigentleg var nattverden av mindre betyding for frelsa etter hans oppfatning. Med bakgrunn i amerikansk reformert kristendom med metodistiske innslag var Foldøen helst redd at sakramenta kunne vera med å gje folk eit falskt trøystegrunnlag.³⁵⁸ Men då Ludvig Hope tok fatt i denne saka blei nattverden lyfta fram som den viktigaste kampsaka ei tid. Gjennom monopol på sakramentforvaltinga haldt presteskapet fast på ein maktposisjon som etter Guds ord var urett, hevda han, sjølv om det blei kalla aldri så mykje luthersk.

Stifting av nattverdsforeining på Talgje

Også på Talgje blei det stifta nattverdsforeining ganske tidleg. Utan det kan dokumenterast skal hendinga ha funne stad i begynninga av 1909, straks etter foreiningsdanninga på Finnøy.

³⁵⁴ Wettergren skriv i kopiboka at Foldøen og Daasvand stifta nattverdsforeining på Finnøy føre nyttår 1909

³⁵⁵ SAS Finnøy Prestarkiv Kopibok 1884- 1919

³⁵⁶ Tungland 1978:154

³⁵⁷ Tungland 1987:34 ”Møte mellom gamalt og nytt på bedehusa kring 1900” i: *Bedehuskulturen Bedehus og bygdeliv i Ryfylke*.

³⁵⁸ Tungland 1978:173

Vekkingsrørsla nytta ikkje alterring med kneling i samband med nattverd. Dei sat rundt eit bord, og brødet og vinen skulle nattverdsgjestene sjølv sende rundt, den eine til den andre.³⁵⁹ I ”Litlastova” på bedehuset stod det eit langbord, dette tente som nattverdsbord og deltarane sat rundt bordet. Først blei brødet sendt rundt. Leiaren seier til den første som tar i mot: ”Dette er Jesu lekam”. Vedkomande seier så det same når brødet blir sendt til neste. Deretter blir vinen sendt på same måte med desse orda: ”Dette er Jesu blod.”³⁶⁰

Det er ingenting i mitt materiale som markerar at Wettergren stod i spissen for å hindre fri nattverd. I Kallsboka uttrykkjer han vonbrot over to ulike ”partier i menigheten” og at desse to åndsretningane nå tørna saman. Av notatane hans ser det ut til at Wettergren prøvde i det stille å roa ned frontane, men markerte tydeleg at han var skuffa over dei ”nyvakte”. Han rådde mellom anna til at forstandar for frikyrkja i Drammen, D. Giset, kunne få bruke kyrkja, og grunngav det med at Giset var en dyktig talar og ”fører den ægte lutherske evangeliske lære.”³⁶¹ Utspelet kan ha vore eit tiltak for å vise at han var ingen bremsekloss mot fornying. Men Wettergren var tydeleg med å framheve den ekte luthersk evangelisk lære som den sanne rette kristendommen, og kravde at gjeldane lovar og kyrkjeordningar måtte bli respekterte.

Heimedåp blei det tredje steget

Omvendinga var den nye fødselen, forkynnte Sven Foldøen Dersom gjenfødinga skjedde i omvendinga kva var då dåpen? Dersom det var inga gjenføding i dåpen, kvifor då døype? Tungland skriv at Foldøen var ikkje luthersk i synet sitt på dåpen, men seier samtidig at han ikkje hadde lært dette av reformerte kristne eller metodistar. Det hadde han fått ved å studera Bibelen, og som ein reaksjon på gal dåpsforkynning.³⁶²

Magne Nesvig intervjuer sonen til Sven Foldøen, Fridtjof Foldøy, som fortalte at faren var overtydd om at størsteparten av kristenfolket i Ryfylke støtta han i synet på dåpen.³⁶³ Etter Tungland si forklaring betyr det at Foldøen, etter å ha granska Bibelen, kom fram til eit anna syn på dåpen enn Luther. I Joh. 3,5 lyder det slik: ”Den som ikke blir født av vann og Ånd, kan ikke komme inn i Guds rike.” Korleis grunngav så Foldøen at dåpen er utan gjenføding, men samstundes var han tilhengar av dåp? Olaf Golf har undersøkt i NLM-arkivet og funne dette svaret:

³⁵⁹ D.N.L.K. gjennom 50 år 1941: 271

³⁶⁰ Referert etter nattverdforskrifter til Misjonssambandet (NLM)

³⁶¹ SAS Kopibok Finnøy Prestearkiv 1884-1919 nr.13 1909

³⁶² Tungland 1978:173

³⁶³ Magne Nesvig 1976:81 Hovudoppgåve

Kva eg legg i dåpen er ikkje lett å seia. ”men du døyper då?” Ja, eg døyper for Jesus har befalt oss å døypa. Men kva han gjer eller gir i dåpen, det torer eg ikkje prøva å uttrykkja. Når prestane forkynner frelse i dåpen, kan det bli som ei sovepute for folk som ikkje lever som truande ein gong. Det er dette eg er så redd for. Men meir veit eg ikkje fullt og fast. Ein ting er eg heilt sikker på, og det er at Gud gir noko veldig viktig, sidan han, som sagt, påla oss å døypa.³⁶⁴

Foldøen meinte altså han hadde storparten av kristenfolket i Ryfylke i ryggen om dette synet. Det at Sven Foldøen ikkje trudde på gjenføding i dåpen, betydde ikkje det at han hadde sympati for baptistar. Alfred Hauge fortalte at Foldøen ein gong hadde sagt til faster hans, som var baptist: ”Eg tykkjer det luktar rote av deg frå topp til tå.”³⁶⁵ Foldøen heldt fram barnedåpen, men la velsigning og ikkje gjenføding i handlinga. Etter kvart fekk han nokre av vennene sine med seg til å praktisere ”privat dåp”.

Hovudmotivet hans var nok å markere ei endå tydelegare avstand til kyrkja. Samstundes var dåp i regi av emissären eit høve til å styrkja samhaldet i venneflokkene og ei synleggjering av denne. I kretsstyret var meiningsane delte om heimedåp, og fleirtalet meinte at kretsstyret ikkje skulle gje noko uttale om denne saka.³⁶⁶ Etter å lese i kyrkjebøker for Ryfylke, særleg i Finnøy, er det ikkje noko som tyder på at oppslutninga om heimedåp blei noko suksess.

Elling Kjølvik (frå Jelsa) var den første på Talgje som tok den nye døypepraksisen i bruk. 13.oktober 1909 blei sonen Anders døypt av far sin. Straks etter at Sven Foldøen kom heim frå Amerika (1903) blei Elling omvend, ca. 20 år gamal, og var resten av livet ein stor beundrar av Foldøen. Han hadde alt tenkt å omvenda seg på eit møte hos Holger Kjølvik i 1901, men det blei det ikkje noko av. Saman med fleire andre drog han frå møtet og på dansefest, der styrkja dei seg heller av eit anker med brennevin.³⁶⁷ Straks etter omvendinga tok han sjølv til som forkynnar. Sommaren 1907 tala han på Nedstrand, og Straume skriv slik om eit av møta:

(...) og det gjekk trått (...) Han måtte bak ein stein og be om nåde og hjelp før han gjekk inn til møtet. No måtte han ha ein tekst. Men det var lenge før han fann den. Så måtte han ha ord og tankar, men dei var enno verre å finne. Men han måtte til sist på stolen og tale.³⁶⁸

Elling og Ingeborg fekk og ei dotter. Dorothea Sofia kom til verden torsdag 12.mars i 1911 og vart døypt heime 4. mai av Sven Foldøen med faren som fadder. Foldøen hadde det travelt

³⁶⁴ Golf 2002:128

³⁶⁵ Nesvig 1976:82

³⁶⁶ Golf 2002:128

³⁶⁷ Straume 1956:217

³⁶⁸ Straume 1956:280-281.

denne vårdagen, for og på nabogarden var det dåp. Olaus Østebø og Serina hadde fått det femte barnet, Olav, også han skulle døypast heime. Utanom desse to familiene var det ikkje tilslutnad til heimedåp på Talgje. Heller ikkje i resten av kommunen lukkast utspelet særleg. Årsaka kan ein undrast på, men kanskje er svaret at sjølv vennene hans fann glede og noko trygt i festhandlinga som den tradisjonelle kyrkjelege dåpen representerte?

Foldøen kjenner presset

Kunne Foldøen vere umerka av all støyen rundt og mot seg? Sjølv om han hadde mange støttespelarar og treivst med å vere i sentrum auka presset. Me veit at i ungdomstida var han ein leiar i kameratflokkene, tilsynelatande humoristisk og tankelaus. Men det går og fram at han var ein grublar som sleit med angst, og i barndommen gjøymde han seg når framandfolk kom til gards. Til denne spalta personlegdommen kan det leggjast til at han var intelligent, men stridig og sta. Ryfylkingane godtok langt på veg det kraftige språket hans, jærbuen derimot reagerte på ein annan måte og særleg på ”emisærspire” som prøvde å etterlikne han. Eit bønnemøte på Klepp enda nær med rettssak då emissären oppfordra bedehusfolket til å be om å bli kvitt læraren i skolekretsen. Læraren var sjølv til stades på møtet og fekk høyre han var ein uguadelig heidning.³⁶⁹

Overraskinga var stor for mange då Foldøen i juni 1911 reiste til Amerika medan kona hans på nytt var gravid (Gunnar kom til verda 21. oktober). Tradisjonen vil ha det til at Foldøen vurderte å emigrere til Amerika, men kona nekta å bli med.³⁷⁰ Det enda med at han drog åleine 20. juni 1911 og ingen visste kor lenge han blei borte. Til styremøte for Stavanger krets 23. april låg det føre eit skriv frå Foldøen der han nemnte at han gjekk med tankar om å ta ein Amerika-tur. Kretsstyret rekna med at Sven var tilbake til jul, men han blei verande i Amerika til oktober 1912.

Avgjerda om reisa kom fort, årsaka var nok at han ikkje tolte det psykiske presset lenger og valte å reise bort. Seinare hende det fleire gonger at nervane kom i ulage og han måtte ta pausar. Det finst få opplysingar frå tida i Amerika, men han hadde god kontakt med bibelskolen i Fergus Falls i Minnesota.³⁷¹ Kviletida i Amerika gjorde nok godt, for etter heimkomsten var han stadig på farten, seint og tidleg.

³⁶⁹ Stavanger Aftenblad 25.11. 1909

³⁷⁰ Golf 2002:146

³⁷¹ Golf 2002:147

Mange pusta sikkert letta ut då Foldøyen var ute av landet. Men lekmannsarbeidet var nå så godt etablert at verksemda kring på bedehusa heldt fram i faste og godt organiserte former. Emissærane var mange, dei var ofte deltidsforkynnurar som reiste delar av vinteren, men hadde vanleg arbeid resten av året. Reiserutene var i grove trekk lagt opp på førehand av kretsleiinga. ”Ikkje berre at han kom av folket, han hadde gjerne eit yrke som bonde eller fiskar i sommarhalvåret, han tala til vanleg bygdemålet – om enn ispedd Kanaans språk”, skriv Alfred Hauge.³⁷²

Sven Foldøen kjem tilbake

”Då Foldøen kom att frå Amerika ut på hausten 1912 var mangt annleis, skriv Tungland.³⁷³ Det var ikkje den same åndelege situasjonen lenger og kretsleiinga kunne rapportere om lite vekking. Golf skriv at ”i den tida han var i USA og dei nærmaste åra etter han kom heim, opphøyte vekkingane i Ryfylke.”³⁷⁴ I 1914 kom ein nedslåande opplysing frå kretsleiinga om at det var ingen større vekking ”hverken med vore eller andres arbeidere”.³⁷⁵ Interne teologiske brytingar oppstod også mellom emissærane til Kinamisjonen i kretsen. På eit arbeidarmøte for emissærar i 1915 kom det til samanstøyt om ”hvorvidt noen kunde være et Guds barn uden å ha opplevet forvisning derom i sit hjerte.” ”Samtalen” blei etter kvart så kvass at det planlagde nattverdmøtet måtte gå ut!³⁷⁶

I 1912 kom det ny lov som oppheva tvungen konfirmasjon, og i 1913 kom endelig lova om fri nattverd som gjorde slutt på kyrkja sitt monopol på forvaltinga av nattverden. Endringane førte til at presten miste noko av grunnlaget sitt som maktperson, men han vann det ofte att som akta medarbeidar i kyrkjelyden.

I 1946 gjorde Emil Birkeli seg nokre refleksjonar om åra etter 1914:

Den største forandring er dog intrådt i forholdet til kirke og embedet. Her er selve den gamle stivbente statskirken blitt forynget og demokratisert i same tidsrom. (...) De gamle stridsspørsmål er gjemt og glemt. Man tviler ikke lenger på en lekmanns kall til å tale Guds ord. Og det er heller ikke lenger noen som mener at en teologisk embetseksamens er en åndelig kvalifikasjon. Kirkene står åpne for møter og misjonsgudstjenester. Det ofres i alle landets kirker til misjonen. Og prestene er blitt trofaste medarbeidere i hver sine kirker.³⁷⁷

³⁷² Hauge 1986:126 ”Emissæren” i: Olav Aagedal (red.): *Bedehuset*

³⁷³ Tungland 1978:179

³⁷⁴ Golf 2002:148

³⁷⁵ Tungland 1978:179

³⁷⁶ Jøssang 2001:148

³⁷⁷ Birkeli 1946:30

Sjølv om opplysingane høyrer til NMS si historie er likevel parallellane til Kinamisjonen der. Prestestanden var gjennom lovverket langt på veg demokratisert og nye lovar var undervegs.³⁷⁸ Individualiseringa av religionen skjedde i ei tid då kvar einskild fekk større høve til å bli sin eigen lukkesmed, men alle dei nye sosiale endringane skapte og frykt og uro. Dei kristne verdiane vart nå meir marknadsførte inn i eit pluralistisk samfunn der individet heller skulle overtydast og lokkast i staden for å skräemast. Prestane blei ”folkelege” og fann fram til samarbeid med NMS og andre misjonsorganisasjonar. Kinamisjonen derimot såg framleis med stor skepsis på kyrkja og fortsette i same sporet som før.

Overgang frå gammalt til nytt

Landet hadde hatt si beste materielle veksetid nokosinne då krigen braut ut i 1914.³⁷⁹ I Ryfylke kom dampskipa og la til den eine nybygde kaien etter den andre. Nye bygdevegar førde opp frå kaiane og fram til gardsbruka, folk og varer kunne fraktast lettare enn nokon gong før. Korleis let alle desse investeringane seg finansiere? Litt av forklaringa er industrien som vaks fram, med fossekrafta som ei eventyrleg energikjelde. Dessutan førte eit mekanisert og effektivt jordbruk til at næringa kunne avsjå tusenar på tusenar av sysselsette utan minke i produksjonen. Den økonomiske veksten vekte folk på sin måte, til von om sosiale framskritt, med større kontroll over eige liv og draumar om eit betre tilvære. Presten sin kollektive oppdragingskristendom av ”sognebörna” som måtte tuktast til lydnad var definitivt forbi. Endringane kom ikkje på grunn av at Foldøen var borte, men Foldøen var borte nett då utsлага synte seg mest.

Jordbruket i Rogaland hadde ein eventyrleg framgang i åra kring 1910. Per Vabø skriv om ei omfattande nydyrkning. Bare i Ryfylke blei 10 000 mål jord lagt under plogen mellom 1900 og 1910.³⁸⁰ Etter all denne jorda blei tatt i bruk auka sjølvsgåt avlingsmengda. I tillegg begynte bøndene å bruke kunstgjødsel og setje motorar i fiskebåtane sine. Den store produksjonsauken resulterte i større inntekt og førte til høgare levestandard, som igjen oftast fører til endra levevanar. Folk stilla nye og høgare krav enn før, og normene for kva som tidlegare var normalt måtte justerast og tilpassast samtida. Fortida sitt erfarte verdsbilete møtte nye utfordringar som forma nye oppfatningar og perspektiv på framtida, og gav ny kunnskap til å forstå samtidia.

³⁷⁸ Fram til 1912 var det tvungen konfirmasjon. Frå då av blei handlinga frivillig

³⁷⁹ Furre 2000:19

³⁸⁰ Per Vabø 1989:233 ”Jordbruket” i: *Rogaland*

Noreg heldt seg nøytral i 1.verdskrig og mange tente også store pengar på spekulasjon med aksjar og ”jobbetid”. Enkelte lurte på om folk var blitt så mette og rike at vekkingselden fekk seg ein knekk.³⁸¹ Forkynninga fortsette som før med fokuset retta på primitiv skräming og utbrodering av helvetets redsel og gru, men utan å få den same verknaden lenger. Meldingar om krigens uhygge på slagmarka på kontinentet nådde det norske folk. Mange norske skip blei torpederte og sjøfolk omkom. Kanskje helvetes gru kom etter kvart så nært gjennom krigen at den tradisjonelle vekkingsretorikken miste effekt som klangbotn for den glade bodskapen?

Jøssang syner med hjelp av diagram korleis vekkingsintensiteten nådde eit lågmål i 1913.³⁸² Frå 1914 stabiliserte den seg i dei andre organisasjonane, men hos Kinamisjonen heldt nedgangen fram til eit absolutt lågmål i 1916. Om årsakene til dette er likevel meiningsane delte. Opprivande kyrkjestrid og politiske motsetningar er alt nemnde. Tungland skriv om den økonomiske veksten, og at somme meinte betre økonomi førte til minkande åndskraft, ”men det er Gud som gjev vekst, og han er suveren”, held Tungland fram.³⁸³

Ein slik analyse må likevel kjennast kontroversiell sidan det ofte elles, frå religiøst hald, blir hevda at auka materialisme fører til tyngre åndelege tider med færre vekkingar. Årsaka til ”Oftedalvekkinga” meiner Furre skuldast at økonomiske og religiøse prosessar greip inn i kvarandre og dreiv kvarandre fram.³⁸⁴ Bjørn Slettan finn trekk i åndslivet som går igjen frå vekkingsundersøkingar på Agder. Han peikar på opprør mot ”død tru”, protest mot dei rike sin vellivnad og idealisering av guds frykt med nøysemd. Uansett om tida var urolig bar ryfylkingen si mening om samtida framleis preg av vekkingsrørsla si ånd og livsstil.

Ny prest og nytt møte med heimemiljøet

Finnøy fekk ny prest rett etter Foldøen reiste til Amerika i 1911. Lauritz Bang- Hansen var født i 1879 og på same alder som Foldøen. ”Med stor frygt kom jeg til Finnøy, idet de vanskelige menighetsforholde her forsent kom mig for øre. Tilslut fik jeg tro, at det var Guds vilje, at jeg skulde hit. Og den tro har jeg fåt beholde til det sidste”, skriv han i Kallsboka.³⁸⁵ Så nemner han at første tida var folk ”uendelig snilde mot os (...) et lykkelig prestear med håb om å få tjene Herren.” Tidene blei verre, dei blei bitre. Ja, utrulig bitre og særlig på Talgje

³⁸¹ Jøssang 2001:150

³⁸² Jøssang 2001:117

³⁸³ Tungland 1978: 179

³⁸⁴ Slettan 1992:85

³⁸⁵ SAS Kallsbok Finnøy prestegjeld 1798-1984 side 51

blei vanskane store med nedgang i kyrkjegang og altergang. Eit lyspunkt var Fogn, der fekk han gleda av å vigsle det vakre kapellet og sjå at huset blei fylt av det ”kjære Fogn – folk som altid har ståt mig så nær.”

Var det sidan Foldøen reiste til Amerika at presten hadde eit ”lykkelig” år og folk var snille med han? Etter at Foldøen kom heim hausten 1912 reiste han eit par månader kring i kommunen og heldt 60 møte.³⁸⁶ Bang-Hansen høyrd aldri Foldøen tale. Straume skriv han høyrd så mange hermingar etter Sven at det var meir enn nok.³⁸⁷ Hermene han høyrd må ha gjort eit negativt inntrykk, nokon anna grunn finn eg ikkje for å forklare eit lite lesarinnlegg han hadde i Stavanger Aftenblad med overskrifta ”Hvor lenge skal det vare?”

Mon ikke tiden nu snart burde være inde, at man tok under overveielse, om Svend Foldøens virksomhet som Kinaforbundets emisær, burde avsluttes? Eller skal det enda mere til før maalet er fuldt?³⁸⁸

Kvífor sette presten denne ”annonsen” i avis? Kva ville han oppnå? Svaret er kanskje at begeret flaut over då han fekk høyre at Foldøen, på eit møte på Reilstad, hadde kritisert innhaldet i ei preik han heldt.³⁸⁹

Bang-Hansen samla og opp andre klagemål mot Foldøen, og sende dei til kretsstyret for Kinamisjonen.³⁹⁰ Mellom desse klagene var at Foldøen hadde sagt Wettergren preika folk til helvete. ”Men dette var gamle ting som for lengst var oppgjort”, skriv Tungland. Kopiboka syner at Bang-Hansen heldt god kontakt med Wettergren, og det er underleg kvífor han tok med dette klagemålet dersom dei skildest som venner og saka var oppgjort. Tvert imot aukar det mistanken min om at møtet med Wettergren i prestegarden var eit reint skodespel frå Foldøen si side.

Etter innlegget i Aftenbladet kom det svar. Olav Reilstad frå Finnøy greip til pennan og skreiv eit langt lesarbrev på mest ei heil avisside.³⁹¹ Innlegget var ei klar melding om at presten trong ikkje ”kome her og kome her.” Reilstad undrast først om det var av kjærleik til Kinamisjonen presten skreiv, men kom snart til at motiva skuldast at Bang-Hansen, som prestar flest, trudde at han visste best, ”men det er forbi med den tid at presten alltid hadde rett”. Presten trong aldri innbille seg at det er i Hauge si tid me lever. Vranglære i statskyrkja

³⁸⁶ Rørtveit 2006:57

³⁸⁷ Straume 1956:477

³⁸⁸ Stavanger Aftenblad 26.april 1913

³⁸⁹ Tungland 1978:197

³⁹⁰ Straume 1956:478

³⁹¹ Stavanger Aftenblad 9.mai 1913

er ei kjent sak, og presteutdanninga ved det nyopprettet Menighetsfakultetet tala sitt tydelige språk kor galt det nå er blitt.

Irritasjon over Bang-Hansen som ikkje tolte at Foldøen kritiserte presten, medan presten sjølv kunne kritisere Foldøen er kjerneinnhaldet i lesarbrevet. Innlegget forsterkar hypotesen om at sosiale spenningar gav vekkinga den krafta ho fekk. Den politiske demokratiseringsprosessen i samtid var ei kjærkommen støtte for mindre prestedominans. Men ”opprøret” måtte leiast inn i ein bibelsk og kristen kontekst for å få nødvendig legitimitet og resonans hos lekfolket. Lesarinnlegget har fleire eksemplar som rettferdiggjer at å halda presten i sjakk er i tråd med sann kristen ånd:

Den som har læst lidt i historien ved, at det fra apostlenes tid og ned gjennom til nu har vært slig, at der har vært forskjellige samfund og partier og sekter. Inden disse har det altid vært dem, som har villet värne om sine tilhengere og advaret dem mod å følge andres fortolkninger af bibelen.
Jeg behøver ikke at nævne nogen eksempler. Og slig er det den dag i dag.

Preika som presten heldt på Fogn hadde handla om moral. Johannes Hesby hadde fortald til Reilstad at det var ”dybe og alvorlige sandheder som ble forkynnt”, så preika var i seg sjølv likevel ikkje så gal, etter brevskrivaren si meining. Feilen var å gå til avis, for dette var ikkje etter Bibelen, av han som er sjelesørgjaren vår. Her var utvist så lite av kjærleik at det er upassande for ein heiderleg mann. Og då var det på sin plass å minna om Matt.18,15-18, kor essensen er at den som ikkje vil høre på menigheten skal reknast som ein heidning.

Lesarinnlegget er ei primærkjelde frå samtidå då støyen var på det sterkeste. Tungland sine gjenfortalte overleveringar var over 60 år gamle og tilpassa den ”rette” oppfatning. Der heiter det at presten klaga over at Foldøen hadde gitt ”en i alle dele usandferdig karakteristikk af en af mine prekener.” Men, skriv Tungland: ”fleire menn vitna at Foldøen hadde sitert presten rett.” På Reilstad bedehus kalla Foldøen likevel attende skuldingane mot Bang-Hansen og 20. november skreiv han brev til presten og beklaga skuldingane mot han.³⁹² Orsakinga hadde ingen verknad, Bang-Hansen returnerte brevet med påskrifta:

Deres syn på min forkynelse og virksomhed i fortid og nutid er mig ligegyldig. Det de skal gjøre Svend Foldøen, er å be Gud hjelpe Dem til å bli et annet menneske. – Før det skjer, vil jeg intet ha med Dem å bestille, hverken muntlig eller skriftlig.³⁹³

Det hadde vore ganske rart om Foldøen trekte attende skuldingane mot presten dersom det var noko substans i dei, skuldingane minner mest om fjøra som blei til 5 høns. Kanskje var det

³⁹² Straume 1956:479

³⁹³ Tungland 1978:198

meir overraskande at presten var så knallhard. Kan samtalane med Wettergren ha overtyda Bang-Hansen om at mot Foldøen måtte det ikkje vikast ein tomme?

Talgjebuen skal hjelpe til med å audmjuke presten

Reilstad skreiv og at det var blitt mindre kyrkjegang på Finnøy i det siste, ”tynnere i kirkebenkene.” For Talgje sin del syner nattverdprotokollen at folk der hadde næraast slutta å gå til alters. Dette passar og inn i Bang-Hansen sitt sukk i Kallsboka om vanskane han fekk på Talgje og med folket der. I motsetning til Wettergren var Bang-Hansen ein ung mann, og han hadde sikkert ein sterk vilje. Olaus Østebø var leiar for Kinamisjonen på Talgje og reiste dessutan som emissær. Olaus var nær venn med Foldøen og saman la dei ein plan.

Eit stemne i kyrkja på Talgje med Foldøen som talar måtte vere noko. Frampå vårparten 1914 sende Olaus Østebø søknad om å låne kyrkja til eit misjonsstemne i slutten av juli eller begynninga av august 1914 med Foldøen som talar.³⁹⁴ Det blir ikkje opplyst kvifor stemnet måtte haldast i kyrkja. Kanskje den offisielle grunnen var at dei venta så mykje folk at bedehuset ville bli for lite? Ei annan forklaring kan vere at dei ynskte å laga eit problem for sokneprest Bang-Hansen. Vidare blir det opplyst at dei to i kyrkjetilsynet på Talgje som begge var tilhengrar av Kinamisjonen godtok søknaden, mot presten si røyst.

Det var ikkje på grunn av mistillit til Kinamisjonen at Bang-Hansen røysta nei, men til Sven Foldøen. Presten skreiv så brev til kyrkjedepartementet for å undersøkje om han kunne gå mot kyrkjetilsynet på lovleg grunnlag. Men før han sendte brevet fekk han prestegjeldet sine fem medhjelparar til å skrive under ein erklæring som støtta han, og noko av grunnlaget for nektinga var dette:

På grund af Foldøens manglende ansvar som er forbundet med at forkynne Guds ord, saaledes at han gang etter gang kan la sig forlede til fra talerstolen og ellers at la falde uttalelser saa hjerteløse overfor næsten, saa usømmelige og ukristelige, at det er næsten utrolig at de kan forekomme i en forkynners mund.³⁹⁵

Den eine av presten sine medhjelparar var talgjebuen Fredrik Finkelsen. Dagen etter han hadde skrive under og støtta presten sitt brev endra han meining. I brev til sokneprest Bang-Hansen forklarte han årsaka til meiningsendringa si. Etter ein spasertur i hagen hadde han ”fått klart for seg” Mark.9,39 ff, der Jesus fortel læresveinane at den som gjer ei mektig gjerning i mitt namn kan ikkje så snart tala vondt om meg. Og den som lokkar ein av dei små

³⁹⁴ SAS Finnøy Prestarkiv Journal 1872-1922 side 79

³⁹⁵ SAS Finnøy Prestarkiv Kopibok nr.4 1914

som trur på meg til fall, for han var det betre om han var kasta i havet med ein kvernstein om halsen. Desse orda hadde overtydd Finkelsen om at Foldøen måtte få tale i kyrkja.³⁹⁶

Finkelsen peika og på det urimelege i at så mange som han meinte var ”fornektande prestar”, fekk tale, men ein som ”tala vel om Jesus”, skulle nektast. Han var og blitt overtydd om at det var Guds Ånd som hadde gjort dette klart for han. Finkelsen var nabo til Olaus Østebø, som budde litt lenger oppe i bakken. Nå er det vel ikkje usannsynlig at Olaus hadde vore nede hos naboen sin og hjelpt han å finne rett klarleik og rett ånd over dei nemnde bibelorda.

Svaret frå departementet kom 21. juli og dei hadde ingen ”adgang til at omgjøre eller overhodet befatte seg med kirketilsynets beslutning”.³⁹⁷ Departementet gjorde det klart at kyrkjetilsynet var ansvarleg for avgjerda si, men dei måtte sørge for at alt kom til å gå føre seg sømeleg og ordna. Likevel blei det ikkje noko av misjonsstemnet i kyrkja. Var det heile bare eit påfunn for å terge presten? Eller var det frykt for at Foldøen ikkje ville greie å halde seg i skinnet? Misjonsstemnet blei likevel halde, men på Talgje bedehus. Rekneskapet viser at det kom inn kr.40 i kollekt så noko storstemne kan det ikkje ha vore. Kollekten var mindre enn halvparten av beløpet som kom inn på ein basar seinare på hausten.³⁹⁸

Nye tonar i forkynninga

Åndeleg vekking er avhengig av å gi svar på spørsmål som veks fram og opptek folk i samtidia. Medan Kinamisjonen fekk ein knekk i første del av krigen kom dei andre organisasjonane fort til hektene att. Jøssang er inne på tanken om at andre organisasjoner kan ha skumma fløyten av Kinamisjonen sitt arbeid,³⁹⁹ men dette finst det ingen dokumentasjon for. Skjedde det likevel ei endring i måten å tenkje på – og forkynne på? For samstundes som åra fram til 1920 er omtala som vanskelege er det og ting som tyder på at Kinamisjonen gjekk i seg sjølv og endra forkynnungsstrategien sin.

Etter kvart blei den grufulle utbroderinga om helvete mindre og andre metodar blei nytta.⁴⁰⁰ Det kom fleire reaksjonar på forkynninga om løysingsordet som eit absolutt vilkår for å kalla seg kristen. Dette reagerte Foldøen negativt på, men sjølv om løysingsordet og frelsesoppleving framleis blei sterkt halde fram vart det radikale lekfolkets ”mindre dømmande

³⁹⁶ SAS Finnøy Prestarkiv Kopibok 30.juni 1914

³⁹⁷ SAS Finnøy Prestarkiv Kopibok 21. juli 1914

³⁹⁸ Talgje bedehus: Protokoll

³⁹⁹ Jøssang 2001:118

⁴⁰⁰ Dette er inntrykket eg sit igjen med etter å ha lest talane til Foldøen i boka *Du er fri*

om andre sitt løynde hjartetilhøve til Herren (...). Truleg kan ein seie det slik at rørsla dømde på *fruktene* og vara seg for å uttale seg om hjartelivet.”⁴⁰¹

Konturane av ein ny strategi kan ein ane i 1918 då Foldøen saman med Sven Kindingstad reiste til Kvitsøy. Det hadde gått mange rykte om Foldøen før han kom og folk var førebusdde på mest alt. Men på basaren tala han om Guds kjærleik så varmt og så mjukt som ingen før hadde tala. ”Veit du unge, sterke, gamle mann at du er elsk av Guds evige kjærleik?”⁴⁰² Slike tonar i forkynninga fekk nå ein langt meir framtredande plass og talet på vekkingar gjekk opp. For året 1919 har Jøssang registrert ein markert oppgang i vekkingsintensiteten .⁴⁰³

I 1978 samla og bearbeida Josef Tungland fleire av Sven Foldøen sine utkast til talar i ei lita bok med tittelen *Du er fri*. Ingen av desse talarutkasta er eldre enn frå 1928, samstundes er det vanskeleg å vite nøyaktig i kor stor grad Tungland har sett sitt preg på eit ufullstendig manus. Men uansett er det ei endring av talane, til større refleksjon og med eit breiare innhald enn det han brukte i yngre år. I 1928 tala Foldøen over teksten ”De Største farer for oss nåtidskristne”, og eit av kjenneteikna er:

Jeg vil nevne noen kjennetegn på dem som er store i egne øyne. Det første er at de finner så mange feil hos de andre. Alt andre gjør er galt. Slike folk blir alltid vanskelige å samarbeide med. De bærer på vonde tanker om andre. Er her noen synd som er en vemmelse for Gud , så er det nettopp denne. Hva har vi som vi ikke har fått? Alt er nåde. Bare nåde.⁴⁰⁴

Individualiseringa av det åndelige livet hadde parallellear til andre sider i livet. Lysten til å lukkast var ikkje avgrensa til prinsipp som galt æva, men også til æra. Logisk sett skulle ei subjektivering og individualisering frigjere trua i retning av meir varierte livsstilar, men nei, slik blei det ikkje. ”Kom-som-du-er-omvendinga” skapte føringar for ytre stadfestingar, og det usynlige skiljet trong synlige haldepunkt. I staden for ”å bli fri” tyder mykje på at vekkingsrørsla førte med seg ei ny form for einsretting og kontroll.⁴⁰⁵

Korleis kan frelsa synleggjerast? Frelsa blir synlig ved å avstå frå syndige handlingar ein tidlegare gjorde – å seie nei! Vennesamfunnet fungerte og som eit kontrollorgan som avgjorde og utøvde den sosiale diskursen om kva som var synd eller ikkje. Når ”dei gamle” sa nei og jamra seg over synda var det ” trældom under loven”, men ingen kunne bli frelst av sitt eige

⁴⁰¹ Tungland 1978:172

⁴⁰² Straume 1956:315

⁴⁰³ Jøssang 2001:117

⁴⁰⁴ Foldøen 1978:95

⁴⁰⁵ Aagedal 2003:55

strev når frelsa likevel var av bare nåde. Trass for denne erkjenninga etablertest både synlige og usynlige levereglar som skulle vise om dei omvende eigentlig var sanne kristne.

Synlege synder var arbeid på søndagen, dans, kortspel og ikkje minst drikking av alkohol, samt mykje anna. Korleis kunne så alt dette etterlevast utan å kalla det for strev? Tilbodet om ”å koma slik du er” eller ”å bli fri” var ei frigjering frå ytre autoritetar, til at autoriteten ”flytter inn” i samvitet.⁴⁰⁶ Dermed var ikkje det å seie nei strev, men eit synleg teikn på at ei ny ånd hadde kome inn i hjarta. Det er denne tanken Tungland prøver å uttrykke med formuleringa at ”rørsla dømde på fruktene”⁴⁰⁷ Fristilling frå ytre autoritetar skulle ikkje føre i retning av meir varierte religiøse livsstilar. Nei, dei gamle verdiane skulle vidareførast – transformerte slik at dei kunne brukast i ei ny tid med nye sosiale utfordringar.⁴⁰⁸

”Kom som du er omvendinga” fekk ganske snart eit tillegg. Det var ikkje ”å bli fri”, men ”bli som oss” (for då blir du fri). Vekkingsrørsla sette eit skarpt skilje med å dra opp tydelige grenser både på det moralske og religiøse området. Dikotomien var enkel og klar: innanfor eller utanfor, ingen mellomveg fanst. Definisjonsretten til å avgjere kor den enkelte høyrdheime gav Bibelen svar på. Den skulle ikkje tolkast, men etterlevast akkurat slik det stod skrive og det gjorde sjeldan presten.⁴⁰⁹ Sjølv om presten var fråtatt mykje av makta si førte han framleis folk vill, for han hadde ikkje den rette ånda til å forstå Guds ord, i fylge vekkingsrørsla.

I 1920 kom lova om sokneråda og dermed blei kyrkja endå meir open og demokratisert. Statskyrkja aksepterte at lekfolk fekk meir makt, men dette blei ikkje teke godt imot av vekkingsrørsla. For nå blei det ingen skilnad på truande eller vantru lenger, fromme eller gudlause, og ”det er vanskeleg å gå inn i eit kvernhus utan å bli mjølut”, skriv Straume.⁴¹⁰ Det gjekk ikkje an å delta i kyrkjestyringa slik som dei var – først måtte dei bli omvende, truande og slik som oss – det har alltid vore forskjell på dei og oss.

Oppsummering

Tida endra seg. Kyrkja sine maktmiddel til å utøve den gamle oppdragingskristendommen vart endå meir svekka etter at nattverden blei fri og konfirmasjonen gjort til ei frivillig

⁴⁰⁶ Aagedal 2003:55

⁴⁰⁷ ”dømde på fruktene” refererer til Mt12.33, der Jesus seier: Treet kjennes på fruktene. Det var ikkje av eige strev at vintreet bar fram druer, men Guds gjerning.

⁴⁰⁸ Furre 1990:189

⁴⁰⁹ Tungland 1978:153-154

⁴¹⁰ Straume 1956:507

ordning. Med å oppdra og disciplinere folket gjennom felles moralnormer hadde kyrkja vore limet som heldt samfunnet saman og sikra samfunnsseliten kontrollen, ikkje bare over folk sitt skinn, men også over deira sinn. Tida då målet var at alle skulle tenkje og oppføre seg mest mogeleg i pakt med den styrande eliten sine normer var definitivt forbi.

Den individualistiske forkynninga med eit kraftig anten-eller til einskildmennesket verka motsatt av den tidlegare kollektive einsrettinga. Individualiseringa av religionen skjedde i ei tid då også andre deler av tilværet vart meir individualisert. ”Von om sosial oppstigning og otte for å søkkja ned gjorde det truverdig at dei same prinsippa som galt ære også galtdt æva, og at ævevalet låg hjå kvar einskild.”⁴¹¹ Altså, det erfarte individuelle åndelege valet må ha same truverde som valet innanfor det sosiale eller økonomiske området. Den økonomiske utviklinga i jordbruksløfta mange opp til ei ny og større sosial identitetskjensle. Økonomisk framgang saman med ei rad teknologiske framskritt endra kvardagen, og meir enn nokon gong var det individuelle val som avgjorde resultatet.

Presten gjennomgjekk ei sosial nedstigning og kom nærare bonden sitt nivå. Det betyddet samstundes at han fekk mindre autoritet. Maktmidla han rådde over for å kunne straffe folk blei reduserte. Likevel opprettheldt vekkingsrørsla sitt ”maktmiddel” som besto av den grove språkbruken mot kyrkja og alt ho stod for. Både presteskapet og mange med, reagerte og fann denne språkbruken uverdig og hjartelaus av slike som forkynte nestekjærleik og tilgjeving.

Kanskje var det vanskeleg å endre på gamal retorikk sjølv om det gamle fiendebiletet var falma? Fakta var at vekkinga stansa opp, men folk ville framleis høyre dei gamle kristne verdiane som gav tryggleik og sjølefred. Krigen som rasa la Europa i ruiner, redsle og uhygge som blei formidla gjennom aviser og andre media gjorde det kanskje naturleg med ein ny gjennomgang av den tradisjonelle forkynnungsretorikken.

Kunne ikkje den kristne bodskap heller forkynnast i ein kontekst av kjærleik og tryggleik i Herren, i staden for frykt og helvetes gru? Nettopp då krigen rasa og frykta kunne lamme, var tida inne til å halde fram eit anna gudsbilete som kunne få folk til å finne fotfeste og von i ei verd som ikkje trond meir fokus på vondskap. Det er i denne perioden at Foldøen overraska med å tale ”mjukt og varmt” om Guds kjærleik. På same måten legg dei seinare talane hans, større vekt på kva kristendommen kan tilføre av gode verdiar og håp, og mindre på truslar om evig straff, død og pine.

⁴¹¹ Furre 1990:188

Kapittel 7: Konklusjon

Oppgåva si problemstilling var å vise årsaker til at den organiserte lekmannskristendommen vaks fram i Ryfylke på begynninga av 1900-talet. Eg har sett nærmare på korleis det gamle einsretta samfunnet blei meir demokratisert og individualisert. Korleis kyrkja med si tradisjonelle vektlegging på Guds nåde ved sakramenta blei utfordra av forkynning om personlig omvending frå ei lek vekkingsrørsle. Om korleis det religiøse livet endra seg og ikkje minst kva som måtte til for å kunne kalle seg frelst og leve som frelst.

Eg har undersøkt vekkingsfenomenet frå ulike innfallsvinklar og perspektiv, med fokus på regionen Ryfylke og frå eit mikronivå med å bruke øya Talgje i Finnøy som eit lokalt eksempel. Talgje var den gongen, saman med søre Fogn og Hanasand i Rennesøy, ei av to sokner i Finnøy prestegjeld. Eksemplet sin komparative relevans er at den religiøse kulturen var lik og primærnæringa den heilt dominante næringa i heile Ryfylke. Funna frå Talgje er såleis interessante for å samanlikne og forklare hendingar andre stader. Undersøkinga mi stadfester det som tidlegare ålment er hevda at vekkinga likevel utvikla seg ulikt i dei ulike delane av regionen.

Minne og litteratur fortel at det var særleg ungdommen som greip dei nye tankane. Skepsisen rådde mellom dei eldre og motstanden var stor hos presteskapet, dette samsvarar med mine funn. Innanfor området Talgje sokn var det markert størst begeistring og tilslutning frå den yngre aldersgruppa. Sjølv innanfor dette geografisk avgrensa området med stor grad av egalitet reagerte folk frå Talgje ulikt med folk frå Fogn.

Vekkinga sitt særmerke for Talgje

Noko av det første eg ønskte å finne svar på var kvifor vekkinga kom til Talgje. Kva nytt den representerte og årsaker til at den ikkje møtte noko motstand, men sette djupe og varige spor. Som elles i Ryfylke var folk på Talgje prega av den ålmenne oppdragingskristendommen, limet som skulle halde samfunnet saman. Kyrkje og prest hadde ingen opposisjon på øya, moralen var god og livet fylgte ”Tidens Strøm i Troen paa Gud og et Liv hinsides Graven”, skreiv R. K. Gaard i 1869.

Ungdommen braut denne trenden. Særmerkt for Talgje var den store interessa for vekkinga heilt frå første dag. Sidan bodskapen Foldøen kom med, gjekk så rett til ”hjarta”, må ein

undrast på kva som fengde. Talgjebuen kjente til vekkingskristendommen frå avisene, og mange hadde vore på Finnøy og høyrt Foldøen tala. Folk visste kva vekkingskristendommen stod for og var interesserte etter å høyra meir. Minnetradisjon om at det rådde ei åndeleg likesæle rådde før vekkinga, trur eg skuldast at eit tidligare meir stille kristenliv blei avløyst av vekkingsforkynninga, med sitt fokus på sterke emosjonelle kjensler, og ein svært personlig stil.

Folk på Talgje levde etter presten sine åndelig råd, og på det jordiske plan hadde lensmannen vore den dominerande autoriteten. Alliansen mellom desse tyder på å verka konserverande og undertrykte religiøs nytenking i å slå rot. Eg fann ikkje utslag av aktiv opposisjon mot dette rådande hegemoniet på øya. Den personlige trua og vaknande ansvarskjensle for eigne val trengde likevel på som konsekvens av auka demokratisering og endringane i samfunnet elles. I dette einsretta samfunnet pressa det seg fram ein lenge undertrykt lengt etter forandring. Og uttrykket ”Å bli fri” fekk ein breiare definisjon.

Då Foldøen kom med sine amerikanske forkynningsmetodar, framført med stort talent, møtte han ingen motstand. ”Kom som du er”, sa han. ”Kom i dag, for i morgen ligg du kanskje i helvete, og då er det for seint å komme.” Kritikken hans mot dei gamle si tru om ”Salighedens Orden” hadde ingen talgjebu kunnskap nok til å argumentere mot. Det som galt var å bli kvitt djevelen si makt og herredømme. Dette kunne einast ei radikal omvending makte gjennom løysingsordet frå Gud, som gav syndaren frelsesvisse i hjarta. Eit tidlegare stille og anonymt øyfolk blei på denne måten dradd med i eit aktivt religiøst organisasjonsliv.

Konfliktane på Finnøy

På Finnøy var det rolig mellom kyrkja og misjonsorganisasjonane før vekkinga i 1905. Men det var her vekkinga verkeleg tok fatt. Funna mine syner at reaksjonen frå presten ikkje var negativ i første del av vekkingsfasen. Rett nok reagerte han og lika ikkje dei nye metodane med bønne og ettermøte til langt på kveldane med sterkt psykisk press på omvending.

Funna mine syner at striden blei svært hard etter nyttårsmøtet i Hesby kyrkje i 1909. På Finnøy hadde presten tradisjonelt hatt ein sterk posisjon både åndeleg og sosialt. Uroa i 1909 avspeglar at to parti kjempa om hegemoni og definisjonsretten til å avgjere kva det vil seie å vere frelst, og kven som har rett til å kalle seg frelst. Likevel er nok ikkje dette heile sanninga. Den veksande misnøya med presten sin einerett til å dele ut nattverden blei etter kvart eit stort stridsspørsmål, men denne striden trur eg hadde like mykje røtene sine i sosiale endringskrav.

Foldøen kasta seg inn i kampen med heile sitt ustyrlege temperament og psyke. Vennene hans gleda seg. Kinamisjonen sine forfattarar med Tungland og Straume i spissen fortel: ”Det var eit heilagt kall som dreiv Sven”, og når han gjekk over grensa ”tok Herren han til sides og tala med han”. Motstandarane hadde eit ganske anna syn. Kyrkja var i ferd med å bli eit varietéteater , der ”kaad ungdom morer sig og driver gjøn”. Wettergren knakk saman, men greidde likevel å skrive i kallsboka, og ynskje kyrkjelyden og etterfylgjaren sin Herrens velsignelse: ”Så Guds Rige maa grundfestes og faa sin kraft fra den korsfestede og opstandne Frelser Jesus Christus.” Likevel, sjølv om striden var hard på Finnøy hadde presten aktive støttespelarar, som tok han i forsvar.

Det var annleis på Fogn

På Fogn budde aktive og sterke kristne leiarar. Leiarskap i kristenflokken må ha medført ein høg sosial posisjon i bygdesamfunnet. Eg har registrert at stortalarar vitja Fogn. Sterke band til haugianarmiljøet gav dei ein mental styrke til å halde fast på det gamle. På Fogn budde korkje lensmannen eller presten. Kanskje var dette årsaka til at flinke og kunnskapsrike bønder stod fram og tok leiarskap?

Framstillinga av vekkinga frå lekmannskristendommen sitt perspektiv, var at ei gammal og ny kristentru tørna saman, og vekkingsrørsla sigra med si evangeliske lære. Denne framstillinga underkommuniserar det sosiale aspektet. Funna mine framhevar verdien av at det einskilde mennesket får motivasjon og kjensle av å vere verdsett. I motsetnad til Talgje og delvis på Finnøy, passa det ikkje for Fogn å sjå på vekkinga som ei sosial frigjering. På mange vis kan ein seie at her kom vekkinga på tvers av eit allereie etablert hierarki av lekmannskristendom.

Leiarane på Fogn kunne sin Bibel og møtte Foldøen og hans lokale venner med argument frå Bibelen. Mange blei slett ikkje oppgjødde av vekkingsrørsla sine harde utfall mot prest og kyrkje. Kinamisjonsflokken fekk likevel fotfeste, og etter ei tid blei kristenfolket delt i to flokkar. Presten Bang-Hansen som kom etter Wettergren skriv han var skuffa over talgjebuen. Men om fognbuen skriv han: ”Jeg har hat den glede (...) at se huset (kapellet) fyldt av det kjære Fogn-folk, som altid har stått mig så nær.”

Vekkinga sitt sær preg generelt

Vekkinga braut over heile Ryfylke, om ikkje like sterkt alle stader. Finnøy kommune var eit av kjerneområda for vekkinga, saman med Strand kanskje sjølve ”episenteret.” Den ulike haldninga til fenomenet som rådde innan ulike bygder i Finnøy fann eg att over heile området.

Der gamle haugianartradisjonar stod sterkt, hadde rørsla større vanskar med å få feste. Bodskapen missa noko av krafta der ”Guds klare ord” kunne møtast med andre ord frå Skrifta.

Kyrkja og presten si makt utgjorde den største faren for eit levande kristenliv, etter rørsla sin definisjon. Haldningar og tillit til andre misjonsorganisasjonar blei i stor grad vurdert etter samarbeidsgraden og dialogen med kyrkja. Folk som respekterte prestebetet og kyrkja sin gamle lutherske ortodoksi blei rekna som vanekristne av den nye lekemannskristendommen. Uttrykket vanekristen var negativt meint om ein som kalla seg kristen, men ”mangla liv i Gud.” Det var og konkurranse mellom dei ulike organisasjonane. Den dreia seg om offerpengar og foreningsstifting, som igjen skulle sikre og betre organisasjonane si økonomiske plattform.

Opposisjonen mot ”falske” autoritetar er eit kjerneord for å forstå vekkingsrørsla sin ideologi. ”Prestane meinte seg å stå over folket, men den som er stor i Guds rike skal vere ein tenar for alle”, var eit av argumenta på generalmøtet til D.N.L.K. i Bergen i 1899. Vekkingsrørsla hadde ein klar agenda om å redusere presten sin posisjon, for deretter sjølv ta over det religiøse hegemoniet. Det var bare Guds folk som var rett kalla, og som kunne å styre diskursen om kva som var synd og kva som kunne tillatast.

Uttrykket ”å bli fri” gjekk stadig igjen. Desse orda er og tittelen på boka med Foldøen sine talar. Fridom var, etter vekkingsrørsla sin definisjonen, å høyre til i venneflokkene deira. Det var ikkje ei endring til normløyse som fann stad. Men hegemoniet av det religiøse og sosiale liv blei flytt frå kyrkja og presten sin kontroll til ei vekkingsrørsle med base på bedehuset. Noko større mangfold i truslivet blei det ikkje. Dei gamle autoritetane kunne nytte fysiske straffemidlar for å tvinge fram viljen sin, men nå var samvitet gjort til ein indre dommar. ”Dei nye autoritetane styrte den einskilde ved å flytte inn i vedkomande sitt medvit og kjensleliv”, skriv Aagedal.⁴¹²

Generasjonsmotsetningar er ikkje uvanlege konfliktlinjer. I heile Ryfylke var det hovudsaklig ungdommen som kom med og dreiv arbeidet fram. Ei mogleg forklaring er at opposisjon mot prest og andre autoritetar bidrog til å styrka ungdommen si identitetskjensle. Dei gamle slo seg meir til rette med at sosial ulikskap var ein del av livslagnaden.

⁴¹² Aagedal 2003:55

Ingen blir frelst av eigne gjerningar og strev. Å seie nei, og godta alt dei nye autoritetane kalla synd var ikkje strev. Nei, det var eit synlig teikn på at ei frigjerande ånd hadde tatt plass i hjarta. ”Kom som du er omvendinga” trong ytre stadfestingar og synlige haldepunkt for å markere det usynlige skiljet mellom å vere innanfor eller utanfor. Dei nye autoritetane etablerte nye levereglar. Tvil om, eller brot på desse førte at den omvende kjende seg dømd i sitt eige samvit, og ein ny einsretta konform livsstil blei resultatet.

Siste del av perioden eg undersøkte skjedde store endringar. Levevilkåra betra seg samstundes som dei siste restane av det gamle embetsmannsveldet forsvann. Presten hadde ikkje lenger einerett til å forvalte nattverden og konfirmasjon var blitt ei frivillig sak. Eit demokratisk og sosialt mål var nådd då presten blei redusert frå ”han far sjølv” til medarbeidar i Guds rike. Kyrkja var likevel ikkje til å stole på, så Kinamisjonen såg det framleis tryggast å halde presten på god avstand.

Litteratur

Birkeli, Emil 1946: *Liv i vekst: Jubileumsbok for Stavanger krets av Det Norske Misjonsselskap 1846 - 1946*. Stavanger: Det Norske Misjonsselskaps Forlag

Finnøy Heradstype 1937: *Finnøy herad i hundre år*. Stavanger: Aktietrykkeriet

Fiskå, Arnfinn 1986: "Frå bedehuset til Blinderen" i: Olaf Aagedal (red.): *Bedehuset* Oslo: Det Norske Samlaget, 226-234

Foldøen, Sven 1978: *Sven Foldøen. Du er fri. Utvalgte prekener*. Samlet og bearbeidet av Josef Tungland. Oslo: Lunde Forlag

Fossåskaret, Erik 1987: "Emissæren og Bygda" i: Njål Tjeltveit (red.) *Bedehuskulturen, Bedehus og bygdeliv i Ryfylke*. Stavanger: Dreyer bok, 69-92

Fossåskaret, Erik 2003: "Sigerens tap. Lokalreligionshistorie skriven som krigssoge" i: Lund-Olsen, Tone, Pål Repstad (red.) *Forankring eller frikoping? Kulturperspektiver på religiøst liv i dag*. Kristiansand: Høyskoleforlaget, 161-176

Furre, Berge 1990: *Soga om Lars Oftedal*. Oslo: Det Norske Samlaget

Gard, John 1971: "Frå Talgje. Eit 65 års minne" (upublisert)

Gard, Nils 1988: *Talgje bedehus 80 år*. (Talgje bedehus)

Gaard, Rasmus K. 1869: *Om Gaard i Sør-Talgje*. Kjeldeskrift presentert og tilrettelagt av Lisabet Risa, 1978.

Golf, Olav 2002: *Sven Foldøen. Opprører og forkynner – beundret og foraktet. Foldøtida i Ryfylke*. Oslo: Lunde Forlag

Handeland, Oscar 1941: *Det norske lutherske Kinamisjons forbund gjennom 50 år*. Oslo: Forbundets Forlag

Handeland, Oscar 1966: *Vårløysing*. Bind 1. Bergen: A.S Lunde & Co.s Forlag

Handeland, Oscar 1966: *Vårløysing*. Bind 3. Bergen: A.S Lunde & Co.s Forlag

Hovda, Johan 1987: Bedehusminne i: Njål Tjeldtveit (red.). *Bedehuskulturen Bedehus og bygdeliv i Ryfylke* Stavanger: Dreyer Bok 113-118

Jorheim, Helge m.fl. 2011: *Humaniora*. En innføring. Oslo: Universitetsforlaget

Jøssang, Lars Gaute 2001: *Aks i vind. Misjonssambandet i by og bygd i Rogaland 1900-2000*. Flekkefjord: Hegland Trykkeri

Kjeldstadli, Knut 2010: *Fortida er ikke kva den en gang var. En innføring i historiefaget.* Oslo: Universitetsforlaget

Kjeldstadli, Knut 2003:Hvor dynamiske er de kulturelle dynamikkene? i: *Forankring eller frikopling.* Tone Lund-Olsen og Pål Repstad (red.) Kristiansand: Høyskoleforlaget, 85-96

Langhelle, Svein Ivar 1997: *Tysvær. Slik levde dei.* Bind 9. Frå 1820 til 1920. Tysvær kommune

Langhelle, Svein Ivar 2006: "Frå religiøst fellesskap til personlege val" i: Knut Helle (red.): *Vestlandets Historie.* Kultur bind 3 Bergen: Vigemostad/Bjørke,106 -149

Nerbøvik, Jostein 1999: *Norsk historie 1860-1914.* Oslo: Det Norske Samlaget

Nesvik, Magne 1976: *Veneflokken – misjonsforeining eller kyrkjelyd.* Hovudoppgåve i kristendomskunnskap. Universitetet i Bergen

Nome, John 1943: *Det norske misjonsselskaps historie i norsk kirkeliv: fra syttiårene til nåtiden.* Stavanger: Dreiers Grafiske Anstalt

Ousland, Godvin 1978: *Vekkelsesretninger i norsk kirkeliv.* Oslo: Luther Forlag

Ropeid, Anders 1986: "Bygda eig bedehuset" i: Njål Tjeltveit (red.): *Bedehuskulturen.* Stavanger: Dreier Bok, 47-60

Rugland, Bjørg 1990: *Bertha og Christopher Gard deres forfedre og etterkommere.*

Rørtveit, Erik 2006: *I spenningsfeltet mellom statskyrje og lekmannsrørsle på Finnøy fra 1905 til 1914.* Masteroppgåve ,Misjonshøgskolen Stavanger

Seland, Bjørg 2008: Kva er vekking? i: *Vekkelsesvind Den norske vekkingskristendommen.* Bjørg Seland og Olaf Aagedal (red.). Oslo: Det Norske Samlaget 11-16

Stensvold, Anne 2005: Kulturkamp – religiøs kultur og motkultur i: *Norges religionshistorie* (Arne Bugge Amundsen red.). Oslo: Universitetsforlaget

Straume, Jakob 1956: *Kristenliv i Rogaland.* Bergen A.S. Lunde & Co.s Forlag

Slettan, Bjørn 1992: "O, at jeg kunde min Jesum prise" Folkelig religiøsitet og vekkelseliv på Agder på 1800-tallet. Universitetsforlaget

Torp, Arne, Lars S. Vikør 2003: *Hovuddrag i norsk språkhistorie*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag

Try, Hans 1986: Lekmannsrørsle og ”associationsaand” ca. 1820-1880. i: *Bedehuset* Olaf Aagedal (red.) Det Norske Samlaget 15-40

Tungland, Josef 1978: Sven Foldøen. ”Ryfylkebispen.” Oslo: Lunde Forlag

Tungland, Josef 1987: Møte mellom gammalt og nytt på bedehusa kring 1900. i: Tjeltveit, Njål (red.) *Bedehuskulturen. Bedehus og bygdeliv i Ryfylke*. Stavanger: Dreyer bok 23-35

Vabø, Per 1979: *Jordbruket* i: Rogaland Alf Aadnøy (red.) Gyldendal Norsk Forlag

Wisløff, Carl Fredrik 1979: *Norsk Kirkedebatt gjennom 100 år*. Drammen: Lunde Forlag

Wisløff, Carl Fredrik 1967: *Norsk Kirkehistorie*, bind 2 Oslo: Lutherstiftelsen

Aagedal, Olav 2003: *Bedehusfolket. Ein studie av bedehuskultur i tre bygder på 1980- og 1990-talet*. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag

Årbok for Stavanger Bispedømme 1969 og 1970

Årbok Stavanger Turistforening 2005 og 2006

Protokollar og arkiv

Statsarkivet i Stavanger (SAS) Ryfylke prosti og Finnøy prestearkiv

Kommunikantprotokoll Talgø Kirke

Protokoll for Talgje bedehus

Protokoll for Talgje Kinamissionsforening 1906 - 1947

Internettadresser

<http://www.e-pages.dk/aftenbladet/29522/?query=bang%20hansen>

http://www.arkivverket.no/URN:kb_read

<http://www.ssb.no/a/histstat/hist06.html>